

Marie Relling

Frå hyggjetreff til gudsteneste for born?

*Om musikken sin funksjon i
babysongtiltak i Den norske kyrkja*

*og om høgare musikkutdanning sin
innverknad på denne funksjonen*

Hausten 2013

Norges Musikkhøgskole

Abstract

This survey examines music making for infants with parents (Norwegian: *babysong*) in the Norwegian church, in the context of music education.

The purpose of this survey has been to assess the competence of teachers of *babysong* in religious education in the Norwegian church. We investigate whether there is a correlation between knowledge background and prioritization of content and values; and we consider the function which music has or may have in the Norwegian church in the teaching of *babysong*.

The theoretical framework is based on music theology and sociology of religion. From the music-theological perspective, the emphasis is on the nature of music, aesthetics of music, liturgical aesthetic tradition, listening, the total liturgical experience; and the relationship between the Word, verbal texts and music. The religious-sociological focus is on the aestheticisation of religious life, and the consequences of this; particularly for Christian children's song repertoire, which at present is influenced by trends in entertainment and bodily expression.

The thesis is based on a questionnaire posed to all leaders of *babysong* in the Norwegian church. The data consists largely of quantitative material, which, due to question types and formulations, requires hermeneutic interpretation.

The results show that *babysong* leaders have considerable pedagogical training and a certain amount of musical and/or theological training. Activities intended for enjoyment – both musical and social – dominate *babysong*. Music is highly emphasized by all; somewhat more so by respondents with 5-6 years of musical training, but the differences between this group and the rest are smaller than expected. The function of music is to create joy and to disseminate the Christian faith.

The author will give a qualitative discussion of the theory and empirical evidence in favor of increased competence in the area of music; specifically, greater awareness of the inherent potential of music to convey existential meaning. Advanced musical training does not necessarily give such awareness. Put starkly, the consequence will be that one moves from a meeting where music is primarily seen as a means of enjoyment to a celebration of *babysong* meetings as church services for children, where enjoyment, religious education and profound aesthetic experiences may coexist freely.

1. Innleiing	3
1.1. <i>Min eigen bakgrunn og motivasjon</i>	3
1.1. <i>Formål og problemstillingar</i>	4
1.2. <i>Sentrale omgrep</i>	4
1.2.1. Den norske kyrkja	4
1.2.2. Trusopplæring	5
1.2.3. Babysong	5
1.3. <i>Tidlegare forskning og andre tekstar om emnet</i>	6
1.3.1. Årsvoll (2002)	7
1.3.2. Westgård (2010).....	8
1.3.3. Song og musikk i <i>Plan for trusopplæring</i>	9
1.3.4. Babysong i Den norske kyrkja.....	10
1.4. <i>Strukturering av oppgåva</i>	13
2. Teori	14
2.1. <i>Musikkteologiske perspektiv</i>	14
2.1.1. Kyrkjemusikalsk verke og kyrkjemusikalske verdjar.....	15
2.1.2. Lytteerfaring som grensesprengjande musikalsk erfaring	17
2.1.3. Kyrkjemusikk i musikkeestetisk ljøs	21
2.1.4. "Den underbara harmonin"	22
2.1.5. Forholdet mellom Ordet, orda og tonane.....	23
2.2. <i>Religionssosiologiske perspektiv</i>	24
2.2.1. Estetisering av det religiøse liv.....	24
2.2.2. Religiøs barnesongkultur i dag.....	26
3. Metode	28
3.1. <i>Vitskapsteoretiske betraktningar</i>	28
3.2. <i>Val av undersøkingsopplegg</i>	30
3.3. <i>Innsamling av kontaktinformasjon</i>	30
3.4. <i>Spørjeundersøkinga</i>	31
3.4.1. Spørjeskjemaet	32
3.4.2. Lanseringa	40
3.4.3. Respons.....	41
3.4.4. Informasjon om respondentane.....	41
3.4.5. Analysen	45
3.4.6. Surveyundersøkinga sin reliabilitet og validitet.....	47
3.4.7. Generaliserbarheit	52

4. Resultat	53
4.1. <i>Generelt om populasjonen</i>	53
4.2. <i>Utdanningsbakgrunn (PS1)</i>	53
4.3. <i>Rammer for tiltaka</i>	59
4.4. <i>Musikken sin funksjon i babysongtiltak i Den norske kyrkja (PS2)</i>	63
4.4.1. <i>Overordna fokus</i>	63
4.4.2. <i>Kristne fokusområde</i>	65
4.4.3. <i>Kristne innhald</i>	67
4.4.4. <i>Rammer</i>	69
4.4.5. <i>Sosiale fokusområde</i>	70
4.4.6. <i>Musikalske fokusområde</i>	72
4.4.7. <i>Moglegheiter</i>	74
4.4.8. <i>Leiarrolla</i>	78
4.5. <i>Likskapar og ulikskapar mellom grupper med ulik musikkutdanning (PS3)</i>	79
4.5.1. <i>Utdanning/praktisk erfaring</i>	80
4.5.2. <i>Faste innhald</i>	80
4.5.3. <i>Vektlegging av song og musikk</i>	82
5. Diskusjon	87
5.1. <i>Generelt om populasjonen</i>	87
5.2. <i>Utdanningsbakgrunn (PS1)</i>	89
5.3. <i>Musikken sin funksjon i babysongtiltak i Den norske kyrkja (PS2)</i>	91
5.4. <i>Likskapar og ulikskapar mellom grupper med ulik musikkutdanning (PS3)</i>	102
5.4.1. <i>Gruppe A – trivsel fyrst?</i>	102
5.4.2. <i>Gruppe B – forkynning gjennom lytteaktivitet?</i>	103
5.4.3. <i>Gruppe C – estetikken i høgsetet?</i>	104
5.4.4. <i>Sluttord</i>	105
5.5. <i>Vidare forskning</i>	105
Referansar	I
Figurliste	V
Tabelliste	VII
Vedlegg 1	VIII
Vedlegg 2	IX
Vedlegg 3	X

1. Innleiing

1.1. Min eigen bakgrunn og motivasjon

Hausten 2011 tok eg til på mastergradsstudiet i musikkpedagogikk ved Norges Musikkhøgskole. Eg bestemte meg tidleg for å konsentrere meg om babysong i trusopplæringa i Den norske kyrkja, der eg fram til 2012 hadde ei stilling som musikkarbeidar i ei trusopplærarstilling. I trusopplæringa hadde eg ansvar for ulike musikalske aktivitetar, mellom anna babysong. Tema for oppgåva vart som ein følgje av dette *babysong i trusopplæringa i Den norske kyrkja*.

Temaet er valt med utgangspunkt i at eg som trusopplæringsmedarbeidar såg musikkpedagogiske utfordringar og moglegheiter – ikkje berre på babysongfeltet, men i alle trusopplæringstiltak der musikk er ein viktig bestanddel. Utfordringane såg eg ofte der ulike musikkfaglege posisjonar møttest: Personar med særskilte ulik utdanningsbakgrunn og/eller ulike musikkssyn – for ikkje å snakke om sterke preferansar for særskilte ulike musikkssjangra – kan møte utfordringar i samarbeid om felles musikalske aktivitetar.

Moglegheitene såg eg som musikkpedagog i at born og unge har musikalske arenaer som ikkje er underlagt pensumføreskrivande læreplanar på området musikk. Dermed kan borna ideelt sett få utfalde seg gjennom musikk i samspel med andre, t.d. gjennom kor- eller bandaktivitetar. Slik kan dei erfare ulike aspekt ved livet, truslivet og musikklivet. Dei kan òg bli oppmoda til å reflektere kring "store spørsmål" med utgangspunkt i musikk: Kva gjev livet meining? Korleis erfare seg sjølv? Korleis erfare Gud? Kva forhold kan det vera mellom det guddommelege og det musikalske? osv.

Eg avgrensar meg til babysongfeltet av fleire grunnar. For det fyrste er dette eit område eg brenn særleg for og eit område eg har mykje praktisk erfaring med over ein femårsperiode. For det andre er det eit tiltak som innanfor Den norske kyrkja blir sett på som eit særleg vellukka trusopplæringstiltak. For det tredje kan borna i tiltaka berre i varierende grad forstå verbalspråk, og dei færreste kan snakke. Dette ser eg som ein potensielt forsterkande faktor for musikkens rolle.

Avgrensinga reduserer samstundes moglegheitene til å drøfte trusopplæringa som musikkpedagogisk praksis heilskapleg. Det er heilt sikkert mykje spennande musikkpedagogisk stoff å forske på på alle alderstrinn i trusopplæringa. Dette må likevel vente i denne omgangen av omsyn til masteroppgåva sine rammer.

1.1. Formål og problemstillingar

Formålet med denne oppgåva er på den eine sida å kartleggje kompetansen til leiarar av babysong i trusopplæringa i Den norske kyrkja. Vidare er formålet å undersøkje om der er samanheng mellom kompetansebakgrunn og vektlegging av innhald og verdiar, samt kva funksjon musikken har eller kan ha i babysongtiltak i Den norske kyrkja.

Med musikken sin funksjon er her meint om musikken er eit mål i seg sjølv eller eit middel til noko anna. Med innhald er meint aktivitetsformer, stoffutval o.l. Med verdiar er meint t.d. pedagogisk grunnsyn, menneskesyn, kunst-/musikksyn osb.

Eg ynskjer å oppnå desse måla ved å analysere data frå ei spørjeundersøking som vart utført mellom babysongleiarar mellom 21.2. og 1.5.2013. Eg kjem til å fokusere på følgjande problemstillingar:

- PS1: Kva bakgrunn (musikalsk eller annan) har dei som driv med babysong i trusopplæringa i Den norske kyrkja?
- PS2: Kva funksjon har musikken i babysongtiltak i trusopplæringa i Den norske kyrkja?
- PS3: Korleis blir musikalske/ikkje-musikalske mål og innhald vektlagde mellom dei med høgast formell musikkutdanning samanlikna med dei som ikkje har noko formell musikkutdanning?

1.2. Sentrale omgrep

Eg vil innleiingsvis gjera greie for tre omgrep som er viktige for forståinga av temaet for den føreliggjande oppgåva; "Den norske kyrkja", "trusopplæring" og "babysong".

1.2.1. Den norske kyrkja

Den norske kyrkja (Dnk) er eit evangelisk luthersk kyrkjesamfunn som har vore statskyrkje i Noreg frå reformasjonen i Danmark-Noreg i 1537 til avviklinga av Staten sitt særskilde kyrkjestyre i 2012 (Den norske kirke). Dnk har som visjon å "være en bekjennende, misjonerende, tjenende og åpen folkekirke" (ibid.). Ca. 78% av alle nordmenn er medlemmar i Dnk.

1.2.2. Trusopplæring

Stortinget vedtok i 2003 ei trusopplæringsreform som gjorde at ansvaret for kristendomsopplæring vart teke ut av den offentlege skulen og lagt til dei ulike kyrkjesamfunna, derimellom Den norske kyrkja. Kyrkjesamfunna – i fyrste omgang representerte ved nokre få utvalde prosjektkyrkjelydar – fekk statlege midlar til å setja i gang forsøk og samle erfaringar om trusopplæring (jfr. Repstad 2013, s. 13). *Plan for trusopplæring. Gud gir – vi deler* (Kyrkjerådet 2010) vart vedteken av Kyrkjemøtet i 2009. Planen har som formål å leggje grunnen for livslang læring med ei førestelling om at menneska er både pliktige til å – men òg privilegerte som får lov til å – dele Guds rike¹. Planen legg fram prinsipp som skal kjenneteikne innhaldet og oppbygginga av trusopplæringa, retningsliner kring konfirmasjonstida og sentrale dimensjonar i ei heilskapleg trusopplæring, samt verkty for lokalt planarbeid m.m.

1.2.3. Babysong

Babysong er kjenneteikna av allsidig musisk arbeid med små born (ca. 0-2 år) og foreldre/føresette i grupper av varierende storleik. Somtid vert også nemninga "foreldre-barn-grupper" nytta. Dersom gruppene vert skipa til i regi av Foreningen Musikk fra livets begynnelse (FMLB), vert dei gjerne kalla "Musikk fra livets begynnelse"-grupper (MFLB-grupper).

Utviklingspsykologisk forskning på dei aller yngste (t.d. Stern 2003) har vore ei sterk drivkraft for at babysong har fått inntog i musikkopplæringsinstitusjonar dei siste tiåra både i inn- og utland (Seeliger 2003). Gruppene har dermed fått vitskapleg legitimering som arena for både sosialisering, utvikling av sjølvvet, musikalsk preging, gode opplevingar og styrking av band mellom born og omsorgspersonar, mellom anna

¹ Guds rike kan forståast som ei bibelsk førestilling om Guds kongeherreredøme. Ein føresetnad for førestillinga er trua på Gud som skapar av universet (Store norske leksikon).

gjennom musikalsk og musisk samhandling og simulering eller gjenskaping av prenatal inntrykk (ibid.).

1.3. Tidlegare forskning og andre tekstar om emnet

Maria Rebhahn (tidl. Seeliger) er ein nestor i det tyskspråklege området når det gjeld arbeid med musikkgrupper for foreldre og små born. Boka *Das Musikschiff* (Seeliger 2003) inneheld spebarnspsykologiske grunngevingar for musikalsk arbeid med foreldre-barn-grupper. Oppfølgjaren *Das Musikschiff 2* (Rebhahn red. 2005) er ei omfattande materialsamling med utfyllande forklaringar til målretta arbeid med både dei aller minste og med eldre aldersgrupper.

Foreningen Musikk fra livets begynnelse gjev her i Noreg ut fagbladet "Ride ranke" fire gongar i året. Dei bidreg òg til utvikling og kompetanseheving gjennom kurs for musikkpedagogar og andre som leier musikkaktivitetar for born i alderen 0-6 år.

Eg kjenner til fire norske masterarbeid/hovudfagsoppgåver som spesifikt tek for seg musikkgrupper for foreldre og små born. Didriksen (2000) ser på synet på barns musikalske utvikling i ulike lag av Foreningen Musikk fra livets begynnelse. Årsvoll (2002) tek for seg tilrettelagde musikkgrupper for foreldre og born i alderen 0-3 år og kartlegg utbreiinga og tydinga av slike i ei tid då dette ikkje var eit tilbod som var kjent for på langt nær alle. Garvik (2005) ser på leiaren sitt handlingsrom gjennom ein samanliknande diskursanalyse av rettleiingar skrivne av Stehouwer (1998) og Berre (2000). Westgård (2010) skriv om ein kasusstudie av tre leiarar av Musikk fra livets begynnelse-grupper.

Av desse er hovudfagsoppgåva til Årsvoll (2002) og mastergradsoppgåva til Westgård (2010) mest interessante som bakteppe for den føreliggjande avhandlinga. Dette av di Årsvoll i tillegg til musikk- og kulturskulefeltet også har kartlagt foreldre-barn-gruppetilbodet til Frelsesarmeen i sesongen 2000/2001. Westgård har på si side sett på føresetnader for leiarar, noko det i den føreliggjande oppgåva er naturleg å ta utgangspunkt i.

I tillegg til hovudoppgåver om babysong generelt, finst ei særskild artikkelsamling om babysong som trusopplæring i Dnk (Blindheim red. 2010). Denne er ikkje av vitskapleg

format, men gjev likevel eit bilete av korleis Dnk sentralt tenkjer om babysong i trusopplæringa.

I dei følgjande avsnitta vil eg sjå nærmare på hovudoppgåvene og på materialet elles som rettar merksemda særleg mot babysong i Dnk.

1.3.1. Årsvoll (2002)

Frelsesarmeen sine baby- og småbornssonggrupper tidleg på 2000-talet utmerkar seg som eit livssynsprega tilbod (Årsvoll 2002, s. 135). Dette er tilfellet for babysong i Dnk også. Eg vil difor presentere nokre funn frå Årsvoll si hovudoppgåve.

Årsvoll (2002) slår fast at 37% av Noregs frelsesarmeekorps hadde babysongtilbod tidleg på 2000-talet. Dermed var Frelsesarmeen den totalt neststørste arrangøren av foreldre-barn-grupper (etter musikk- og kulturskulane) i denne perioden, og den største sett i forhold til organisasjonsstorleiken. Det fanst foreldre-barn-grupper i regi av Frelsesarmeen i alle fylka bortsett frå Aust-Agder og Troms i 2000/2001, og kartleggjinga syner at foreldre-barn-grupper var godt etablerte allereie tidleg på 2000-talet både innanfor Frelsesarmeen og musikk- og kulturskulane.

32 leiarar av foreldre-barn-grupper i regi av Frelsesarmeen inngjekk i spørjeundersøkinga til Årsvoll (2002). Alle desse var kvinner, og dei hadde i gjennomsnitt 2,7 års høgare utdanning. Mange hadde inga utdanning i det heile, noko som kan forklarast med at "Frelsesarmeens tilbod med Baby- og småbarnssang hovudsakelig er basert på frivillig arbeidsinnsats, med unntak av enkelte kvinnelige pastorer som utfører denne type arbeid i kraft av sin stilling" (Årsvoll 2002, s. 89). Kun éin var musikkpedagog/musikar.

Aktørar i musikk- og kulturskule, private og andre oppgav derimot ei gjennomsnittleg utdanning på godt over fire år. Her var det flest musikkpedagogar, musikarar allmennlærarar og førskulelærarar, samt nokre musikkterapeutar.

Intervju med leiarar i Frelsesarmeen synte at leiarane ikkje hadde ambisjonar om å vera profesjonelle på området, men at "tilbudet går inn som en naturlig del av deres generelle arbeid med mennesker, som en del av Frelsesarmeens tradisjonelle satsing på sang og musikk" (Årsvoll 2002, s. 93). Observasjonar synte likevel samsvarande musiske formidlingsformer innanfor tiltaka uavhengig av leiarane sin utdanningsbakgrunn.

Årsvoll (2002) jobbar mellom anna ut ifrå følgjande hypotese:

”Det eksisterer merkbare skiller i tilbudets verdiforankring ut fra hvem som står som arrangør, særlig i forhold til målsetting og repertoar” (Årsvoll 2002, s. 9).

Denne hypotesen blir delvis stadfesta, men også delvis avkrefta:

”Frelsesarmeen driver denne type aktivitet med sterke røtter i en kristen tradisjon når det gjelder grunnleggende mål og verdier. Repertoaret skiller seg likevel ikke oppsiktsvekkende fra det jeg fant brukt i de øvrige 3 kategoriene. Bare et fåtall av sangene hadde et klart kristent innhold. Dette motstrider til dels min forestilling (i hypotese 2) om merkbare skiller også i repertoarbruken” (Årsvoll 2002, s. 135).

På trass av at innhaldet og repertoaret i liten grad er å ansjå som ”kristent”, er konklusjonen til Årsvoll at ”tilbudet i Frelsesarmeen ikke framstår som noe lavterskeltilbud for alle interesserte” (Årsvoll 2002, s. 135). Det at organisasjonen har ei kristen verdiforankring, ”utelukker folk som ikke føler identitet med et kristent verdisyn” (ibid.).

Ein informant frå Frelsesarmeen oppgjev at ”for henne dreide det seg om å finne fram til det musikalske overskuddet, formidlingen og det rytmiske, i ønsket om å skape et tilbud som var *'noe mer enn bare det å synge sammen'*” (Årsvoll 2002, s. 137, kursiv i original). Dette sitatet vil eg koma attende til i diskusjonen av funn og teori seinare i oppgåva.

1.3.2. Westgård (2010)

Westgård (2010) si avhandling er ein kvalitativ kasusstudie. Studien seier noko om kva tre musikkpedagogar som sjølv leier MFLB-grupper meiner er naudsynte føresetnader for leiarskap av MFLB-grupper. Éin av konklusjonane alle informantane er samde om, er at leiaren bør ha *både* musikalsk og pedagogisk kompetanse.

Formell kompetanse er ein fordel, meiner to av dei tre informantane, men personleg eignaheit er samstundes viktig (jfr. Westgård 2010, s. 99). Kunnskap om og innsikt i born sine føresetnader og utviklingsnivå er òg ein avgjerande faktor for god leiing av MFLB-grupper, likeeins det å kunne gjera seg nytte av kunnskapen ved å leggje til rette

for positiv stimulering av heilskapleg utvikling. Improvisasjon og fleksibilitet blir vektlagt, og føresetnader for dette er eit rikt repertoar, erfaring og tryggleik i oppgåva. Ein bør dessutan heile tida reflektere over eiga verksemd og rolle som leiar (ibid.).

Westgård sine informantar meiner det er viktig å vera merksam på både målgruppene (foreldra og borna) i ei MFLB-gruppe. Ein grunnleggjande føresetnad for leiarskap av MFLB-grupper er difor god kommunikasjon med både foreldre og born.

1.3.3. Song og musikk i *Plan for trusopplæring*

Den vedtekne trusopplæringsplanen har eit eige avsnitt med overskrifta "Musikk og kultur". Her står det mellom anna følgjande å lesa:

"Den kulturelle verksemda i kyrkjelyden er trusopplæring i brei forstand, med viktig innhald, arenaer og arbeidsmåtar i trusopplæringa. Kunst- og kulturuttrykk gir aktuelle og slitesterke bilete, ord og opplevingar knytte til trua og livet. Musikk og kulturverksemd gjer det mogleg for barn og unge å vere både mottakarar, deltakarar og medarbeidarar i det lærande fellesskapet i kyrkjelyden" (Kyrkjerådet 2010, s. 32).

Vidare vert det framheva at ein gjennom arbeid med salmar m.m., lærer, opplever og deler trua med andre. Dei kulturelle, musikalske og liturgiske tradisjonane rommar ein rik arv som stadig er i utvikling. Utvalet av salmar, songar m.m. må difor ifølgje planen spegle mangfaldet og sikre både tradisjonsformidling og fornying (jfr. ibid.).

Korarbeid blir trekt fram som ein sentral læringsarena, og det vert peika på at arbeid med musikk og kultur gjev rom for tverrfagleg samarbeid. Dessutan er korarbeid ifølgje trusopplæringsplanen

"ein sentral læringsarena der songarane får eigarforhold til det som blir sunge, samtidig som dei formidlar trua" (ibid.).

I den verdsvide kyrkja gjev kunst og kultur dessutan

"eit språk for å dele tru mellom ulike nasjonalitetar og kulturar. Det gir røter og tilhøyrse til uttrykksformer som knyter oss saman som kristne" (ibid.).

Musikk inngår ifølgje trusopplæringsplanen som ein sentral dimensjon i ei systematisk og heilskapleg trusopplæring (jfr. Kyrkjerådet 2010, s. 45). Musikalsk og annan kulturell aktivitet er nemnt som bidrag til gode rammer for heilskapleg læring. Song og musikk kan vera underforstått i omgrep som "gudsteneste", "leir", "ulike former for tru i praksis", "andaktsliv", "ungdomsarbeid", "interessegrupper" og ulike "samlingar", men song og musikk blir ikkje framheva eksplisitt. Kyrkjemusikalske aktivitetar vert nemnde som "ein god arena for å lære bibeltekstar, liturgi og salmar" (Kyrkjerådet 2010, s. 18).

Dei konkrete døma i plandokumentet på song og musikk sin plass i trusopplæringa er få utover korarbeid og babysong. Ordet "babysong" er dessutan berre nemnt tre gongar: i samband med framlegg til kjernetiltak eller konkret planutforming, anten som stikkord eller som del i opplisting. Framlegget til planutforming føreslår som mål for babysongtiltak å byggje nettverk og motivere til trusopplæring i heimen. Tema og innhald som er føreslått under punktet om livstolking og livsmeistring, er "Gi ord og tryggleik til å praktisere tru heime og i kyrkja" (Kyrkjerådet 2010, s. 50). Forslag til tema for området "Tru og tradisjon i kyrkja" er Fadervår, truedkjenninga og skaparverket (ibid.). For området "Kristen tru i praksis" har ein føreslått det doble kjærleiksbodet, bøn, syngje og leike saman (Kyrkjerådet 2010, s. 51). Moglege arbeidsmåtar kan vera song, leik, samtale, andakt og måltidsfellesskap (ibid.).

1.3.4. Babysong i Den norske kyrkja

Med innføringa av trusopplæringsreforma i 2003 vart det sett i gang forsøk med babysong i mange kyrkjelydar i Dnk. Frå byrjinga av 1990-talet hadde heimeverande foreldre med born gjerne treftest i kyrkja på dagtid, og no vart desse tiltaka utvida til å innehalde songstunder på 30-45 minutt. Arbeidsmåten spreidde seg raskt til mange kyrkjelydar over heile landet (Blindheim 2010a, s. 8).

Den norske kyrkja har henta mykje inspirasjon og fagleg påfyll både frå Frelsesarmeen og frå Foreningen Musikk fra livets begynnelse (FMLB) i etableringa av sin eigen babysongtradisjon. Dobbelt-CD-en *Bom Chicka Bom HØRE & Gjøre* vart utgjeven av Frelsesarmeen i 2002 og leverte materiale for utviklinga av babysongen i Dnk. FMLB har ifølgje Blindheim (2010a) inspirert til fremje av barnet sin ibuande musikalitet og dialog mellom born og foreldre. IKO-forlaget, som leverer mykje materiale til bruk i

trusopplæring både i heimen og i fleire kyrkjesamfunn, bidrog til utgjevinga av CD-en *Gynge lite grann* med Anine Kruse Skatrud og Bård Bratlie i 2009.

Det nemnde heftet om babysong som trusopplæring (Blindheim red. 2010) tek for seg formål med babysong som trusopplæring, babysong i praksis, babysong i kyrkjelyden, songtekstar, melodiar, metodiske idéar og andre ressursar. Eit studiehefte for involverte i kyrkjelyden sitt dåpsarbeid (Isaksen 2009) inneheld tankar om fødsel som ei krisehending, om val og usikkerheit, råd omkring det fyrste møtet mellom foreldre og kyrkjelyd m.m. Her står det ingenting om babysong.

Babysong blir spesielt nemnd og tilrådd som eit kjernetiltak i den vedtekne trusopplæringsplanen (Kyrkjerådet 2010). Babysong er eitt av trusopplæringsreforma sine mest vellukka trusopplæringstiltak (Blindheim 2010b), gjerne grunngeve med at tiltaket er "en av de kirkelige aktiviteter som samler flest barn (og foreldre) og som således fungerer godt opp mot målsetningen om å nå alle døpte" (Morvik 2010, s. 3). Om lag 19000 har teke del i babysongtiltaka i Dnk dei siste åra (Statistisk sentralbyrå).

Formål

Formåla med babysong i Den norske kyrkja er knytte til trusopplæring det fyrste leveåret, samarbeid mellom heimen og kyrkjelyden, samt songglede og musikalitet (jfr. Blindheim 2010a, s 10ff). Trusopplæringsaspektet er knytt til sosial utvikling. Tilknytning til nære omsorgspersonar blir kopla til det å bli sett og det å få stadfesting både av Gud og menneske. Guds kjærleik speglast i kjærleiken frå dei nære omsorgspersonane. Dette er ifølgje Blindheim ein føresetnad for å oppfylle eitt av måla i trusopplæringsplanen, nemleg det som handlar om å "lære å kjenne den treeinige Gud som dei blir døypte til" (Kyrkjerådet 2010, s. 5, jfr. Blindheim 2010, s. 12).

Form og innhald

Blindheim (red. 2010) presenterer i slutten av artikkelsamlinga ein studieplan godkjent av Norsk Kristelig Studieråd. Denne legg opp til at kvar samling følgjer ein mal med faste element og føreseieleg oppbygging med rom for noko variasjon. Det musikalske innhaldet baserer seg på barnesongar, barnerim, regler og dans frå norsk kulturarv, samt nyare produksjonar.

Artikkelsamlinga som heilskap gjev inntrykk av at songmaterialet er plukka ut med tanke på at songtekstane skal kunne seie noko til både vaksne og born (jfr. Isaksen 2010b, s. 18). Vidare at ein med songane skal gje vidare ein kristen kulturarv og teologi (jfr. *ibid.*, s. 19), og at songmaterialet skal styrkje samspelet mellom heim og kyrkjelyd (jfr. Holdø 2010b, s. 85). Isaksen (2010b) tek utgangspunkt i verbaltekstane når han gjennomgår CD-en *Gynge lite grann*. Del 4 i heftet (Blindheim red. 2010) gjev mange metodiske idéar med utgangspunkt i tekstane til songane som denne delen presenterer. Musikken "som musikk" har ei akkompagnerande og understøttande rolle til både verbaltekstar og omfelt, men musikk blir i liten grad gjenstand for metodisk refleksjon.

Bidragstytarar til heftet betonar likevel at babysong har eigenverdi (Isaksen 2010a, s. 44), at trua skal kunne opplevast ved hjelp av heile sanseapparatet (Holdø 2010a, s. 23), og at trusopplæringa "like gjerne kan begynne i *skjønnheten* som i ordene – for eksempel gjennom musikk, bilder, farger og former" (Holdø 2010b, s. 87). Dette vitnar om eit vidt opplæringsomgrep og opnar opp for å gje musikken og det estetiske eigenverdi også i eit trusopplærings- og babysongperspektiv.

Musikkfagleg basistenking

Framveksten av babysong i Den norske kyrkja har skapt debatt om det musikalske kompetansenivået til kyrkja sitt personale. Det er særleg i Foreningen Musikk fra livets begynnelse denne debatten har utvikla seg (jfr. Blindheim 2010a, s. 9). I det følgjande vil eg referere til nokre av Dnk sine eigne formuleringar om eigen musikalsk kompetanse.

Ifølgje Leganger-Krogstad (2007) har mange som driv baby- og småbornssong i Dnk opplæring frå FMLB eller Frelsesarmeen. Babysongen i Dnk "står [...] i en god musikkfaglig og metodisk tradisjon" (Leganger-Krogstad 2007, s. 131) som kyrkja "bør ta vare på samtidig som en må gjøre babysangen til egen eiendom" (*ibid.*).

Blindheim (2010a) peikar òg på at kyrkja "har lang tradisjon for å praktisere den kristne troen gjennom sanger, salmer og liturgi i gudstjenesten, og i utstrakt korvirksomhet" (Blindheim 2010a, s. 9). Ho meiner at kyrkja difor frimodig kan "invitere til samlinger med sang og musikk også for små barn" (*ibid.*).

Stuksrud (2010) meiner at ein ikkje naudsynleg treng å ha profesjonell musikkutdanning for å drive med babysong, men peikar på at det er til både hjelp og

glede i arbeidet (Stuksrud 2010, s. 29). Ho rår dessutan alle til å utvikle seg musikalsk uansett utgangspunkt (ibid.).

Det verkar å vera lite spesifikt musikkpedagogisk fokus i plandokumenta og litteraturen som tek for seg babysong i Dnk. Eg finn lite nyansert musikkpedagogisk grunnlagstenking, og det verkar for meg litt underleg all den tid det er tale om ein type aktivitetstilbod med "song" i nemninga. Dette motiverer meg til å undersøkje korleis babysongleiarar tenkjer om ulike aspekt ved eiga verksemd i trusopplæringa i Dnk.

1.4. Strukturering av oppgåva

I denne innleiinga har eg gjort greie for min eigen bakgrunn og motivasjon, formål med oppgåva, problemstillingar og sentrale omgrep, samt tidlegare forskning og andre tekstar om emnet babysong i Dnk. I det følgjande kapitlet vil eg presentere eit teoretisk rammeverk med basis i musikkteologiske og religionssosiologiske perspektiv. Deretter gjer eg i kapittel tre greie for metodiske refleksjonar, framgangsmåtar og generelle statistiske funn, før eg legg fram resultata som kan knytast til problemstillingane mine i kapittel fire.

Kapittel fem er vigd til analyse og drøfting av resultat opp mot teori. Eg opererer med to ulike drøftingsnivå; eit empirinært nivå og eit teorinært nivå. Avslutningsvis i dette kapitlet kjem eg med forslag til vidare forskning. Kapittel seks utgjer kjeldelista, og deretter følgjer ulike vedlegg til oppgåva.

2. Teori

Musikkpedagogikk kan litt populistisk kallast ein "bindestreksvitskap" (jfr. Varkøy 2003, s. 14), av di både psykologi, historie, sosiologi, didaktikk, filosofi, antropologi, kulturteori m.fl. inngår som bidragsytarar til refleksjon over musikkpedagogisk praksis. Når gjenstanden for masterprosjektet mitt ynskjer å kaste eit musikkpedagogisk ljøs over endå ei musikkpedagogisk verksemd, nemleg musikkbasert formidling av kristen tru innanfor ein organisasjon, blir innfallsvinklane endå fleire.

Babysong i trusopplæringa i Dnk er utan tvil musikkpedagogisk verksemd, sjølv om ikkje musikkundervisning er det primære siktemålet. Musikkpedagogikk dreier seg jo om "forholdet mellom menneske og musikk i hele dets bredde" (Rauhe 1978, ref. i Hanken & Johansen 1998, s. 32). I babysong som trusopplæring er i tillegg åndelege eller religiøse perspektiv i spel.

Alle dei musikkpedagogiske disiplinane kan dermed kryssast med ulike religionsvitskaplege, teologiske el.l. perspektiv. Dette gjer at talet på moglege innfallsvinklar til dette forskingsprosjektet er nærmast uoverskodeleg mange.

Når temaet er babysong, kan det vera lett å tenkje i retning av spebarns- og småbarnspsykologi. Det er gjort mykje musikalsk spebarnspsykologisk forskning, t.d. med siktemål å utvikle gode metodar for musikalsk arbeid med dei aller minste. Sidan eg ikkje har vore interessert i å sjå på kva babyane eller foreldra deira får ut av babysongaktiviteten, har det ikkje vore naturleg å velja gruppepsykologiske, spedbarnspsykologiske eller sosiokulturelle læringsperspektiv som bakgrunn for drøftingane mine. Derimot har eg ynskt å rette fokus mot den bakanforliggjande tenkinga om musikk, samt konsekvensar av denne.

Eg har difor valt musikkteologiske og religionssosiologiske perspektiv som innfallsvinklar for drøfting av resultata mine. Som musikkpedagog er eg oppteken av kva funksjon musikken kan ha, ikkje minst i ein religiøs samanheng. Det religionssosiologiske bidraget kan skildre eller forklare babysong som (estetisert) praksis i den religiøse samtida.

2.1. Musikkteologiske perspektiv

Eg vil starte dette kapittelet med å gje eit omriss av kyrkjemusikalsk verke og kyrkjemusikalske verdiar. Deretter vil eg ta for meg nokre essay om grensesprengjande musikalsk erfaring i religiøse samanhengar. Til slutt eit avsnitt om Henrik Tobin si forståing av tydinga av harmoni, samt nokre betraktningar av Ove Kristian Sundberg om musikk og liturgi.

2.1.1. Kyrkjemusikalsk verke og kyrkjemusikalske verdiar

Ein kyrkjemusikar sine oppgåver er mange og mangslungne. Tenesteordninga for kantorar har sidan 2005 hatt følgjande formulering vedrørande formålet med kantortenenesta:

“Kirkemusikktjenesten har som formål å gi menigheten et musikalsk uttrykk i gudstjeneste og øvrig menighetsliv. Kantoren leder menighetens kirkemusikalske virksomhet, og skal være med å forvalte og gjøre levende tradisjonelle og nye kirkemusikalske verdier, og bidra til bredde og kvalitet i det kirkemusikalske og kulturelle arbeidet i menigheten. Kantoren har medansvar for å rekruttere, utruste og veilede frivillige medarbeidere” (§2).

Ifølgje Studieplan 2013/2014 for kyrkjemusikkstudiet ved NMH (Norges Musikkhøgskole 2013) skal studiet gje kandidatane ”kompetansen til å kunne møte ulike yrkesmessige utfordringer i en menighet på en profesjonell måte, slik som å ivareta alle kirkemusikalske oppgaver [inkludert] undervisning av barn og unge i forbindelse med dåps- og konfirmantopplæring” (s. 1). Christensen (2013) finn at det profesjonelle yrkeslivet som kyrkjemusikar ofte byr på overraskingar i forhold til kva kompetanse kyrkjemusikkstudiet har utvikla hjå kandidatane, og ho peikar på at utdanninga legg vekt på "solistisk orgelspill, liturgisk orgelspill og korledelse, samt en rekke felles musikkfaglige støtteemner" (s. 38). Praksis og pedagogiske emne er i varierende grad prioriterte.

Det er ikkje støtt lett å einast om felles verdiar og om korleis ein skal forhalde seg til kyrkjemusikk som musikkretning (jfr. Apeland 2004, s. 178ff). Apeland trekkjer fram omgrepsparet "tradisjon og fornying" som hyppig førekomande i kyrkjemusikkdiskursen:

"Ein finn få agentar som utelukkande verdset tradisjonelle kyrkjemusikalske uttrykk, forstått som musikk som ikkje er komponert i samtida. Dei fleste verdset begge deler, men det er svært ulike oppfatningar om kva 'fornyng' bør gå ut på, og om det er 'tradisjon' eller 'fornyng' som skal vektleggast" (Apeland 2004, s. 179).

Fornyng av musikken sjølv kan tyde nykomponert musikk som på ulikt vis forhold seg til klassisk tradisjon, eller det kan innebera det å ta musikk som vanlegvis blir nytta andre stader enn i kyrkjerommet, og gjera bruk av han i kyrkjerommet. Det kan òg på lang sikt tyde ei fornyng av kyrkjemusikkutdanninga slik at ho blir meir relevant for det yrkeslivet som møter mange kyrkjemusikarar etter endt utdanning (jfr. Christensen 2013, s. 183f).

Ser ein den kyrkjemusikalske fornyinga i ein større liturgisk samanheng og frå ein meir konservativ synsvinkel, har Sundberg (2002) følgjande innspel om det liturgiske fornyingsarbeidet og musikken:

"Både når det gjelder 'musikkens funktionella insats och betydelse', og når det gjelder kunsten i det hele i gudstjenestesammenheng, er det viktig å forstå den kultiske situasjonens egenart. Det er viktig å fatte den kultiske situasjon som 'komponerende' og skapende situasjon eller miljø" (Sundberg 2002, s. 20).

Sundberg høyrer til ein liturgisk-estetisk tradisjon, og han meiner å sjå eit behov for å avklara "hva slags musikk som rettelig hører hjemme i kirkens liturgiske liv" (Sundberg 2002, s. 10). Han meiner at "dagens teologi² må sies å være infisert av den almene verdirelativisme eller verdinihilisme i tiden" (ibid.).

Sundberg er av den oppfattinga at "musikken, og dermed også kirkemusikken, [har] både verdi i seg selv [...] og verdi i en større sammenheng [...]" (Sundberg 2002, s. 11). Han hevdar at dette endåtil må kunne stillast som krav til dei elementa som nyttast i kyrkja. Målet heilaggjer altså ikkje middelet for Sundberg:

"Om begrunnelsen for de midler som anvendes kun ligger i det faktum at

² "Musikk og liturgi" av Ove Kr. Sundberg kom fyrste gong ut i 1970, men er trykt på nytt med uendra innhald i 2002. "Dagens teologi" referer altså til teologien i 1970, utan at det naudsynleg treng å tyde at han ikkje kan gjelde for i alle fall delar av teologien også i 2002 og 2013.

de eventuelt 'trekker folk', synder man mot kravet om sannhet og ekthet. Usannhet i kirkens forhold til menneskene må nødvendigvis på lang sikt få skjebnesvangre konsekvenser" (Sundberg 2002, s. 11).

Ulike verdisyn på kyrkjemusikk kan gå på om kyrkjemusikken i fyrste rekkje er kunst eller om han fyrst og fremst er eit middel til å formidle religiøst innhald – eller til og med til å rekruttere folk. Merkelappar – som rett nok bør nyttast med varsemd av di dei korkje er dekkjande eller presise – er "liturgisk-estetisk" (≈høgkyrkjeleg) og "folkeleg/karismatisk" (≈lågkyrkjeleg) (jfr. Apeland 2004, s. 193ff). Desse er ikkje polar i ein dikotomi med vasstette skott imellom, men dei seier noko om vektlegging av høvesvis form og innhald eller synet på musikken sine ibuande åndelege krefter. Apeland (2004) refererer til Sellevold, som skildrar tilhøva mellom tradisjonane på følgjande måte:

"I den folkelige tradisjon ligger hovedvekten på teksten som overordnes musikken. Musikkens funksjon er å være en ramme omkring budskapet, eller det 'språk' en bruker for å få folk i tale. I den liturgisk-estetiske tradisjon vil en hevde at forholdet mellom tekst og musikk er langt mer nyansert. Musikk er mer enn en nøytral ramme, form og innhold kan ikke skilles" (Sellevold 1993, s. 15, sit. i Apeland 2004, s. 193).

2.1.2. Lytteerfaring som grensesprengjande musikalsk erfaring

I essaysamlinga *Musikk og mysterium* (Guldbrandsen & Varkøy red. 2004) gjev ulike forfattarar eit glimt av personlege musikalske erfaringar. I det følgjande vil eg koma inn på nokre betraktingar som spring ut av ein slags (liturgisk) meditasjon eller ut av stilla i musikken. Tre utvalde essayforfattarar ser på – eller rettare sagt *lyttar* til – liturgiske storleikar som stille, meining, kjærleik, det musiske, og dei seier på kvar sine måtar noko om musikkopplevinga som moglege innfallsportar til religiøs erkjenning; som kommunikasjonsvegar mellom mennesket og Gud.

Peder Christian Kjerschow: Lyttingen, stillheten og forvissningen om enhet

Peder Christian Kjerschow (2004, s. 56ff) skildrar korleis han i møte med utvalde verk

"[...] kan lytte og lytte, igjen og igjen – det samme og atter det samme. [...] Ingen konklusjon å ta med seg. En gave, ja, men ingen endelig

overrekkele – uuttømmelig” (Kjerschow 2004, s. 56).

Han held fram med å konstatere at musikken slik kan avsløre noko av potensialet sitt og vesenet sitt, idet ein blir sett på ”et løfterikt spor mot fornyelse hinsides nytt og gammelt” (s. 57). Sporet peikar utover seg sjølv; sporet lèt noko trå fram, men dermed er der òg støtt ei side som ikkje trår fram:

”Undringen og spørsmålene oppstår i denne dobbeltheten: All fremtreden vitner om noe mer enn seg selv: det som trer frem, og det det avslører som skjult” (Kjerschow 2004, s. 57).

Musikk er meining, og musikken tyder seg sjølv ifølgje Kjerschow. Han meiner dessutan at ein ikkje kan peike ut kva denne meininga er, for ho er ”bunnen og retningspotensialet i vår tenkning” (ibid.), og ho gjev gjenklang ”i tausheten der inne hvor det flyktige finner hjem i det varige” (ibid.).

Dette som er løynd, kan ikkje forklarast med verbalspråket. Det er her tale om

”selve fenomenalitetens mysterium. [...] Mening er [...] skjulthetens mysterium like meget som åpenbaringsens mysterium. Det vil si: Det skjulte stilles frem slik at det kan gi seg, qua skjulthet, slik at det kan tale nettopp idet det holder på sitt” (Kjerschow 2004, s. 58).

Kjerschow legg ut samspelet mellom tekst og musikk i vokalmusikken på basis av dette. Han tenkjer seg at musikken – på same måte som eit dikt på trass av orda òg formidlar noko ikkje-verbalt – også er formidlar av noko ikkje-musikalsk. Han set spørjeteikn ved å *måtte* forstå vokalmusikk ut ifrå teksten, av di ein dermed kan koma i fare for oversjå det mest forunderlege ved fenomenet. Kjerschow vil derimot nærme seg – også vokalmusikk – frå eit førspråkleg perspektiv. Det er ikkje gitt at musikken *illustrerer* teksten. Somtid er det som om musikken ”åpner et rom mot en førspråklig kontekst og gir klangbunn til det som må forbli mellom linjene, mellom tingene” (Kjerschow 2004, s. 59).

Mykje av dette meiner Kjerschow ligg i stilla i musikken; i det skjøre, i tida mellom tonane, i tolmodig lytting, langt borte frå drivande progresjon. Kjerschow konkluderer med ei spørsmålsformulering:

”Det er som om tonene og klangen antydende staker opp rom og veier, men avstår fra å fylle dem – og dermed rykker stillheten inn. Er det musikken som holder stillheten, eller omvendt?” (Kjerschow 2004, s. 61).

pater Arnfinn Andreas Haram (o.p.): Sursum Corda. Om musikkens liturgiske karakter

Haram skriv om det han kallar kjærleiken; det som gjer ei musikk- eller kunstoppleving til ”meir enn vakker, meir enn virtuos, meir enn åndfull, meir enn alt ho kan vere i seg sjølv; det som gjer henne til offer, til innviing, til samansmelting” (Haram 2004, o.p., s. 178). Kjærleiken knyter folk saman, og han vert forløyst gjennom ritar, kult, openberring og ekstase. Ritane utgjer forma i det vi opplever, og ifølgje Haram røper dei at det vi søker ikkje er ein konstruksjon, men noko verkeleg.

Haram skildrar korleis den overleverte messeliturgien er forankra i både historia og i det himmelske; ho handlar om mennesket og om Gud, og dette blir uttrykt gjennom det musiske elementet i messa. Han strekkjer dette dessutan vidare til kunst i andre kontekstar:

”Mi tese er at også den kunsten som ikkje er eksplisitt religiøs eller liturgisk, kan vere det implisitt. Heile livet, også i sin estetikk, si framtoning, er liturgisk. [...] Følgjeleg vil det i all musikk, i all kunst, som skal ha evne til å gripe oss [...], vere plass for det tragiske, det brotne, for mørkret. Men der er skilnad på eit nihilistisk og meiningssøkjande uttrykk for det som er disharmonisk og kaotisk. [...] I all menneskeleg kunst må der vera eit – om enn aldri så lite – fotfeste for vona, for lengten etter forløysing. [...] Musikk og kunst som ikkje ber i seg ein eksistensialisme som vil livet, blir dødsmerkt, ein slags nekrofilii. Musikk av død til død” (Haram 2004 o.p., s. 181).

For Haram handlar det om å velje livet i form av musikk med sjeleleg, sann liturgisk karakter, uavhengig av opphavleg kontekst:

”Forstått i lys av liturgien må altså ikkje musikken nødvendigvis vere religiøs i avgrensa tyding. Men han må alltid ha eksistensiell sensibilitet og kunne opne veg for mennesket sin langt etter meining, heilskap, undring og tilbeding. Musikken må kunne vere eit vegstykke av mennesket og skapningen si vandring mot Gud” (Haram 2004 o.p., s. 183).

Etter å ha lagt ut fleire av messeledda musisk, oppsummerer Haram slik:

"Så vert dei ståande, desse tre: Liturgien, musikken og kjærleiken. Og størst av dei er kjærleiken. Eller er det musikken...?" (Haram 2004 o.p., s. 191)

Øivind Varkøy: En stille susen. Tre musikalske erfaringer i en kristen kontekst

Varkøy deler personlege musikkopplevingar og tolkar dei i ein kristen mystisk kontekst. I dette perspektivet ser han musikalske erfaringsglimt som ein tovegs kommunikasjon mellom Gud og mennesket:

"I en kristen mystisk kontekst blir de musikalske erfaringsglimtene noe som kommer til oss [...]. Det handler imidlertid også om noe som kommer fra oss og strekker seg oppover [...]. Det kan altså være tale om musikk både fra og til Gud. Et viktig poeng for meg er at dette faktisk er to sider av samme sak. Musikken til Gud bærer musikken fra Gud i seg, og musikken fra Gud er, idet den lages av mennesker, på paradoksalt vis knyttet til menneskenes tid og rom for erfaring" (Varkøy 2004, s. 197).

Varkøy legg – som Haram – vekt på livet som liturgi, og i tillegg på det enkle som utfordrande av di det provoserer nettopp ved å vera enkelt (jfr. s. 197ff). I denne samanhengen er det ifølgje Varkøy viktig å skilje mellom enkelheit (eksemplifisert ved Arvo Pärt sin seinare musikk) og banalitet (eksemplifisert ved lovsongskor i karismatisk orienterte kristne kyrkjelydar). Varkøy trekkjer fram verket *Spiegel im Spiegel* av Pärt:

"Musikken speiler en kontemplativ og sakral virkelighetsforståelse. Det enkle og kontemplative fungerer som medisin mot den yrende utvendigheten, hvor man synes mer opptatt av hvordan man kan si ting, dvs. av å finne nye måter å si ting på, enn av hva man faktisk skal si, eller om man overhodet har noe å si" (Varkøy 2004, s. 199).

Varkøy meiner skiljet mellom profan og sakral musikk i dømet Pärt er ei irreligiøs villfaring (jfr. s. 200). Musikken talar ved å teie om det løynde. Stille og enkelheit er hovudprinsipp for både liturgisk musikk og *Spiegel im Spiegel*:

"Det [...] ligger et paradoks i dette at det først og fremst synes å være enkel musikk som for Pärt fremstår som den musikken som best formidler

det mangedimensjonale. Imidlertid [...] er paradokset noe som gjerne kan, jo sågar bør kjennetegne kristen tenkning" (Varkøy 2004, s. 201f).

Varkøy refererer til naturleg teologi eller preteologi. Her er poenget at ein kan finne spor av Skaparen i skaparverket sjølv, i det store og det skjønne. Omgrepa "natur" og "skaparverk" har vide tydingar. Dei rommar i naturleg teologi også "kultur" som mennesket sitt skaparverk, for kunst og kultur "blir også [...] en form for natur, siden det er skapt av mennesket – som er et naturvesen, en del av Guds skaperverk" (Varkøy 2004, s. 203). Det skjønne sitt sakrament blir såleis ein veg til Gud.

2.1.3. Kyrkjemusikk i musikkestetisk ljøs

I det følgjande vil eg gje eit grunnriss av hovudlinjer innanfor musikkestetisk filosofisk tenking og sjå kyrkjemusikk i ljøs av desse.

I musikkestetisk filosofi ser ein mellom anna på musikken sitt vesen og kva musikk handlar om eller kan handle om; om "*musikkens mening eller budskap er musikk – og intet annet*" (Varkøy 2003, s. 28, kursiv i original) eller om "*musikken anses å peke ut over seg selv – musikkens mening er forbundet med noe ikke-musikalsk*" (ibid., kursiv i original). Det fyrste kallast gjerne autonomiestetikk, det andre heteronomiestetikk. Desse er – som dei fleste motsetningspar – ikkje gjensidig utelukkande eller i alle samanhengar polariserte. Dei er snarare verkty som kan danne utgangspunkt for diskusjon.

Kyrkjemusikk kan plasserast såvel i ein autonomiestetisk som i ein heteronomiestetisk samanheng. Innanfor både, men særleg innanfor heteronomiestetikken, kan det vera store skilnader og mange nyansar. Den folkeleg-karismatiske kyrkjemusikalske tradisjonen kan vera eit døme på dogmatisk innhaldsestetikk, der ein "anser at musikken generelt uttrykker noe ikke-klanglig, for eksempel menneskelige følelser o.l." (Varkøy 2003, s. 28). Tolkingar av den store meister J. S. Bach sine instrumentalverk kan vera moglege døme på kyrkjemusikalsk inkarnasjonsestetikk, der ein "forestiller seg at noe åndelig direkte manifesterer seg i toner" (ibid.).

Musikken i Den norske kyrkja peikar slik eg ser det stort sett ut over seg sjølv med det at han står i ein kontekst som til sjuande og sist har eit felles fokus på noko som er større

enn mennesket si fatteevne. Likevel har han stor verdi i seg sjølv ut ifrå eit musikkteologisk perspektiv (jfr. Sundberg 2002, s. 11).

2.1.4. "Den underbara harmonin"

Henrik Tobin ser i boka "Den underbara harmonin" (1996) på korleis samspelet mellom kunst og åndelegheit har utvikla seg gjennom historia og vorte påverka av m.a. kyrkjefedrane, reformasjonen, calvinismen, ortodoksien og pietismen. Han kjem til at

"Harmoni har förvisso med skönhet att göra, men begreppet rymmer en större verklighet än så. Det handlar om mycket mer än 'vacker', eller 'ful' musik, 'ärlig' eller 'populistisk' konst. Just därför är den personliga relationen till harmonins verklighet så avgörande för konstens eller liturgins gestaltning och utveckling" (Tobin 1996, s. 236).

Harmoniomet er både eit musikalsk og eit almenmenneskeleg omgrep, men det er òg avgjerande frå ein bibelsk og kristen synsvinkel. Tobin meiner at "hela bibelmaterialet [står] som ett vittnesbörd om Guds kamp för harmoni och ordning" (Tobin 1996, s. 207). Spørsmålet om tilverets harmoni ligg løynd i treeinigheita sitt mysterium. Mellomalderen sine teoretikarar knytte saman musikken sitt kunstnarlege uttrykk med den ålmenne gudsrelasjonen, og musikken sin harmoni med den guddommelege treeinigheita særskild. Og hjå ortodoksien sine musikkteoretikarar finn ein undring over musikken si teologiske uutgrunnelegheit (jfr. Tobin 1996, s. 208).

Eit spenningsforhold mellom *Kirchenmusik* ("kyrkjemusikk"), *Gemeindemusik* ("kyrkjelydsmusikk") og *Seelenmusik* ("sjelemusikk") strekkjer seg gjennom historia, og ein kan ifølgje Tobin (1996) lett forstå dette som "en fråga om åsikt, smak eller personlig lægning" (s. 214). Men Tobin meiner at dette berre er på overflata, og at det djupast sett handlar om "*teologiska ställningstaganden med oerhörda konsekvenser!*" (ibid., kursiv i original). Med treeinigheita som referansepunkt ser Tobin såleis med interesse på det han meiner er ei feilslått spalting av representantar for treeininga:

"De reformerta i allmänhet [...] vill hålla det som hör til sinnena, exempelvis musiken (första artikeln), borta från forkunnelsen (andra artikeln) och andakten (tredje artikeln)" (ibid.).

Ifølgje Tobin (1996) må spørsmålet om det kunstnarlege sin plass i den kristne kyrkja sitt liv setjast på spissen ved at brytingane omkring kunsten i sjølve liturgien blir tekne på alvor. Tobin meiner at ein då må byrja med å sjå på liturgiens og gudstenesta sitt eige vesen, og utgangspunktet for dette er ei dobbel rørsle både dogmatisk og liturgisk:

"Gud, den fördolde, har blivit människa för att föra just människan tillbaka til Gud" (Tobin 1996, s. 224).

Desse rørslene kjem til uttrykk i liturgien, i gudstenesta som ein dialog mellom to subjekt. Dei er avgjerande for integreringa av fyrste, andre og tredje trusartikkel. Tobin oppsummerer om liturgiens harmoni:

"Kongruensen, överensstämelsen mellan yttre och inre, är i lika stor utsträckning en trovärdighetsfråga för liturgen, kyrkomusiken och konstfärdigheten som den är för exempelvis sambandet mellan tro och gärningar eller hjärtats inställning och munnens bekännelse" (Tobin 1996, s. 228).

2.1.5. Forholdet mellom Ordet, orda og tonane

" I opphavet var Ordet, Ordet var hos Gud, og Ordet var Gud" (Joh 1,1).

Dette er innleiinga til Johannesevangeliet i Det nye testamentet. Sundberg (2002) skriv følgjande om tolkinga av dette og meir:

"Man opplever ikke så sjelden at den vidtfavnende liturgiske livsutfoldelse med musikken som selvfølgelig ingrediens blir søkt redusert i verdi og berettigelse under henvisning til at vår kirke er en 'Ordets kirke'" (Sundberg 2002, s. 39).

"Måten ordet Logos anvendes på i Bibelen, skulle nettopp ikke friste til tolkning i ensidig verbal retning, selv om det språklige uttrykk er en uhyre vesentlig og viktig tjener for Ordet. Også ordene skal tjene Ordet" (Sundberg 2002, s. 40).

"I en sikkert velment og from iver etter å betone ordet, hvorunder man ikke alltid har sondret mellom Ordet med stor bokstav og ordene i lingvistisk forstand, har man stundom kommet til å fornekte vesentlige

sider ved musikkens funksjon i det kultiske liv (Sundberg 2002, s. 17).

Det vert altså hevda både at det er ein vesensskilnad mellom Ordet i bibelsk forstand (med stor forbokstav) og orda i linguistisk forstand (med liten forbokstav), men òg at denne skilnaden ikkje støtt vert oppfatta i kyrkjelege krinsar. Konsekvensen av dette er at orda får ufortent stor plass, samt at musikken vert skadelidane.

Sundberg meiner òg at kyrkjebygget og det moderne kyrkjerommet speglar ei villfaring med tanke på betoning av orda framfor Ordet:

”Moderne kirkebygging vil trolig kunne fortelle ettertiden adskillig om dybden, eller rettere mangelen på dybde, i vår tids opplevelse av det religiøse” (Sundberg 2002, s. 42).

I gudstenesta møtast ifølgje Sundberg både Ordet, orda og tonane som *sacramentum* (Guds gåver til menneska) og *sacrificium* (menneske si teneste for Gud) (jfr. s. 44ff). Det er ikkje enkelt å finne ein sams definisjon for kva ei gudsteneste er utover dette, men Sundberg framhevar det komplimentære, indre spenningsforholdet ”som preger både helhet og deler, – altså to aspekter på den gudstjeneste som i sitt vesen er en organisk helhet” (Sundberg 2002, s. 47).

2.2. Religionssosiologiske perspektiv

Repstad og Trysnes (red. 2013) har gjeve ut ei artikkelsamling som byggjer på forskingsprosjektet ”Religion som estetiserende praksis” (RESEP). Prosjektet tek utgangspunkt i at

”Estetisering er en prosess der sanseinntrykk øker sin betydning i forhold til andre perspektiver som moralsk verdi, sannhetsinnhold og praktiske, funksjonelle hensyn” (Repstad 2013, s. 14).

Eg nyttar utdrag frå denne artikkelsamlinga når eg i dei følgjande kapitla legg ut om estetisering av det religiøse liv og om religiøs barnesongkultur i dag.

2.2.1. Estetisering av det religiøse liv

Ein arbeidshypotese under RESEP-prosjektet er at ”det religiøse liv i vår tid estetiseres” (Repstad 2013, s. 14). Eit døme på dette er gudstenestereforma i Den norske kyrkja, der

ein dei siste åra har sett ein generell trend med auka vektlegging av det sanselege og kroppslege i det organiserte religiøse liv. Dnk sitt eige informasjonsmateriell om gudstenestereforma underbyggjer dette (jfr. Repstad 2013, s. 12f). Men i kor stor grad dette skjer, og særleg i kor stor grad dette overskuggar dogmatikk og tradisjonelt fokus på det verbale, er ikkje godt å seie:

”Trosinnholdet er fremdeles en sentral side ved religion i vår tid, og dessuten er lære, praksis og estetikk så nært sammenvevet at det neppe lar seg gjøre å bestemme presist akkurat hvor mye det ene betyr i forhold til det andre. Det er heller ingen automatikk i at økt vekt på estetikk betyr mindre vekt på dogmatikk. Musikken kan understreke ordene, eller ordene kan drukne i musikk” (Repstad 2013, s. 16).

Repstad nøyer seg i innleiinga med å fremje ein delhypotese om ”at estetisering går sammen med og muligens også medfører en avdogmatisering, eller i det minste en depreisering av de læremessige elementene i den religiøse tradisjonen” (Repstad 2013, s. 19). Vidare meiner han at

”Salmer og lovsanger formidler effektivt et budskap som ’egentlig’ er verbalt og handler om religiøst korrekte påstandskunnskaper. Men hva slags mening som slår sterkest igjennom i en multimodal formidling, er ikke gitt i utgangspunktet” (Repstad 2013, s. 19f).

Dei fleste som oppsøker kunst og kultur, verkar å gjera det for å late seg behage og berike framfor å bli konfrontert med det vanskelege (jfr. Repstad 2013, s. 27f). Men den meninga som skapast hjå tilhøyraren, vert ikkje berre forma av ”musikken sjølv”, men også av individuelle erfaringar, konvensjonar og sosial kontekst (jfr. Repstad 2013, s. 26). Det er i dag dessutan vanleg at folk trur på den måten som kjennest riktig for ein sjølv, ikkje på den måten leiarar seier at dei skal tru. Mange har ei meir open haldning til at det kan finnast sanningar i fleire religionar.

Repstad (2013) refererer til Martin (2002), som kategoriserer tre haldningar til musikk i kristne miljø: Musikken kan for det fyrste vera fullstendig underordna den heilage teksten (jfr. Repstad 2013, s. 33). Døme på dette finn vi i liturgiske bønnesongar i dei ortodokse austkyrkjene. For det andre kan ein meine at all musikk er av det gode når han er nyttig for å spreie eller vedlikehalde kristendommen. Dette finn ein døme på i

m.a. vekkingrørsla og mellom evangelikale kristne, der autentisitet og inderlegheit er tilleggskriteriar som har utvikla seg. Den tredje haldninga ser musikken som ei direkte formidling av det guddommelege. Grensene for kva musikk som innehar denne eigenskapen, skiftar ifølgje Repstad med tid, stad og kulturell ramme.

Repstad (2013) refererer også til Repstad & Løvland (2008), som lanserer ein fjerde kategori som dei meiner er vanleg i kristen musikalsk formidling i vår tid:

”Musikk kan være verdifullt i seg selv, som et uttrykk for Guds gode skapervilje. Her får altså musikken kristen legitimitet fra en fortolkning av den første trosartikkel som uttrykker et positivt syn på verden og menneskers kulturytring i verden” (Repstad 2013, s. 36).

David Martin meiner at uttrykk for det heilage fyrst og fremst finst mellom store klassiske komponistar (jfr. Repstad 2013, s. 35). Men kva som blir oppfatta som ”heilagt”, vil variere og ofte kunne vera prega av subjektive opplevingar:

”[...] det finnes en delvis klassebasert ulikt fordelt musikalsk og religiøs kapital her. Vår påstand er at både salmer, enkle folketoner og nyere popsanger til tider kan gi folk en subjektiv følelse av å være i kontakt med noe guddommelig” (Repstad & Løvland 2008, ref. i Repstad 2013, s. 35f).

2.2.2. Religiøs barnesongkultur i dag

Trysnes (2013) tek i eit eige kapittel for seg endringar i kristne barnesongar frå tidleg på 1900-talet og fram til i dag. Synet på barn og barndom har endra seg i denne perioden; det snille og lydige barnet er erstatta med det sjølvstendige og aktive barnet. Songane formidlar i dag ein verna og trygg barndom, Jesus som ein nær ven som elsker alle i ein inkluderande fellesskap, Guds omsut og menneska si livsglede og livsutfalding (Trysnes 2013). Form og innhald går hand i hand, og utviklinga ligg nært opptil kroppsleggjeringa og underhaldningskulturen både i religiøse miljø og i samfunnet elles, slik desse sitata illustrerer:

”Det satses mye på sang, musikk og drama. [...] Barna skal underholdes samtidig som de lærer om den kristne tro” (Trysnes 2013, s. 46).

”I vår kultur koples ulike musikalske uttrykk tett sammen med

sanseopplevelser og brukes til å skape stemning. I kristent barne- og ungdomsarbeid har man koplet seg på populærmusikalske uttrykk som gir sterke underholdningskonnotasjoner. Musikken anvendes for å piffe opp opplegget, og man velger ofte melodier med mye rytme som barna kan danse til" (Trysnes 2013, s. 60).

"Det velges sanger som innholdsmessig skal formidle det kristne budskapet, samtidig som de har et underholdningssiktemål med dans, bevegelser og morsomme lyder" (Trysnes 2013, s. 63f).

Der er ifølge Trysnes ein samanheng mellom tekst og melodi i dagsens kristne barnesongrepertoar; uttrykket skapar ei stemning. Trysnes stiller opne spørsmål ved kva som skjer med innhaldet "når melodiene blir 'helt propell' eller 'sprell levende'" (Trysnes 2013, s. 59), og ved korleis ein med desse verkemidla skal kunne laga triste songar med utfordrande tema som t.d. liding eller død.

Oppsummering

Ein kan nesten få inntrykk av at kroppsleggjering og underhaldningstrend er uløyseleg bundne til kvarandre når ein les nokre av formuleringane til Trysnes (2013). Dette trur korkje er tilfellet eller forfattaren si meining med undersøking. Men ei einssidig fokusering på det begjærleg sanseselege får kun subjektiv gyldigheit – og kanskje knapt nok det.

3. Metode

I dette kapitlet vil eg gjera greie for vitskapsteoretiske betraktningar, undersøkingsopplegg, korleis eg har samla inn kontaktinformasjon til potensielle informantar, samt korleis eg har planlagt og gjennomført spørjeundersøkinga som denne avhandlinga byggjer på.

3.1. Vitskapsteoretiske betraktningar

Innanfor vitskapsteori skiljer ein gjerne grovt mellom kvantitativ og kvalitativ forskning (jfr. Patel & Davidson 1995, s. 79ff). Enkelt uttrykt undersøker kvantitativ forskning noko det er mogleg å uttrykkje med tal. Kvalitativ forskning jobbar med ulike måtar å forstå eller tolke tekstar på.

Alvesson & Skjöldberg (2008) meiner det ikkje er sjølvstykke korleis ein bør definere kvalitativ metode (jfr. s. 17ff), men dei trekkjer fram at kvalitative metodar går ut ifrå studiesubjektet sitt perspektiv, medan kvantitative studiar i større grad går ut ifrå forskaren sine idéar om kva som skal stå i sentrum. I staden for å forsvare det eine eller det andre prinsippet, skisserer dei fordelar og ulemper ved baa. Dessutan ynskjer dei å gje eit bidrag til det dei kallar "reflekterande empirisk forskning" (s. 19) basert på *tolking* og *refleksjon*. Dette får nokre konsekvensar:

"Idén att mätningar, observationer, utsagor från intervjupersoner, studiet av sekundärdata som statistik eller från arkiv står i en *entydig* relation till något utanför det empiriska materialet förkastas således i princip. Beaktandet av tolkandets fundamentala betydelse gör att en enkel speglingstest av relationen mellan 'verklighet', eller 'empiriska fakta' och forskningsresultat (text) måste förkastas. Tolkningen hamnar i centrum för forskningsarbetet" (Alvesson & Skjöldberg 2008, s. 20).

Eg har valt å nytte eit tradisjonelt sett kvantitativt surveyopplegg som basis. Ordet "survey" tyder "overblikk (Mordal 1989, s. 15). Ein freistar med eit survey å hente inn informasjon frå så mange som mogleg; anten frå heile populasjonen eller frå eit planlagt utval av populasjonen.

Eg har valt å basere dataproduksjonen på informasjon eg har samla inn ved hjelp av eit strukturert spørjeskjema. I den grad det har vore mogleg, har eg freista å undersøkje heile populasjonen. Dette av di eg ynskte å finne ut noko om den sosiale røynda m.m. til dei som driv med babysong i Den norske kyrkja.

Samstundes er eg medviten om særleg to moment: For det fyrste er eit spørjeskjema ein tekst som må tolkast av han eller ho som fyller det ut. For det andre er svara frå respondentane i ei spørjeundersøking også ein tekst som må tolkast av ein forskar eller ein lesar av ein forskingsrapport (jfr. Alvessong & Skjöldberg).

I fyrste omgang har eg ynskt å skaffe eit overblikk over kvantitative aspekt ved kompetansebakgrunnen til babysongleiarane i Dnk. Men innanfor det kvantitative surveyopplegget har eg allereie i lanseringa lagt opp til stort rom for hermeneutisk tolking og refleksjon i form av mange kommentarfelt. Dette mellom anna for å kunne sjå forbi den føreliggjande undersøkinga og i neste omgang utforme nye hypoteser og formulere spørsmål til eventuell vidare forskning.

Utgangspunktet mitt har vore å kartleggje kva bakgrunn (musikalsk eller annan) dei som driv med babysong i trusopplæringa i Den norske kyrkja har (jfr. PS1). Eg vurderte det som tenleg å undersøkje ein så stor del av miljøet som mogleg. Dette for å skaffe fyrstehands kunnskap om feltet, samt for å sleppe å måtte generalisere berre frå ei lita gruppe til alle i populasjonen. Survey-populasjonen min var for så vidt definert (alle babysongleiarar i trusopplæringa i Dnk), men likevel ikkje godt avgrensa (usikkerheit kring storleiken på populasjonen). Av desse grunnane var det ikkje naturleg å gjennomføre trekking av utval.

Eg har òg særleg vore interessert i musikken sin funksjon i babysong i trusopplæring (jfr. PS2). Som teorigjennomgangen har synt, kan ein velja å sjå musikk som noko nærmast heilag; noko som i kraft av å ha ein eigenverdi kan gje religiøs erkjenning. Lutheranske kyrkjer har derimot ofte sett musikken som eit middel for å få fram ein verbal bodskap.

Informasjon om dette kan umogleg uttrykkjast klart med tal åleine, så eg har valt reflekterande empiriske metodar som hovudmetodar for dette. Eg kjem likevel til å bruke statistikk i framlegginga av dei empiriske resultata mine – også om musikken sin funksjon –, men hovuddiskusjonen vil følgje i kapittel 5.3.

Eg har dessutan ynskt å sjå på kva innhald som dominerer babysongsamlingane, samt om ulik kompetansebakgrunn kan ha noko å seie for vektlegging av ulike mål og innhald (jfr. PS3). Difor har eg samanlikna svara til dei som har høg formell musikkutdanning med svara til dei som ikkje har noko formell musikkutdanning. Eg har for ordens skuld også teke med den gruppa som fyller rommet mellom dei med 5-6 års musikkutdanning og dei utan noko musikkutdanning, men denne gruppa legg eg mindre vekt på i analysen.

Musikalsk kompetanse kan – om ein t.d. går ut ifrå tal på år med høgare musikkutdanning – til ein viss grad uttrykkjast med tal. Innhald er, i den grad dei er definerte som noko som anten er til stades eller ikkje, kvantifiserbare storleikar som lèt seg undersøkje ved hjelp av eit surveyopplegg. Musikken sin funksjon heng til ein viss grad saman med innhald; i alle fall med tenking omkring innhald. Det har difor somtid både vore vanskeleg og lite tenleg å skilje drøftinga av resultat knytte til PS2 og PS3.

3.2. Val av undersøkingsopplegg

Babysong er som tidlegare nemnt ein av dei kyrkjelege aktivitetane som samlar flest born, og dermed eit trusopplæringstiltak som fungerer godt med tanke på målsetjinga om å nå alle døypte (Morvik 2010, s. 3). Tiltaket inngår som eit forslag til kjernetiltak for aldersgruppa 0-5 år i Plan for trusopplæring (Kyrkjerådet 2010) og er mellom dei mest utbreidde breiddetiltaka i trusopplæringa i Den norske kyrkja.

Eg ynskte å sjå på fleire faktorar enn den som gjaldt oppslutning kring babysong i trusopplæring. I den tidlege fasen av masterstudiet hadde eg ambisjonar om både spørjeskjemaundersøking mellom babysongleiarar, intervju av foreldre i babysongtiltak og observasjonar av babysongleiarar. Eg meldte difor prosjektet tidleg i 2012 til Norsk samfunnsvitskapleg datateneste (NSD). Seinare såg eg at dei opphavlege planane vart for omfattande, og eg bestemte meg difor for å konsentrere meg om å sende ut ei digital spørjeundersøking mellom leiarar for babysong i trusopplæringa i Den norske kyrkja.

3.3. Innsamling av kontaktinformasjon

For å få epostadresser til potensielle informantar, tok eg kontakt med Kyrkjerådet. Her fanst det ikkje noko spesifikt register over målgruppa, men eg vart henvist til ressurs- og rapporteringsstaden www.storstavalt.no. Eg fann at det i 2011 var rundt 130

kyrkjelydar som hadde levert rapport for babysong på www.storstavalt.no. For å ha sikrere tilgang til oppdaterte adresser, og for slik å kunne koma i kontakt med så mange som mogleg, bestemte eg meg likevel for heller å freiste å få tak i epostadresser via kyrkjeverjekontora.

I oktober/november 2012 sendte eg epost (Vedlegg 1) eller ringte rundt til dei 11 bispedøma i Noreg og fekk slik tak i epostlister til alle kyrkjeverjene. Deretter sendte eg epost til alle adressene på listene eg hadde fått med ei kort prosjektskildring og oppmoding om å sende meg epostadressene til lokale som dreiv med babysong i trusopplæringa (Vedlegg 2). Eg fekk nokre feilmeldingar som viste seg å skuldast skrivefeil i epostadresser eller byte av kyrkjeverje eller epostadresse. Etter nokre telefonar kunne dei fleste feilsendingane sendast ut på nytt til riktig adresse.

For å få best mogleg oversikt, ba eg kyrkjeverjene om å respondere også dersom det ikkje fanst babysong i området deira. Etter inntil tre oppmodingar hadde eg fått svar frå 268 av 376 kyrkjeverjer/andre kontaktpersonar knytte til kyrkjelydane. Dette tilsvarar 71%. Sidan kyrkjeverjene ofte har ansvar for fleire kyrkjelydar med fleire babysongmedarbeidarar, fekk eg gjerne både to og fleire epostadresser frå same hald. Til saman fekk eg tilsendt 338 epostadresser.

For å kunne undersøkje ein så stor del av populasjonen som mogleg, var det viktig for meg å få inn så mange epostadresser som mogleg. Eg leita difor vidare på heimesidene til dei av dei resterande kyrkjeverjene/kontaktpersonane som eg greidde å lokalisere. Eg fann då at ytterlegare 39 kyrkjeverjeområde ikkje såg ut til å ha babysong. I 15 andre tilfelle fekk eg positive funn (informasjon om eksisterande tiltak og til saman 32 nye epostadresser). 55 kyrkjeverjeadresser verka ikkje å vera knytte til noka heimeside, og eg mangla difor framleis informasjon om desse.

Dermed sat eg med informasjon frå 85% av Noregs kyrkjeverjer/kyrkjeverjeområde. Eg vurderte dette som godt nok til at eg kunne gå i gang med sjølve spørjeundersøkinga.

3.4. Spørjeundersøkinga

Spørjeskjemaet vart utarbeidd over eit tidsrom på litt over eit år. Det vart testa på nokre kjenningar som jobbar eller er engasjerte innanfor kyrkja. Formålet var å kvalitetssikre

spørsmålsformuleringane og skjemaet elles med tanke på forståelegheit og relevans. Det var kun små endringsbehov som vart avdekte i denne omgangen.

I ettertid ser eg at nokre spørsmål kunne vore utelatne. Dette av di dei ikkje tilfører undersøkinga noko veldig interessant eller relevant. Dette gjeld i uvesentleg grad nokre av påstandane/utsegnene i spørsmål 23-30, men fyrst og fremst gjeld det spørsmål 9 ("Er tilbodet eit tidsavgrensa eller eit kontinuerleg tiltak?") og spørsmål 31 ("Til slutt nokre påstandar om overordna strukturar. I kva grad stemmer desse utsegnene overeins med di oppfatting av i Den norske kyrkja i dag?").

Spørsmål 9 nyttar omgrep som vart nytta på eit tidlegare tidspunkt i trusopplæringsreforma men som no ikkje lenger er i bruk. Påstandane i spørsmål 31 har vore så vide og fleirtydige og på sida av hovudtemaet i undersøkinga at dei både av fleire respondentar og meg sjølv har blitt oppfatta som mindre relevante. Svara på spørsmål 9 er difor ikkje tekne med i det heile, og svara frå spørsmål 31 blir også berre i liten grad tematiserte.

Undersøkinga vart gjennomført med såkalla delvis anonymitet i det internettbaserte surveyprogrammet "Enalyzer". Delvis anonymitet – til skilnad frå fullstendig anonymitet – gjer det mogleg å sende ut påminningar til dei som ikkje svarar med ein gong. I mitt tilfelle var delvis anonymitet jamngodt med full anonymitet, av di eg berre har brukt epostadresser (ingen namn) i utsendinga. Eg har late surveyprogrammet stå for utsendinga av påminningar, og i den grad epostadresser inneheld namn eller andre identifiserande informasjon, er desse ikkje blitt lagra saman med dei innkomne svara.

3.4.1. Spørjeskjemaet

Spørjeskjemaet hadde 33 spørsmål (sjå vedlegg XXX). Alle utanom to var lukka spørsmål. Lukka spørsmål har ferdig formulerte svaralternativ som vert gjort kjent for respondentane (Mordal 1989, s. 99). Opne spørsmål kan derimot stillast utan svaralternativ (ibid.).

Opne spørsmål kan vera særskilt krevjande å analysere, av di ein kan ende opp med individuelle formuleringar frå kvar og ein av informantane. Eg valde så få opne spørsmål som mogleg av di eg visste at eg potensielt skulle hente inn informasjon frå fleire hundre informantar. Med bakgrunn i litteraturen og i eigen praksis i Den norske kyrkja meinte

eg dessutan å kjenne feltet godt nok til å kunne formulere mange treffande svaralternativ.

Ei ulempe ved lukka spørsmål er at dei kan hindre respondentane i å gje relevante svar (jfr. Årsvoll 2002, s. 70). Det kan dessutan vera irriterande for respondentane å ikkje finne svaralternativ som stemmer med deira meining (ibid.). For å unngå dette, valde eg å laga kommentarfelt mange stader i spørjeskjemaet. Sidan eg er nynorskbrukar, ynskte eg òg innblikk i eventuelle språklege barrierar.

Svaralternativa "andre (utdjup under)" og "veit ikkje" var til stades overalt der eg trudde at somme av respondentane kanskje kunne ha bruk for dei. Det er delte meiningar om "veit ikkje"-svar i surveyespørsmål (jfr. Mordal 1989, s. 127). Eg valde å ha med relativt mange av denne typen. Dette av di eg meinte det var ein del spørsmål der "veit ikkje" for somme ville kunne vera det einaste riktige svaret. Eg ynskte då ikkje å tvinge fram eit anna svar. Ifølgje Mordal (ibid.) kan det dessutan vera mykje informasjon sjølv i "veit ikkje"-svar.

Rekkjefølgja på spørsmåla i spørjeskjemaet vart grovt fastlagd etter innhaldet eller også djupna i spørsmåla: Rammefaktorar, innhald, utdanningsbakgrunn, meiningar/haldningar, kommentarar:

Bakgrunnsinformasjon

Spørsmål 1-11, 13, 15 og 16 var spørsmål om generelle rammefaktorar. Desse handla om alder, kjønn, geografi, ansvarsforhold, kontinuitet, tal og nemning på grupper, tal på brukarar av det lokale babysongtiltaket o.l. Svaralternativa i desse spørsmåla var gjensidig utelukkande. Bakgrunnsspørsmåla hadde mindre med det musikkpedagogiske hovudtemaet å gjera, men tente ei kartlegging av ytre rammer. Data herifrå vil difor bli presentert i metodekapittelet i staden for i resultatkapittelet.

Innhald og vektlegging av song/musikk

Spørsmål 12 og 14 tok for seg høvesvis faste innhald og vektlegging av song og musikk i høve til andre innhald. Desse skulle vera med på å gje svar på PS3 om vektlegging av musikalske/ikkje-musikalske innhald.

I spørsmålet om faste innhald var det lista opp ei rekkje potensielle svaralternativ. Respondentane skulle setja kryss ved det som var fast innhald i alle deira babysongsamlingar. Det var mogleg å setja fleire kryss. I tillegg kunne respondentane oppgje i fritekst dersom det var andre innhald dei hadde med.

33 respondentar valde å kommentere innhaldsutvalet. 17 overlappa med svaralternativa i spørjeskjemaet. 16 hadde diverse andre innhald å tillegge eller også forklaringar til somme av innhalda dei hadde kryssa av for.

Respondentane skulle i spørsmål 14 gradere vektlegginga av song og musikk i høve til andre innhald i informasjonen om tiltaket, i gjennomføringa av tiltaket, i evalueringa av tiltaket og i vidareutviklinga av tiltaket. Det var òg høve til å kommentere dette, noko 24 respondentar valde å gjera.

Åtte respondentar skriv om at song og musikk er hovudinnhaldet deira. Fire ser tiltaka i eit heilskapleg perspektiv. To skriv at dei manglar rutiner for evaluering. Tre er usikre på om dei har forstått spørsmålet. Resten kommenterer ulike sosiale aspekt, ansvarsfordeling eller andre forhold.

Formal-/realkompetanse

Spørsmål 17-22 freista å kartleggje kvalifikasjonar innanfor musikk, pedagogikk, teologi, kristendom, religionsvitenskap o.l. til bruk i løysinga av PS1. Det vart spurt etter både formell utdanning og realkompetanse/praktisk erfaring. Svaralternativa famna om diverse moglege praksis- og utdanningsvegar frå vidaregåande skule, folkehøgskule eller bibelskule til høgare utdanning. Eg ynskte både å kartleggje den formelle utdanninga og samstundes å anerkjenne realkompetanse. 126 respondentar har òg lagt att kommentarar som til ein viss grad syner at det finst andre utdannings-/kompetansevegar enn dei eg hadde lista opp. I hovudsak er desse kommentarane likevel utdjupingar eller "fotnotar" til svaralternativa i skjemaet.

Rangering av påstandar og vurdering av utsegner

I siste del av spørjeskjemaet vart respondentane bedne om å seie meininga si om ulike påstandar/utsegner. I somme tilfelle skulle dei rangere ulike påstandar, i andre tilfelle skulle dei seie seg meir eller mindre samde i ulike utsegner.

Ein del av påstandane og utsegnene i spørsmål 23-29 hadde nære slektskap med kvarandre. Eg ynskte å sjå om respondentane tolka liknande utsegner likt eller ulikt.

Spørsmål 23-25 og 29 var skalerings spørsmål der respondentane vart bedne om å sortere påstandar i prioritert rekkjefølgje i høve til kva dei tykkjer er viktigast, nest viktigast osv. Påstandane var knytte til ulike fokusområde innanfor verksemda og i all hovudsak formulerte med utgangspunkt i *Plan for trusopplæring* (Kyrkjerådet 2010), masteroppgåva *Forutsetningar for ledelse av Musikk-fra-livets-begynnelse-grupper* (Westgård 2010) og artikkelen *Babysongen i pedagogisk lys om babysong i Den norske kyrkja* (Leganger-Krogstad). Nokre få spørsmål vart til som følgje av tilbakemeldingar frå brukarar av babysongtilbodet eg sjølv har hatt ansvaret for. Påstandane skulle avdekkje korleis respondentane tenkjer m.a. om musikken sin funksjon i babysongtiltak i trusopplæringa i Dnk (PS2), samt korleis musikalske/ikkje-musikalske innhald blir vektlagde (PS3).

Plasseringane (viktigast, nest viktigast osv.) er i analysen gjevne kvar sin lineære verdi, der den øvste plasseringa innanfor kvart tema har høgast verdi. Ved gjennomsnittsrekning kan ein då sjå kva for nokre påstandar som samla sett får flest høge/middels/låge plasseringar ($M=X$). Den høgaste verdien er 7, sidan det var sju påstandar i kvart spørsmål.

Eg vil presentere påstandane i kvart einskild spørsmål særskilt, då desse altså har mykje å seie for drøftinga av to av PS2 og PS3:

Tema for den fyrste rangeringssoppgåva (spørsmål 23) var overordna fokus. Påstandane var desse:

- Babysong i Dnk skal skapa trivsel
- Babysonggruppa i Dnk skal vera ein arena for estetiske opplevingar
- Babysong i Dnk skal formidle kristen tru i praksis
- Det er viktig å motivere til trusopplæring i heimen
- Det er viktig å byggje nettverk
- Babysong i Dnk skal formidle kyrkja sin kultur og tradisjon
- Babysong i Dnk er rekruttering for å få fleire til å gå i kyrkja

Ingen respondentar kommenterte desse påstandane. Av ein eller annan grunn har den siste påstanden ramla ut av statistikken. Eg har leitt etter feil i spørjeskjemaet sjølv, samt vendt meg til leverandøren av surveyprogrammet, men det har ikkje lukkast meg å finne ut kva som kan ha skjedd. Dermed er denne påstanden dessverre ikkje med i analysen.

Neste tema (spørsmål 24) var kristne fokusområde. Påstandane som skulle rangerast, var desse:

- Å be saman er viktig på babysongsamlingane
- Babysong som trusopplæring formidlar åndeleg nærvere
- I babysonggruppa får born og vaksne høve til å møte den treeinige Gud
- Babysong som trusopplæring heng nært saman med dåp
- På babysongsamlingane blir born og vaksne hylla inn i godleik og heilagdom
- Babysongsamlingane kan sjåast som ei gudsteneste for born
- Babysong i trusopplæringa anerkjenner ulike åndelege identitetar

Ingen respondentar kommenterte desse påstandane. Også her har den siste påstanden ramla ut av statistikken. Difor er heller ikkje denne påstanden med i analysen.

Deretter skulle dei følgjande påstandane om kristne innhald rangerast (spørsmål 25):

- Fader Vår og truvedkjenninga er sentrale element i babysongsamlingane
- Det doble kjærleiksbodet (Matt 22,37-40) blir formidla gjennom babysongsamlingane
- Den lokale trusopplæringsplanen er utgangspunkt for val av innhald
- I babysonggruppa får borna kjennskap til den treeinige Gud
- Skaparverket står i sentrum på babysongsamlingane
- Sjølve kunstuttrykka som skaparverket inneheld (dans, song, musikk, bildande kunst etc.), blir gjennom babysong som trusopplæring feira som Guds gode gåver til menneska
- Verbal formidling er viktig på babysongsamlingane

Ingen respondentar kommenterte desse påstandane. Den siste påstanden har også her ramla ut av statistikken.

Rammer for babysong som trusopplæring utgjorde den siste samlinga av påstandar (spørsmål 29):

- Læring bør skje i fellesskap
- Samvera bør ha ein fast "liturgi"
- Ein bør ta i bruk alle sansar i læringsprosessen
- Leiaren bør vera personleg eigna
- Leiaren bør ha formell utdanning
- Babysongsamlingane bør vera fleksible og ha rom for improvisasjon
- Det musikkpedagogiske opplegget bør vera av topp kvalitet
- Kyrkjemusikaren bør vera sentral i babysong som trusopplæring

Ingen respondentar har kommentert desse påstandane heller. Den siste påstanden har ramla ut av statistikken og er dermed ikkje med i den vidare teksten.

Spørsmål 26-28 og 30-31 besto av utsegner som respondentane skulle seie seg meir eller mindre samde i. Spørsmåla involverte bruk av Likert-skala. "Veit ikkje" var òg eit svaralternativ. Også desse spørsmåla skulle bidra til å svara på PS2 og PS3 om musikalske/ikkje-musikalske innhald og/eller musikken sin funksjon i babysongtiltak i trusopplæringa i Dnk.

Respondentane kunne svara "veldig", "over middels", "middels", "under middels", "lite" eller "veit ikkje". I analysen er svaralternativet "veldig" gjeve høgast verdi (5) og "lite" lågast verdi (1). "Veit ikkje" har ikkje fått nokon talverdi i analysen.

Generelle aspekt og sosiale fokusområde var samla i dei fyrste utsegnene:

- Å leike saman er viktig på babysongsamlingane
- Babysong som trusopplæring står i samanheng med lokale planar for t.d. kyrkjemusikk, diakoni, gudstenesteliv el.a.
- På babysongsamlingane ligg fokuset på barnet sitt beste
- Borna får full merksemd frå foreldre/føresette når dei er på babysongsamling
- Nettverksbygging i nærmiljøet står sentralt
- Kontakt og samspel med andre born og vaksne står sentralt
- Babysong som trusopplæring fyller kravet om tilpassing til alle, uansett funksjonsnivå

Åtte respondentar har kommentert dette. Fem kommenterer kravet om tilpassing til alle, uansett funksjonsnivå. Dei tre andre skildrar positive opplevingar eller ringverknader av babysong som trusopplæring.

Dei neste utsegnene gjaldt musikalske fokusområde:

- Babysong som trusopplæring formidlar sentrale salmar knytte til høgtidene
- Topp musikalsk kvalitet er viktig i babysong som trusopplæring
- Syngjeaktivitet, fellesskap i leik, dans til (djuptgripande) musikk etc. kan gje born erfaringa av å vera ein dyrebar skatt og eit meisterverk frå Skaparen si hand
- Å syngje saman er viktig på babysongsamlingane
- Musikken som nyttast på babysongsamlingane, har ein eigenverdi og er dermed eit mål i seg sjølv
- Babysong som trusopplæring er ein musisk aktivitet (med vekt på barnet/mennesket, leik, song, dans, det opphavlege etc.)
- Song og musikk er eit middel til forkynning (underordna Ordet)

Denne gruppa av utsegner er det 13 respondentar som har kommentert. Tre tek til orde for heilskapleg tenking. To rettar kritikk mot språket i undersøkinga. Seks ytrar seg om eller reflekterer over forholdet mellom ord, musikk og forkynning. To gjer greie for andre tankar om verkninga av song og musikk eller babysong generelt.

Dei neste utsegnene handla om moglegheiter knytte til babysong som trusopplæring:

- Babysong som trusopplæring gjev born høve til å uttrykkje seg sjølve, uttrykkje tru, tvil, tilbeding, glede og/eller klage
- Innhaldet i babysongsamlingane ser ut til å gje reiskapar til å praktisere tru heime og i kyrkja
- Gjennom babysong som trusopplæring får deltakarane ein inngangsport til rett tru
- Babysong som trusopplæring gjev høve til å dele tru og liv
- Babysong som trusopplæring ser ut til å byggje religiøs identitet og tilhøyrse
- Musikalsk og kulturell aktivitet er ei god ramme for opplæring i kristen tru
- Kyrkjerommet som kontekst gjev babysongen viktige dimensjonar

50 respondentar har kommentert denne samlinga av utsegner. 30 av kommentarane handlar om kyrkjerommet. Fire er kritiske til omgrepet "rett tru". To kjem med generell kritikk av spørjeskjemaet. Åtte stiller spørsmål ved om babyar kan uttrykkje tru og tvil. Dei siste fire er andre refleksjonar over t.d. trivsel og bruk av verbal formidling.

Nokre påstandar om leiarrolla skulle òg vurderast. Desse var i stor grad utforma på bakgrunn av Westgård (2010) sine konklusjonar:

- Som leiar stiller eg store krav til meg sjølv
- Eg har kunnskap om born sine utviklingsstadium
- Som leiar greier eg å kommunisere på ein måte som verkar å passe både born og vaksne
- Eg reflekterer jamnleg over mitt eige opplegg og mine eigne prestasjonar
- Eg er open for impulsar frå gruppa
- Eg har spesialkompetanse på babysongfeltet
- Som leiar jobbar eg støtt med oppgåver som borna og dei vaksne kan meistre med litt hjelp

14 respondentar valde å kommentere etter dette spørsmålet: Tre kommenterer at det ikkje er dei som har det musikalske ansvaret. Fire fortel at dei har gått på kurs i babysong. To peikar på at dei har realkompetanse. To skriv om tilpassing til gruppa, og fem kjem med relativeringar eller kritikk av formuleringar. Éin reflekterer òg over eigne førebuingar.

Til slutt fekk respondentane ta stilling til nokre utsegner om overordna strukturar i Den norske kyrkja:

- Medlemmane i Den norske kyrkja i dag har stor makt over institusjonen
- Medlemmane i Den norske kyrkja i dag har stor innflyting på babysongområdet i trusopplæringa
- Organisasjonsstruktur har lite å seie for babysong i trusopplæringa i Den norske kyrkja i dag
- Verbalspråket som nyttast i Den norske kyrkja, kan verke framandgjerande på mange i dag
- Musikken som nyttast i Den norske kyrkja, kan verke framandgjerande på mange i dag

- Den norske kyrkja i dag har stor makt over medlemmane
- Den norske kyrkja som institusjon har stor innflyting på babysongområdet i trusopplæringa

16 respondentar valde å kommentere denne gruppa av utsegner, men sidan spørsmålet ikkje er med i analysen, går eg ikkje i detalj om innhaldet i desse.

Spørsmål 30 og 31 i undersøkinga var opne spørsmål som gav rom for å koma med tilleggsopplysningar om babysong generelt og å kommentere sjølve undersøkinga. Det var viktig for meg å opne for dette i tilfelle nokon trongde utlaup for kjensler knytte til babysong eller særleg til undersøkinga. Høvesvis 60 og 48 respondentar nytta seg av dette høvet. Nokre sitat har eg henta herifrå til bruk i arbeidet med resultata/analysen.

3.4.2. Lanseringa

Det var eit poeng for meg å freiste unngå kyrkjelege høgsesongar som jul, påske og konfirmasjon. Dette fordi eg gjekk ut ifrå at svarprosenten då ville bli lågare. Eg lanserte difor undersøkinga den 21.2.2013 til dei fyrste 318 innkomne epostadressene. Den 8.3.2013 hadde eg fått inn eller funne fram til 70 fleire adresser og var klar for 2. lansering. Den 23.4.2013 kom det ein etternølar som dermed fekk 3. lansering heilt for seg sjølv. Alle lanseringane var opne ut april månad 2013, og eg sendte ut inntil to påminningar med nokre vekers mellomrom til dei som ikkje hadde svara med ein gong. Like før påske vart det ikkje sendt ut korkje lanseringar eller påminningar.

Nokre respondentar sendte meg epost i laupet av lanseringsperioden: To av di dei hadde klikka på feil svaralternativ i spørsmål 3 og dermed feilaktig vorte refuserte frå undersøkinga; éin av di han hadde vore uheldig og sletta eposten med linken til undersøkinga. Alle desse fekk ny då ny link tilsendt.

130 mottakarar av invitasjon til spørjeundersøkinga har ikkje opna linken til spørjeskjemaet.

Eg kan ikkje vera sikker på at alle i målgruppa har fått tilbod om å delta i spørjeundersøkinga. Eg har vore avhengig av at kyrkjeverjene har vidaresendt førespurnaden for meg til dei respektive babysongleiarane i prosessen med innsamling av kontaktinformasjon, og/eller at heimesidene eg fann har vore oppdaterte med korrekt kontaktinformasjon. Eg kan altså ha mist potensielle respondentar i denne delen

av forskingsprosessen, men eg kan òg ha lagt til urettmessige epostadresser mellom dei 32 eg fann etter manuell recherche. Eg meiner likevel at eg har gjort ein stor innsats for å få tak i så mange korrekte adresser som mogleg, og eg meiner det er grunnlag for å seie at dei svara eg har fått inn er representative for dei som driv med babysong i Dnk.

3.4.3. Respons

Av 392 utsendte spørjeskjema vart 219 returnerte i utfylt tilstand. 11 personar ynskte eksplisitt ikkje å delta. 32 skjema vart byrja på utan at dei vart avslutta. 130 av mottakarane av undersøkinga (33%) responderte ikkje i det heile.

To respondentar fylte ut to skjema kvar, og éin respondent fekk tilsendt to linkar. Dermed er dei eigentlege responstala 217 svar av ein populasjon på 389. Uansett utrekningsgrunnlag gjev dette ein avrunda svarprosent på 56%, noko eg vurderer som bra.

Av dei 217 som fullførte skjemaet utan å trykke feil, vart seks automatisk sjekka ut av undersøkinga av di dei ikkje oppfylte kriterium for deltaking. Desse er ikkje med i analysen. I samanlikninga på grunnlag av kva musikkutdanning respondentane har, måtte ytterlegare to skjema utelukkast pga. ugyldige svarkombinasjonar nettopp i spørsmålet om musikkutdanning. Det er dermed færre respondentar totalt (N=209) i dei analysane som tek for seg skilnader mellom respondentar med ulik musikkutdanning enn i dei som ser på heile respondentmassen under eitt (N=211).


Ein del respondentar har som nemnt nytta høvet til å kommentere med eigne ord i skjemaet. Når eg i det vidare siterer frå respondentane sine fritekstkommentarar, refererer eg til eit nummer eg har gjeve kvar respondent (også dei av respondentane som har blitt ekskluderte eller som ikkje har fullført). Nummeret fyller kun sitattekniske funksjonar.

3.4.4. Informasjon om respondentane

I det følgjande vil eg presentere nokre bakgrunnsvariablar. Desse er rett nok ikkje i sentrum for problemstillingane mine, men like fullt ein del av spørjeskjemaet, og dei har gjeve nokre innblikk i respondentgruppa.


Dei fleste som har respondert på undersøkinga er kvinner (94%), og dei fleste er i aldersgruppa 31-45 år (nesten dobbelt så mange som i gruppa 46-67 år, endå denne gruppa spenner over fleire år). 91% av respondentane er løna medarbeidarar, 7% er uløna. 2% er usikre eller har vore både løna og uløna.

Alle 19 fylke er representerte (sjå Figur 3.1). Det er flest respondentar frå Hordaland (14%) og færrest frå Troms og Aust-Agder (båe 1%).




Figur 3.1 – Geografisk fordeling av respondentar

9% oppgjev at ingen løna medarbeidarar driv eller medverkar i tiltaket (sjå Figur 3.2). 55% har éin løna medarbeidar i tiltaket, 32% har to og 3% tre løna medarbeidarar. Ingen har over tre løna medarbeidarar med seg.



Figur 3.2 – Løna medarbeidarar i tiltaka


54% oppgjev at ingen uløna medarbeidarar driv eller medverkar i tiltaket (sjå Figur 3.3). 26% oppgjev éin uløna medarbeidar, 12% to og til saman 8% tre, fire eller fem eller fleire uløna medarbeidarar.



Figur 3.3 – Uløna medarbeidarar i tiltaka


59% av respondentane har ansvaret for éi babysonggruppe, 31% for to grupper, 7% for tre og 2% for fire. Tre respondentar oppgjev at dei har ansvaret for høvesvis fem, seks og ti eller fleire grupper. På spørsmål om det finst babysong eller tilsvarande i geografisk tilgrensande kyrkjelydar svarar 82% stadfestande, 14% avkreftande og 3% at dei ikkje veit.

Dei lokale tilboda har i gjennomsnitt fanst i mellom fire og fem år. Det ser ut til å ha blitt starta flest grupper mellom 2009 og 2011 (sjå Figur 3.4), men det finst tilfelle både av at tilboda har fanst i meir enn ti år (6%) og i mindre enn eitt (9%). Nesten ein av fire respondentar (24%) har hatt ansvaret for det lokale tilbodet i under eit år. Ein av fem har hatt ansvaret i 1-2 år, litt færre for 2-3 år, og om lag ein av seks for 3-4 år. Dei resterande 21% fordeler seg på fire til meir enn ti år.



Figur 3.4 – Oppstart av babysonggrupper fordelt over ti år

Det er flest grupper med 6-9 born per samling (Figur 3.5), men det er òg ein del større grupper, slik at gjennomsnittet ligg på ca. 11 born per samling (M=11). Dei minste gruppene har 2-3 born per samling, medan dei største gruppene har over 20 born per samling. Dei minste gruppene utgjer 3% i undersøkinga, dei største 13%.




Figur 3.5 - Tal på born per samling

3.4.5. Analysen

Ved hjelp av surveyprogrammet Analyzer laga eg ein standard frekvensrapport som inkluderte gjennomsnitt (M), varians (R) og standardavvik (S) på grunnlag av alle innkomne svar. Vidare samanlikna eg svara til dei utan noka musikkutdanning, dei med 5-6 års musikkutdanning og dei med mindre enn 5-6 års høgare musikkutdanning men likevel med meir enn ingenting musikkutdanning. Den siste gruppa kunne ha musikklinje frå vidaregåande skule, musikk frå folkehøgskule, 1-2 års høgare musikkutdanning, 3-4 års høgare musikkutdanning, anna musikkutdanning eller kombinasjonar av desse.

I gruppa med 5-6 års musikkutdanning var det 31 respondentar (97% kvinner, 1% menn), i gruppa utan musikkutdanning 72 respondentar (94% kvinner, 6% menn), og i gruppa imellom desse to var det 106 respondentar (92% kvinner, 8% menn).

Det er flest babysongleiarar mellom 31-45 år (Figur 3.6). Kategoriane i spørjeskjemaet er for generelle til at ein kan seie noko presist om den aritmetriske gjennomsnittsalderen hjå dei som driv med babysong i Dnk. Men ein ser at det er færre veldig unge og færre eldre enn i mellomsjiktet.



Figur 3.6 – Babysongleiarar fordelt på aldersgrupper

I alt 478 fritekstkommentarar utgjorde ein ikkje uvesentleg del av datamaterialet mitt. Eg valde å gå ut ifrå det kvantitative materialet i hovudanalysen, men eg ynskte òg å trekkje inn fritekstkommentarane der desse peika i ei bestemt retning. Eg sorterte difor fritekstkommentarane for kvart spørsmål tematisk så godt dette lét seg gjera. Av omsyn til respondentane og med tanke på eit elles unaudsynt stort omfang av vedlegg, har eg ikkje lagt ved det komplette fritekstmaterialet.

Nokre fritekstkommentarar syner at respondentane ikkje har forstått akkurat kva det har vore spørsmål om. Somtid er det innhaldet i påstandar som har vore uklart, men òg sjølve spørsmålsformuleringa har av og til blitt misforstått. Dømet under syner ein fritekstkommentar som eg meiner like gjerne kunne ha vore uttrykt gjennom kryss i skjemaet:

”Enkel servering (frukt og drikke) etter sangstunden. Da lekes det og prates om alt mulig - mye erfaringsutvekslinger, men det har også vært samtaler om tro. Dette er imidlertid uformell prat i smågrupper” (respondent 5).

Slik eg les det, er det kategoriane ”felles måltid”, ”leik”, ”erfaringsutveksling” og ”samtale om tru” som vert skildra her. Ein kontroll av denne respondenten sitt skjema syner at han/ho har kryssa av for ”fri leik”, men at det ikkje er kryssa av for dei tre andre innhalda det vert gjort greie for.

Liknande feil er funne i fritekstkommentarar som gjeld særleg skiljet mellom utdanning innanfor høvesvis pedagogikk, musikk og teologi/kristendom/religionsvitskap o.l. Eg har ikkje funne ut korleis eg i slike tilfelle kunne ha "manipulert" data i surveyprogrammet. Difor er ikkje tabellar o.l. oppdaterte med slike data frå fritekstkommentarar, men i dei tilfella der nokre kommentarar uttrykkjer sterke refleksjonar og/eller der fleire kommentarar peiker i ei bestemt retning, har eg prøvd å ta inn dette som rein tekst.

I den delen av undersøkinga der respondentane skulle rangere påstandar og vurdere utsegner, fann eg ein del engasjerte og engasjerande fritekstkommentarar. Desse har eg òg nytta aktivt i analysen av resultata.

3.4.6. Surveyundersøkinga sin reliabilitet og validitet

Validitet og reliabilitet står i forhold til kvarandre. Fullstendig reliabilitet er ein føresetnad for fullstendig validitet (Patel & Davidson 1995, s. 75). Med ordlyden til Patel & Davidson blir validitet og reliabilitet nesten absoluttistisk. Eg vil heller jobbe ut ifrå at *høg* reliabilitet er ein føresetnad for *høg* validitet.

For å styrkje reliabiliteten og validiteten til undersøkinga, har eg nytta metodetriangulering. Eg har stilt fleire spørsmål som frå ulike perspektiv har kunna peika mot det same siktemålet. Eg har brukt ulike spørsmålstypar og spurt etter både fakta om tiltaka og etter meiningane eller oppfattingane til respondentane. Eg har dessutan brukt litteratur frå ulike fagområde til å spegle innkomne data i.

I arbeidet med å analysere data har det vorte tydeleg at menneskelege vurderingar og omsyn har påverka forskingsprosessen. I utviklinga av spørsmål har eg tidvis med hensikt ynskt å prøve respondentane sine tolkingar, om dei lét seg provosere osb. Eg har dermed til tider gått på tvers av dei sju kriteria som (Mordal 1989, s. 95) meiner gjeld for gode spørsmål. Desse kriteria går i grove trekk ut på å formulere spørsmål som er eintydige, smale, konkrete og balanserte. Dei bør ikkje stille urealistisk høge krav til minne, kunnskap eller fantasi, og dei bør ikkje irritere eller provosere. Med tanke på reliabilitet og validitet er det naturleg å klargjera at eg er medviten om dette.

I dei følgjande avsnitta vil eg gå nærare inn på nokre moment i spørjeskjemaet som har skapt utfordringar. Desse gjeld både tolking av spørsmålsformuleringar og andre forhold.

Utfylling av skjema

I starten av spørjeskjemaet oppgav eg at det ville ta om lag 20 minutt å svara på undersøkinga. Eg kom fram til dette estimatet ved sjølv å klikke meg igjennom undersøkinga og deretter leggje til nokre minutt ekstra. Nokre fritekstkommentarar tyder på at eg har lagt til for lite tid. Det tek nok lenger tid å lesa og vurdere spørsmål for aller fyrste gong enn det eg hadde teke høgd for. Sju respondentar tykkjer at undersøkinga tok for lang tid, og eg utelukkar ikkje at somme kan ha blitt irriterte over dette. Irritasjon og hastverk fører på si side lett til slurv, og eg har ingen garanti for at ikkje somme av svara kan vera mindre gjennomtenkte eller tilfeldige klikk for å bli fortare ferdig. Dette kan sjølvstg ha ført til ei svekking av validiteten i undersøkinga.

Eg ynskte i utgangspunktet å ekskludere dei som dreiv babysong *utanom trusopplæringsreforma* frå undersøkinga. Nokre fritekstkommentarar avslører likevel at ikkje alle respondentane representerer kyrkjelydar som har fått trusopplæringsmidlar, men dei har likevel ikkje blitt ekskluderte. Kanskje har svaralternativet "Nei, kyrkjelyden eg er med i/jobbar i har ikkje trusopplæringsmidlar" blitt oversett i starten av spørjeskjemaet?

Uansett har eg valt å oppheve skiljet mellom dei som har fått og dei som enno ikkje har fått trusopplæringsmidlar. Avgjerda har ikkje berre praktiske årsakar. Ho botnar òg for det fyrste i at dei aller fleste prostia har fått tildelt trusopplæringsmidlar per 2013. Dessutan er definisjonen av trusopplæring i eit større perspektiv slett ikkje uløyseleg knytt til trusopplæringsreforma av 2003; trusopplæring har fanst og finst i nær sagt alle kyrkjelydar uavhengig av statlege tilskot.

Éin respondent vart ekskludert frå undersøkinga som følgje av at eg ved utsendinga av undersøkinga altså såg for meg dette skiljet mellom babysong innanfor og babysong utanfor rammene av trusopplæringsreforma. Éin respondent utgjer om lag 0,5% av respondentane, og dette er ein feilmargin som ikkje utfordrar validiteten til undersøkinga utover det ho kan tole.

Spørsmålstypar

Skaleringsspørsmåla inneheldt relativt mange påstandar som skulle sorterast. Eit aspekt som ein del respondentar har uttrykt misnøye over, er det at ein støtt var nøydd til å rangere *alle* påstandane. Ti respondentar skriv i fritekstkommentarar at dei i somme tilfelle har ynskt å velja somme påstandar heilt bort eller leggje til andre:

”Ved valg av alternative påstander er det flere som virker fremmede, og andre som mangler” (respondent 155).

Når det i somme tilfelle har vore små skilnader mellom gjennomsnittleg rangering for somme av påstandane, kan det tyde på at utvalet av påstandar har vore for omfattande og/eller for lite nyansert. Somme påstandar eller utsegner har òg vore meir tvetydige enn eg på førehand førutsåg.

I utgangspunktet hadde eg utforma spørsmål 23-31 som Likert-baserte skaleringsspørsmål. Undervegs i utforminga av spørjeskjemaet kom ein tanke om å variere forma, sidan undersøkinga kunne verke litt einsformig med så mange skaleringsspørsmål etter kvarandre. Eg gjorde difor om nokre skaleringsspørsmål til prioriteringsoppgåver.

I ettertid kan ein setja fingeren på at ynsket om variasjon kan ha gått ut over validiteten til undersøkinga. I prioriteringsoppgåvene burde tematikken i spørsmålsamlingane dessutan vore heterogen i motsetning til i skaleringsoppgåvene. Eg vil difor ikkje tillegge dei detaljerte rekkjefølgjeresultata altfor mykje tyding, men heller sjå på tendensar til kva som kjem høgast opp eller lågast ned på mange sine prioriteringslister. Ved hjelp av gjennomsnittberekning av desse spørsmåla kan eg få fram eit bilete av kva aspekt mange verdset høgt, og kva aspekt som blir tillagt mindre verdi.

Kartlegging av kvalifikasjonar

For å leggje rammene for løysing av PS1 og PS3, sorterte eg utdanning og realkompetanse på seks spørsmål med ei felles overskrift ”kvalifikasjonar” (spørsmål 17-22). Spørsmåla tok føre seg høvesvis pedagogisk utdanning, erfaring frå pedagogisk praksis, musikkutdanning, erfaring frå musikkpraksis, utdanning innan teologi/kristendom/religionsvitenskap el.l., og erfaring frå praktisk arbeid i kyrkjelyd eller kyrkjeleg organisasjon el.l.

Innanfor kvart av spørsmåla kunne respondentane krysse av for fleire alternativ. Eg hadde ikkje berre tatt med høgare utdanning, men dessutan faglinje på folkehøgskule, bibelskule, vidaregåande musikklinje o.a. Dette gjorde eg i utgangspunktet for å anerkjenne ikkje berre høgare utdanning, men også mindre formelle "utdanningslaup".

Fleksibiliteten i svaralternativa har gjort databasen noko uoversiktleg. Kategoriane innanfor kvart spørsmål var ikkje gjensidig utelukkande, og kategoriane "folkehøgskule", "bibelskule", "kurs med IKO/FMLB" m.fl. let seg ikkje samanlikna kvantitativt med tal på år med høgare utdanning. Det er difor ikkje mogleg å bruke mine data til å seie nøyaktig kor mykje utdanning ein gjennomsnittleg medarbeidar i babysong i trusopplæringa har.

Eg bestemte meg difor for å gruppere respondentgruppa etter dei som har mest musikkutdanning (5-6 år), dei som har ikkje har noko musikkutdanning, og dei som har kryssa av for eitt eller fleire av dei andre alternativ. Eg har valt å fokusere på det eg kan seie noko om i staden for å prøve å seie noko om noko eg ikkje har datagrunnlag for å finne ut av. Eg har rett nok mist eit aspekt som kunne vore nyttig, men eg har sikra validiteten ved å tilpasse analysen til materialet.

Systematikken med seks kategoriar av kvalifikasjonar har ikkje vore heilt gjennomsiiktig for respondentane. Fleire respondentar har kryssa av for "andre" utdanningar og brukt kommentarfeltet til å leggje til realkompetanse under utdanning. Helst skulle desse vore plassert riktig, men i og med dei fleste samstundes har sett eit kryss ein annan stad i spørsmålet, havnar dei som regel inn under riktig gruppe. Dermed er ikkje validiteten nemneverdig svekt som følgje av desse misforståingane.

Det var uheldig at det var mogleg å krysse av for både "ingen" og likevel velja andre alternativ. Reint logisk kan ein ikkje ha inga musikalsk utdanning, og samstundes 1-2 års høgare utdanning innan musikk. To respondentar måtte difor utelukkast frå den delen av analysen som tok utgangspunkt i nettopp musikkutdanning. Ved at eg kunne utelukke desse to respondentane, fjerna eg eit moment som kunne ha svekt validiteten ytterlegare.

Språk

Språket i undersøkinga – og til dels særleg det nynorske språket – har nok vore ei barriere for somme. Fire respondentar kommenterer nynorsken negativt, og fleire skriv at nokre formuleringar var vanskelege å forstå. Éin skriv at det var "en ordrik undersøkelse" (respondent 56), ein annan at språket var "svulstig" (respondent 165). Eg er heller ikkje framand for at språket kan ha vore ein medverkande grunn til at nokre har avbrote utfyllinga av spørjeskjemaet undervegs.

På same tid er det sju som i siste spørsmål kommenterer på nynorsk, og det er endåtil nokre få som rosar språkdrakta. Éin skriv at det "har vore ganske tydeleg og lett oppfatteleg innhald" (respondent 220). Ein annan skriv at han tykkjer "det var en godt utformet undersøkelse" (respondent 57) og vidare at han "ELSKER det nynorske språket!" (ibid.). Det kan tyde på at undersøkinga har treft nynorskbrukarar og språkentusiastar elles.

Populasjon

Det er mange som er inne i babysongtiltaka, både som ansvarlege for det musikalske og som administratorar, trusopplærarar el.a. Somme slike "samarbeidspartnarar" er nemnte i ein del fritekstkommentarar, og det kan hende at nokre respondentar har tenkt at andre hadde vore betre eigna til å svara på spørsmåla i undersøkinga. Eg kan ikkje utelukke at somme har svara på vegne av samarbeidspartnarar. Dermed *kan* eigen utdanningsbakgrunn, realkompetanse, vektlegging av innhald etc. ha blitt blanda saman med samarbeidspartnarar sine tenkte svar.

Samstundes kan ein ikkje i nokon situasjon vera 100% sikker på at ikkje nokon svarar feil – medvite eller umedvite. Eg ynskjer ikkje å mistenkje nokon som driv med babysong i Den norske kyrkja for å svara lygnaktig, og eg vel å stole på at den jamne respondent har svara etter beste evne og i beste meining.

Eg er klar over at ein støtt vil kunne finne unntak og mindre tydelege tendensar dersom ein går inn og ser på kvar einskilde respondent sine svar i forhold til kvarandre. Å føreta ei slik detaljert analyse ville sprengje rammene for denne oppgåva, og eg konsentrerer meg difor i analysen om dei generelle tendensane, samt om å drøfte nokre funn som eg ser på som særleg interessante.

Oppsummering

Eg har i dette kapitlet freista å syne at eg er medvite om feilmargar i undersøkinga og at eg er budd på å ta omsyn til dette i analysen.

3.4.7. Generaliserbarheit

Å generalisere er å dra slutningar frå eit utval til alle i ei gruppe. Dersom ein ynskjer å gjera dette, plukkar ein ut ein tilfeldig eller stratifisert andel av den gruppa ein ynskjer å forske på, og utvalet blir representantar for heile gruppa.

Eg ynskte å ha med ein så stor del som mogleg av dei som driv med babysong i Den norske kyrkja. Dette mellom anna fordi populasjonen var lite kartlagt på førehand, slik at eg vanskeleg ville kunne seie om ein eventuell andel av totalmassen ville vera representativ. Eg tok dessutan utgangspunkt i at den potensielle respondentmassen min kunne koma til å vera nokså heterogen på dei punkta eg ynskte å sjå nærmare på. Eg vurderte det difor som tenleg å freiste å få inn så mange svar som mogleg, og lét vera å gjera utval.

Eg har gjort eit omfattande forsøk på å kartleggje og å nå ut til alle som driv med babysong i Dnk, og det er visse usikkerheitsmoment ved om eg har nådd heile populasjonen eller ikkje. Eg trur likevel eg har lukkast godt nok til at eg med stor grad av sannsyn kan generalisere statistisk frå innsamla data til populasjonen.

4. Resultat


4.1. Generelt om populasjonen

Den gjennomsnittlege babysongleiar i Den norske kyrkja verkar å vera ei kvinne mellom 31 og 45 år, tilsett i løna stilling med minst éin løna medarbeidar og/eller ingen eller få uløna medarbeidarar som òg medverkar i 1-2 babysonggrupper. I det neste kapittelet vil eg sjå nærmare på musikalsk og annan utdanningsbakgrunn hjå babysongleiarane. Dette heng saman med PS1. Vidare vil eg i kapittel 4.4 sjå på musikken sin funksjon (PS2). I kapittel 4.5 ser eg på tendensar til likskapar og ulikskapar ved korleis babysongleiarar med ulik musikkutdanning vektlegg song og musikk i tiltaka (PS3).

4.2. Utdanningsbakgrunn (PS1)

Figur 4.1 syner at 45% av respondentane har 5-6 års høgare pedagogisk utdanning. 39% av respondentane oppgjev at dei har 3-4 års høgare pedagogisk utdanning, og 10% at dei har 1-2 års høgare pedagogisk utdanning. Det er 14 respondentar som har kryssa av for fleire enn eitt av "trinna" for høgare pedagogisk utdanning. Den totale prosentdelen for respondentar med høgare pedagogisk utdanning blir dermed 88%.


22% av respondentane oppgjev at dei har pedagogikk frå folkehøgskule, og 46% har gått på kurs med IKO, FMLB el.l. Gruppene er delvis overlappende. Dette gjeld for alle spørsmåla om utdanning og praktisk erfaring. 3% oppgjev at dei ikkje har noko pedagogisk utdanning i det heile.



Figur 4.1 – Pedagogisk utdanning

Det at 88% har høgare pedagogisk utdanning, må seiast å vera mykje, særleg når ein tek i betraktning at korkje presteutdanninga, kantorutdanninga, eller diakonutdanninga ser ut til å ha pedagogikk som ein fast del av studieplanen (jfr. Diakonhjemmet Høgskole; Christensen 2013; Det teologiske menighetsfakultet a og b). Likeeins må 3% utan noko pedagogisk utdanning vurderast som lite.

89% av respondentane har erfaring frå betalt pedagogisk praksis, 82% frå oppseding av egne born, og 80% har erfaring frå friviljug arbeid (Figur 4.2). 8% fortel om andre praksisfelt, og éin einskild respondent oppgjev at han ikkje har noko pedagogisk erfaring. Ved nærmare ettersyn av denne respondenten sitt skjema, tyder andre svar på at spørsmålet anten er misforstått eller at avkryssinga er resultat av eit "feilklikk".




Figur 4.2 – Pedagogisk praksis

Det er altså minst 89% som har erfaring frå ein eller annan pedagogisk praksis. Dette er mykje, men ikkje overraskande sett i samanheng med at dei fleste har pedagogisk utdanning og at dei fleste er over 30 år.

17% av respondentane oppgjev at dei har musikk frå vidaregåande skule, og 17% at dei har musikk frå folkehøgskule (Figur 4.3). 18% oppgjev andre kurs/utdanningar innan musikk. Gruppene er delvis overlappende. 35% har inga formell musikkutdanning.


16% av respondentane oppgjev at dei har 1-2 års høgare utdanning innan musikk (Figur 4.3). 12% har 3-4 års høgare musikkutdanning, og 15% oppgjev at dei har 5-6 års høgare utdanning innan musikk. Mellom desse er det fire som har kryssa av for fleire enn eitt av "trinna" for høgare musikkutdanning. Den totale prosentdelen for respondentar med høgare musikkutdanning blir dermed 42%.



Figur 4.3 – Musikkutdanning

I høve til den høge andelen av respondentar med pedagogisk utdanning, er det under halvparten så mange som har høgare utdanning innan musikk (42%). I tillegg er det nesten tolv gongar så mange som ikkje har noko høgare musikkutdanning (35%). Det er dessutan færre som har alternativ utdanningsbakgrunn: Ingen av kategoriane for musikkutdanning får meir enn 17% avkryssingar, mot høvesvis 22% og 46% for alternative pedagogiske utdanningsvegar. Dette er overraskande, tatt i betraktning både at det pedagogiske utdanningsnivået er såpass høgt og at 90% av tiltaka har ei nemning som peikar mot eit musikalsk innhald.


79% av respondentane har hatt musikkopplæring i barneår. 77% har erfaring frå friviljug arbeid, 68% frå løna arbeid. 4% svarar at dei ikkje veit, og 3% har anna erfaring, i hovudsak frå kor og band (Figur 4.4).



Figur 4.4 – Musikalsk praksis

Det er oppsiktsvekkjande at berre 68% oppgjev at dei har erfaring frå løna musikalsk arbeid, samstundes med at 91% av respondentane på annan plass i skjemaet har oppgjeve at dei er løna medarbeidarar i babysongtataka. Minst 91% burde dermed ha oppgjeve at dei har erfaring frå musikalsk arbeid. Kvifor dette differerer såpass mykje, kan tyde på at ei eller fleire spørsmålsformuleringar har blitt misforstått. Til dømes kan somme kanskje ha tenkt at babysongarbeidet ikkje tel som musikalsk arbeid, eller at noverande stilling ikkje skulle reknast med. Det kan òg evt. vera ei nedgradering av eige arbeid.


16% har 5-6 års høgare utdanning innan kristendom, teologi, religionsvitenskap el.l. (Figur 4.5). 15% har 3-4 års høgare utdanning av denne typen, 33% 1-2 års høgare utdanning, og 24% har gått på bibelskule el.l. 27% har inga utdanning innan kristendom, teologi, religionsvitenskap el.l. 1% veit ikkje, og 9% oppgjev andre alternativ. Desse er i hovudsak studieeiningar på mindre enn eitt år, eller fag som inngår i kyrkjemusikkutdanninga.



Figur 4.5 – Utdanning innan kristendom, teologi, religionsvitskap el.l.

Til saman 60% av respondentane oppgjev altså at dei har høgare utdanning innan kristendom, teologi, religionsvitskap el.l. Dette er om lag midt mellom nivået for høgare pedagogisk utdanning og for høgare musikkutdanning. Det at 27% oppgjev at dei ikkje har noko utdanning innan kristendom, teologi, religionsvitskap el.l., tykkjest å vera mykje når ein tek i betrakning at det er snakk om arbeid i ein samanheng der trusopplæring er hovudformålet.

86% har erfaring frå løna kyrkjeleg stilling (Figur 4.6). 10% har erfaring som lekpredikant el.l, og 52% har erfaring som søndagsskulelærer el.l. 11% oppgjev andre (misjon, friviljug ungdomsarbeid og korarbeid), og 6% oppgjev inga erfaring frå praktisk arbeid i kyrkjelyd/kyrkjeleg organisasjon el.l.




Figur 4.6 – Erfaring frå praktisk arbeid i kyrkjelyd/kyrkjeleg organisasjon e.l.

Som eg peika på over, er det diskrepans mellom data om erfaring frå løna stilling og data om erfaring frå løna musikalsk arbeid. Slik er det – om enn ikkje like mykje som i tilfellet som gjaldt løna musikalsk arbeid – også for data om erfaring frå løna kyrkjeleg stilling: 86% oppgjev at dei har slik erfaring, medan 91% oppgjev at dei er løna medarbeidarar. 6% oppgjev dessutan at dei ikkje har noko erfaring frå praktisk arbeid i kyrkjelyd/kyrkjeleg organisasjon e.l. Misforståing eller mistolking er ei forklaring, evt. at nokre har administrative stillingar og ikkje reknar det som praktisk arbeid.

4.3. Rammer for tiltaka

Det følgjande kapittelet inneheld data som danner grunnlaget for resultatane knytte til PS2 og PS3.

Figur 4.7 syner fordelinga av svar på spørsmål 12: 210 av 211 respondentar ($\approx 100\%$) svarar at kristne songar går att på alle samlingane. Dans/rørsle til musikk (94%), frilynte songar (91%) og felles måltid (91%) er òg i toppsjiktet når det gjeld faste innhald.




Figur 4.7 – Faste innhald på alle samlingar

Eit mellomstjikt dannar desse innhald: Spel på instrument ved leiar, velsigning, spel på instrument ved deltakarane, musikk til å syngje til frå innspela medium, musikk til å lytte til frå innspela medium, erfaringsutveksling og ljostenning.

Minst brukt fast på kvar samling er fri leik, bøn, forteljingar frå Bibelen, samtale om tru, bli kjent-leikar og andakt/forkynning.

I tillegg har 13% oppgitt andre innhald: enkel servering, uformell prat, diverse kurs (fyrstehjelp, sikring av born i bil, tannhelse, fleirspråklegheit, grensesetjing, kost/ernæring), sanseopplevingar med diverse materiale (chiffonstoff, såpebobler, ballongar, figurar), vogging i pledd, regler, handdøkker, rytmisk kommunikasjon (call/response), frilynte rim og regler, folkeopplysning om kyrkjeåret og dåpspanning. Deltaking på gudsteneste ved kursslutt er òg nemnt.


Figur 4.8 syner fordelinga av svara til respondentane i spørsmål 14: Song og musikk blir ifølgje 82% av respondentane vektlagt over middels eller sterkt i forhold til andre innhald i informasjonen om tiltaket. I gjennomføringa seier 95% av respondentane at song og musikk blir vektlagt over middels eller sterkt. I evalueringa er talet 67%, og i vidareutviklinga av tiltaket 80%. Totalt 5% av svara på spørsmåla om vektlegging av song og musikk er prega av usikkerheit ("veit ikkje"). Denne tendensen er sterkast i spørsmåla om evaluering (12%) og vidareutvikling (6%).



Figur 4.8 – Vektlegging av song og musikk


Fritekstkommentarane til dette spørsmålet tyder på at ein del ikkje har forstått kva som er meint med "andre innhald" i spørsmålsformuleringa. Mange ytrar slikt som at song og musikk er "greia" (respondent 4), "inngangsportalen" (respondent 133) eller rett og slett "hovudinnhaldet i Babysangen" (respondent 28). Ytringane svekkjer likevel ikkje biletet av at song og musikk spelar ei viktig rolle.

Det har blitt starta flest babysonggrupper mellom 2009 og 2011 (Figur 4.9). Dette har truleg med innføringa av trusopplæringsreforma å gjera.




Figur 4.9 – Oppstart av babysonggrupper siste ti år

24% av respondentane har berre hatt ansvaret for det lokale tilbodet i inntil eitt år, og ytterlegare 20% i inntil to år (Figur 4.10):



Figur 4.10 – Kontinuitet babysongleiarar

Det finst grupper med berre to til fem born per samling, og det finst ein god del store grupper med 15 til over 20 born per samling (Figur 4.11):



Figur 4.11 – Gruppestorleik

21 av 29 som oppgjev at dei i gjennomsnitt har to til fem born til stades, oppgjev samstundes at det finst andre babysonggrupper i nærleiken.

4.4. Musikken sin funksjon i babysongtiltak i Den norske kyrkja (PS2)

90% av tiltaka har ei nemning som inneheld "song" eller som er kopla med andre omgrep som framhevar musikalske aspekt ved tiltaka. Dette er etter mi meining ein klar indikator på at musikken har ein viktig funksjon i babysongtiltak i Dnk. Men kva slags funksjon? Ikkje berre kva respondentane seier eksplisitt om innhald, musikk og musikalske aktivitetar kan seie noko om dette. Også korleis andre forhold blir vektlagde, samt kva som *ikkje* blir sagt, kan avsløre noko av det same.

For å finne svar på PS2 om musikken sin funksjon i babysongtiltak i Dnk, vil eg i det følgjande skildre funn som går ut ifrå måten respondentane rangerer påstandar om ulike temaområde på. Denne utlegginga førebur samstundes PS3 om likskapar/ulikskapar mellom respondentar med ulik musikkutdanning. Der det er naturleg, vil eg samanlikne data frå rangeringsoppgåvene med det eg har fått vita om faste innhald i alle samlingar (jfr. Figur 4.7). Desse kan vera med på å underbyggje eller avkrefte tolkingar av kva funksjon respondentane tillegg musikken i babysongtiltaka.

Det aritmetriske gjennomsnittet som er oppgjeve ved sida av kvar påstand i kapittel 4.4.1 til 4.4.4, baserer på at dei sju moglege plasseringane i kvar spørsmålskategori har fått kvar sin verdi i analysen; 1 for lågaste plassering og 7 for høgaste plassering. Når M nærmar seg 7, er det altså mange høge plasseringar. Når M nærmar seg 1, er det uttrykk for mange låge plasseringar.

4.4.1. Overordna fokus

Tabell 4.1 syner at trivselsaspektet får høgast gjennomsnittleg oppslutning ($M=5,41$) av dei overordna fokusområda. Det å formidle kristen tru i praksis får nest høgast oppslutning ($M=5,29$), og det å motivere til trusopplæring i heimen kjem på ein god tredjeplass ($M=4,97$).

Lågast på lista kjem synet på babysonggruppa som ein arena for estetiske opplevingar ($M=2,48$). Formidling av kyrkja sin kultur og tradisjon får heller ikkje særleg høg oppslutning ($M=2,98$). Dei andre påstandane om overordna fokus landar i eit mellomsjikt. Tabellen syner òg at det er stor varians for mange av svara.

Tabell 4.1 - Overordna fokus

Statistikk	Gjennomsnittlig	Varians	SA
Babysong i Dnk skal skapa trivsel.	5.41	2.70	1.64
Babysonggruppa i Dnk skal vera ein arena for estetiske opplevingar.	2.48	3.06	1.75
Babysong i Dnk skal formidle kristen tru i praksis.	5.29	2.60	1.61
Det er viktig å motivere til trusopplæring i heimen.	4.97	2.37	1.54
Det er viktig å byggje nettverk.	4.31	2.45	1.57
Babysong i Dnk skal formidle kyrkja sin kultur og tradisjon.	2.98	2.36	1.54
Totalt	4.24	3.86	1.97

Samanliknar ein desse funna med kva innhald som toppar babysongtiltaka (jfr. Figur 4.7), tykkjest det å vera fleire samsvarande moment her: Kristne songar, dans/rørsle til musikk, frilynte songar og felles måltid må alle kunne tenkjast å støtte opp om trivselsaspektet, som er tyngst vektlagt av dei overordna fokusområda. Det at babysong som arena for estetiske opplevingar er lågt prioritert, er derimot mindre openbert samanlikna med prioriterte innhald: Song, musikk, dans o.a. burde jo kunne gje nettopp estetiske opplevingar.

Det er naudsynt å klargjera skilnaden mellom kristen tru i praksis og kyrkja sin kultur og tradisjon. Eg har med hensikt ikkje utdjupa dette i spørjeskjemaet. Eg ynskte å sjå om respondentane verka å vera samde seg imellom om tolkinga av orda i påstandane, eller om svara (og dermed moglegvis tolkingane) sprika i fleire retningar.

Kyrkja sin kultur og tradisjon på den eine sida og kristen tru i praksis på den andre er nytta ulikt i den vedtekne trusopplæringsplanen (jfr. Kyrkjerådet 2010, s. 14). Her er vektlegginga av tradisjonen knytt til kulturarvtenking og ein undervisningstradisjon som framhevar truvedkjenninga, bønene, boda, sakramenta, historia og tradisjonane. Kristen tru i praksis er knytt til bøn, feiring av gudsteneste, bibellesing, lovsong, teneste og etterfølging.

Det er ein del tilsynelatande overlappingar her, men eg les likevel ein skilnad på eit plan som handlar om det som er felles tradisjonelt versus det som er individuelle uttrykk for tru. Kulturarvperspektivet fokuserer på det felleskyrkjelege og på dei mest slitesterke tradisjonane. Eg les òg den tradisjonelle liturgisk-estetiske kyrkjemusikken inn her.

Praksisperspektivet framelskar den personlege trua og kvar einskild si utøving av trua si – åleine eller i fellesskap med andre.

Det at kultur og tradisjon er lågt prioritert av respondentane, er i samsvar med ein del av dei faste innhald; det vert lagt lite vekt på bøn og forteljingar frå Bibelen. Seinare skal vi sjå at formidling av salmar knytte til høgtider heller ikkje blir sterkt vektlagd.

Det å syngje lovsongar heng nært saman med kristen tru i praksis. Kristne songar er til stades i alle babysongtiltaka, og i somme samanhengar kan også frilynte songar sjåast som lovsongar. Sjølv om dei fleste som driv med babysong, er løna medarbeidarar, kan ein dessutan sjå det å skipe i stand babysongtreff som ei teneste og eit døme til etterfølging. Velsigning og ljostenning går att som fast innhald i om lag halvparten av tiltaka, og dette må òg kunne definerast som kristen tru i praksis. Bøn, forteljingar frå Bibelen og samtale om tru er derimot mellom dei sjeldnaste faste innhald i babysong, endå Kyrkjerådet (2010) meiner at desse er knytte til kristen tru i praksis.

Oppsummering

I og med det er klare skilnader gjennom temmeleg ulik gjennomsnittleg rangering for dei to påstandane om høvesvis kyrkja sin kultur og tradisjon og kristen tru i praksis, tolkar eg at dei fleste av respondentane anten kjenner trusopplæringsplanen så godt at dei har skilnadene under huden allereie, eventuelt har dei under utfylling av skjemaet intuitivt oppfatta nyansane nokonlunde på same måte og rangert påstandane deretter.

Det er i stor grad samsvar mellom respondentane sine vektlagde innhald og overordna fokus i babysongtiltaka. Musikken sin funksjon kan på basis av dei høgast rangerte overordna fokusområda sjåast som ein trivselsfaktor og eit middel til formidling av individuelle praksisar for kristen tru. Dette samsvarar òg med inntrykket av kva som blir vektlagd i litteraturen og plandokumenta for babysong i Dnk. Det at babysong som arena for estetiske erfaringar får lågare oppslutning, tykkjest å gje musikken og det musiske mindre verdi som estetiske uttrykk.

4.4.2. Kristne fokusområde

Tabell 4.2 syner at påstanden om at babysong som trusopplæring formidlar åndeleg nærvere får høgast oppslutning av dei kristne fokusområda ($M=5,05$). Men påstanden om at babysong som trusopplæring heng nært saman med dåp, får nesten like stor

oppslutning (M=5,01). Høg oppslutning får også påstanden om at born og vaksne blir hylla inn i godleik og herlegdom på babysongsamlingane (M=4,90). Påstanden om at born og vaksne får høve til å møte den treeinige Gud får litt over middels oppslutning (M=4,71). Tabellen syner òg at det er stor varians for mange av svara.

Det er dei færreste som meiner at det er viktig å be saman på babysongsamlingane. (M=2,16). Det er òg under middels semje om at babysongsamlingane kan sjåast som ei gudsteneste for born (M=3,34).

Tabell 4.2 – Kristne fokusområde

Statistikk	Gjennomsnittlig	Varians	SA
Å be saman er viktig på babysongsamlingane.	2.16	1.93	1.39
Babysong som trusopplæring formidlar åndeleg nærvere.	5.05	2.26	1.50
I babysonggruppa får born og vaksne høve til å møte den treeinige Gud.	4.71	2.82	1.68
Babysong som trusopplæring heng nært saman med dåp.	5.01	3.16	1.78
På babysongsamlingane blir born og vaksne hylla inn i godleik og heilagdom.	4.90	2.86	1.69
Babysongsamlingane kan sjåast som ei gudsteneste for born.	3.34	3.24	1.80
Totalt	4.19	3.87	1.97

Det er ikkje vanskeleg å førestille seg at ulike musikalske aktivitetar kan hylle nokon og einkvar inn i godleik og herlegdom. Sidan babysong inneheld mykje song, musikk og dans, er det samsvar mellom musikalsk innhald og kva respondentane tenkjer om tiltaket.

Det er òg lett å førestille seg at musikk kan formidle åndeleg nærvere, sjølv om ein alltid kan diskutere kva musikk som best fyller denne funksjonen, samt korleis og i kva kontekst musikken bør presenterast. Går ein bort frå det reint musikalske, tenkjer eg at velsigning og ljostenning i vel så stor grad kan formidle åndeleg nærvere som musikalske innhald i babysongsamanheng. Men truleg har formidling av åndeleg nærvere mindre å gjera med innhaldet sjølv enn med utføringa av det. Såleis er det umogleg å seie om det er samsvar mellom denne høgt rangerte påstanden og førekomsten av innhald i samlingane.

Det er tydeleg at mange av respondentane er opptekne av dåp og samanhengen mellom dåp og babysong som trusopplæring. Synet på kva dåpen *er* eller kva dåpen *symboliserer*, vil kunne variere mellom respondentane. Dette skal eg ikkje gå i detalj på her, av di det snarare høyrer heime i ein grunnleggjande teologisk diskusjon enn i ein musikkteologisk/musikkpedagogisk diskusjon. Det er ikkje eit utprega musikalsk perspektiv slik eg ser det, men framhevar at babysong i trusopplæringa primært har religiøse målsetjingar i motsetning til t.d. tilsvarande arbeid i musikk- og kulturskular.

Både kristne og frilynte songar ligg altså på innhaldstoppen i babysongtiltaka. Data frå undersøkinga kan dermed tyde på tendensar til ei oppfatting av at song generelt kan formidle åndeleg nærvere, uavhengig av verbalt innhald. Eg kan likevel ikkje utelukke at dei frilynte songane er der fyrst og fremst av andre grunnar. Uansett om musikken skal gjera born og vaksne trygge og glade eller formidle åndeleg nærvere, kan ein vone at både born og vaksne blir hylla inn i godleik og herlegdom, slik respondentane meiner er tilfellet.

Det at det er få som er opptekne av å be saman på babysongsamlingane, samsvarar med førekomsten av bøn i samlingane. Bøn er ein meditatív tilstand eller aktivitet som kan vera både verbal og non-verbal. I neste kapittel skal vi sjå at verbale uttrykk som Fader Vår og truvedkjenninga ikkje vert høgt prioriterte av respondentane.

Eg hadde venta at fleire såg babysongsamlingane som gudstenester for born. Ser ein på kva respondentane elles har sagt om innhald, kan det sjå ut som om dei kanskje knyter omgrepet "gudsteneste" til bøn, andakt/forkynning og ljostenning meir enn til det musikalske eller det dramaturgiske. Då blir det forståeleg kvifor ikkje så mange ser babysongsamlingane som gudstenester for born.

Oppsummering

Dersom respondentane meiner at det er musikken som gjer at babysongdeltakarane møter den treeinige Gud og erfarer åndeleg nærvere, er dette ei anerkjenning av musikken og det musiske sin eigenverdi. Dette er motsett av utslaget av førre spørsmålsgruppe, der musikken i større grad såg ut til å vera eit middel til noko ikkje-musikalsk.

4.4.3. Kristne innhald

Tabell 4.3 syner at påstanden om kunstuttrykka som Guds gode gaver til menneska toppar påstandsgruppa om kristne innhald (M=5,58) med god margin. Dessutan meiner ein del av respondentane at skaparverket i stor grad står i sentrum på babysongsamlingane (M=4,84).

Påstanden om Fader Vår og truedkjeninga som sentrale element i babysongsamlingane er den einaste påstanden som skiljer seg ut med tydeleg låg opplutning (M=1,85). Resten av påstandane får middels høg opplutning. Tabellen syner òg at det er stor varians for mange av svara.

Tabell 4.3 – Kristne innhald

Statistikk	Gjennomsnittlig	Varians	SA
Fader Vår og truedkjeninga er sentrale element i babysongsamlingane.	1.85	1.34	1.16
Det doble kjærleiksbodet (Matt 22,37-40) blir formidla gjennom babysongsamlingane.	4.53	2.69	1.64
Den lokale trusopplæringsplanen er utgangspunkt for val av innhald.	4.19	3.15	1.78
I babysonggruppa får borna kjennskap til den treeinige Gud.	4.49	2.69	1.64
Skaparverket står i sentrum på babysongsamlingane.	4.84	2.62	1.62
Sjølve kunstuttrykka som skaparverket inneheld (dans, song, musikk, bildande kunst etc.), blir gjennom babysong som trusopplæring feira som Guds gode gaver til menneska.	5.58	2.50	1.58
Totalt	4.25	3.82	1.96

Saman uttrykkjer dei topplasserte påstandane eit syn på kunsten og musikken som noko verdifullt i seg sjølv. Det at Fader Vår og truedkjeninga får låg rangering, samsvarar med den låge førekomsten av bøn og samtale om tru på innhaldssida. Det kan forsterke inntrykket av at respondentane i liten grad legg vekt på verbale medium i babysongtiltaka.

Før eg går vidare, må eg oppklare nyanseskilnadene i to av påstandane i spørsmål 24 og 25. Det er etter mi meining vesentlege skilnader mellom det å "få kjennskap til" den treeinige Gud og det å få høve til å "møte" den treeinige Gud. Om ein "får kjennskap til" noko, meiner eg at ein i hovudsak får teoretisk kunnskap om emnet (viten). Det å "møte" noko handlar derimot om noko meir djuptgripande (erkjenning) i bollnowsk eller danningsteoretisk forstand (jfr. t.d. Hanken & Johansen 1998, s. ff).

Både desse to påstandane får over middels oppslutning. Svare til respondentane sprikar ein del, og kanskje har formuleringane vore vanskelege å tolke eintydig. Eg tykkjer uansett det er litt pussig at det å få kjennskap til den treeinige Gud kjem godt over middels når det er snakk om aktivitetar for så små born som dei i babysongtiltaka.

Oppsummering

Med tanke på musikken sin funksjon, gjer eit fokus på eit "møte med den treeinige Gud" musikken til mål i seg sjølv, medan eit fokus på å få "kjennskap til den treeinige Gud" leier tanken mot at musikken blir eit middel til formidling av ein verbal bodskap.

Mange meiner at sjølve kunstuttrykka som skaparverket inneheld (dans, song, musikk, bildande kunst etc.) gjennom babysong som trusopplæring blir feira som Guds gode gåver til menneska. Dette er eit syn som styrkjer musikken sin eigenverdi. Det at verbale uttrykksformer som Fader Vår og truedkjenninga kjem langt ned på rangeringslista, tyder på at musikken ikkje naudsynleg er underordna orda, og dette kan også vera indirekte opplyftande for musikken si stilling eller tyding.

4.4.4. Rammer

Det er tydelege tendensar til sams prioriteringar av påstandane som handlar om rammer (Tabell 4.4). Mange legg vekt på at leiaren bør vera personleg eigna (M=5,45) og at ein bør ta i bruk alle sansar i læringsprosessen (M=5,02). Formell utdanning får den lågaste gjennomsnittlege rangeringa (M=1,95), og det er heller ikkje særleg stor oppslutning om påstanden om topp musikkpedagogisk kvalitet (M=2,69).

Tabell 4.4 – Rammer

Statistikk	Gjennomsnittlig	Varians	SA
Læring bør skje i fellesskap.	4.26	2.77	1.66
Samvera bør ha ein fast "liturgi".	4.48	3.69	1.92
Ein bør ta i bruk alle sansar i læringsprosessen.	5.02	2.17	1.47
Leiaren bør vera personleg eigna.	5.45	2.44	1.56
Leiaren bør ha formell utdanning.	1.95	1.83	1.35
Babysongsamlingane bør vera fleksible og ha rom for improvisasjon.	4.37	2.51	1.58

Statistikk	Gjennomsnittlig	Varians	SA
Det musikkpedagogiske opplegget bør vera av topp kvalitet.	2.69	3.11	1.76
Totalt	4.15	3.87	1.97

Det at personleg eignaheit blir sett på som viktigare enn formell utdanning, kan underkjenne utdanning som ein kvalitetssikrande faktor. Samstundes anerkjenner det realkompetanse. Dette samsvarar etter mitt syn med tendensen til å leggje vekt på uformelle overordna aspekt som trivsel, kristen tru i praksis og trusopplæring i heimen.

Oppsummering

I dei fire førre delkapitla har eg gjort greie for svara på rangeringsoppgåvene frå spørjeskjemaet. I dei neste kapitla vil eg gjera greie for korleis respondentane har vurdert ulike utsegner. Likert-skalaen går i det følgjande frå 1 til 5. Når gjennomsnittsverdien (M) nærmar seg 5, er det dermed eit teikn på at mange har vurdert utsegnene positivt. Når verdien av M nærmar seg 1, er det eit uttrykk for låge vurderingar frå respondentane.

4.4.5. Sosiale fokusområde

Tabell 4.5 syner at det er brei semje om at borna får full merksemd frå foreldre/føresette når dei er på babysongsamling (M=4,80) og om at fokuset ligg på barnet sitt beste (M=4,79).


I eit mellomsjikt ligg nettverksbygging i nærmiljøet (M=4,47), kontakt og samspel med andre born og vaksne (M=4,51), samt at babysong som trusopplæring fyller kravet om tilpassing til alle uansett funksjonsnivå (M=4,51). Sjølv om desse utsegnene ligg litt under dei utsegnene som flest er samde i, vektlegg respondentane i relativt høg grad også alle desse.

Minst og middels samde er respondentane i at babysong som trusopplæring står i samanheng med lokale planar for t.d. kyrkjemusikk, diakoni, gudstenesteliv el.a. (M=3,40). Å leike saman på babysongsamlingane blir også berre vektlagt litt over middels (M=3,74).

Tabell 4.5 – Sosiale fokusområde

Statistikk	Gjennomsnittlig	Varians	SA
Å leike saman er viktig på babysongsamlingane.	3.74	1.05	1.02
Babysong som trusopplæring står i samanheng med lokale planar for t.d. kyrkjemusikk, diakoni, gudstenesteliv el.a.	3.40	1.17	1.08
På babysongsamlingane ligg fokuset på barnet sitt beste.	4.79	0.24	0.49
Borna får full merksemd frå foreldre/føresette når dei er på babysongsamling.	4.80	0.18	0.43
Nettverksbygging i nærmiljøet står sentralt.	4.47	0.49	0.70
Kontakt og samspel med andre born og vaksne står sentralt.	4.51	0.54	0.73
Babysong som trusopplæring fyller kravet om tilpassing til alle, uansett funksjonsnivå.	4.51	0.45	0.67
Totalt	4.32	0.83	0.91

Figur 4.12 syner fordelinga av svaralternativa for dei sosiale fokusområda grafisk. Respondentane kjenner seg på det jamne "veldig" eller "over middels" godt att i dei fleste utsegnene. Berre unntaksvis har nokon svara "lite" eller "under middels". Det verkar som om det sosiale perspektivet generelt vert høgt verdsett av dei aller fleste som driv med babysong som trusopplæring.



Figur 4.12 - Sosiale fokusområde

Nokre fritekstkommentarar tyder på at integrering av minoritetsspråklige og tilrettelegging for døve er utfordrande for somme. Med tanke på at babysongsamlingane kan innehalde mykje non-verbal kommunikasjon og mange musiske element i tillegg til

det reint auditivt-musikalske, tenkjer eg likevel det burde vera mogleg ved hjelp av enkle grep å leggje til rette også for minoritetsspråklege, døve el.a.

Det er få som er "veldig" samde i at det er viktig å leike saman på babysongsamlingane. Kan hende er leik eit omgrep som blir assosiert med litt større born, slik at det får mindre relevans når ein har med dei aller minste å gjera?

For samanhengen mellom ulike planar er det ikkje overraskande at det er stor spreing i respondentane sine vurderingar. Trusopplæringsplanar er i utvikling og hjå somme kanskje berre skrivebordsutkast enno. Andre kyrkjelydar er kanskje komne lenger pga. tidlege tildelingar. Dermed blir det varierende i kva grad lokale trusopplæringsplanar står i samheng med andre planar. Dette samsvarar dessutan med respondentane sine svar på tidlegare spørsmål om i kva grad den lokale trusopplæringsplanen er utgangspunkt for val av innhald.

Oppsummering

Sosiale aspekt er høgt prioriterte mellom så godt som alle respondentane. Dette samsvarar med det vi har sett om at trivsel blir vektlagt tungt.

4.4.6. Musikalske fokusområde

Tabell 4.6 syner at det å syngje saman er viktig for dei aller fleste respondentane (M=4,85). Likeeins blir babysong som trusopplæring sett på som ein musisk aktivitet (M=4,53). At syngjeaktivitet, fellesskap i leik, dans til (djuptgripande) musikk etc. kan gje born erfaringa av å vera ein dyrebar skatt og eit meisterverk frå Skaparen si hand, er òg mange samde i (M=4,46).

Det er òg brei semje om at musikken som nyttast på babysongsamlingane har ein eigenverdi og dermed er eit mål i seg sjølv (M=4,23). Samstundes får utsegna om at musikken er eit middel til forkynning nesten like stor gjennomsnittleg oppslutning (M=4,17).


To utsegner om musikalske fokusområde får tydeleg lågare gjennomsnittleg vurdering enn dei andre. Det gjeld for det fyrste om babysong som trusopplæring formidlar sentrale salmar knytte til høgtidene (M=2,38) og for det andre om topp musikalsk

kvalitet er viktig i babysong som trusopplæring (M=3,06). Her er det mange som har svara "middels", "under middels" eller "lite".

Tabell 4.6 – Musikalske fokusområde

Statistikk	Gjennomsnittlig	Varians	SA
Babysong som trusopplæring formidlar sentrale salmar knytte til høgtidene.	2.38	1.13	1.06
Topp musikalsk kvalitet er viktig i babysong som trusopplæring.	3.06	1.28	1.13
Syngjeaktivitet, fellesskap i leik, dans til (djuptgripande) musikk etc. kan gje born erfaringa av å vera ein dyrebar skatt og eit meisterverk frå Skaparen si hand.	4.46	0.57	0.75
Å syngje saman er viktig på babysongsamlingane.	4.85	0.15	0.39
Musikken som nyttast på babysongsamlingane, har ein eigenverdi og er dermed eit mål i seg sjølv.	4.23	0.71	0.84
Babysong som trusopplæring er ein musisk aktivitet (med vekt på barnet/mennesket, leik, song, dans, det opphavlege etc.).	4.53	0.45	0.67
Song og musikk er eit middel til forkynning (underordna Ordet).	4.17	1.21	1.10
Totalt	3.95	1.47	1.21

Figur 4.13 syner fordelinga av respondentane sine svar i spørsmålet om musikalske fokusområde.



Figur 4.13 – Musikalske fokusområde

Kyrkjerådet (2010) føreskriv eksplisitt at born og unge i trusopplæringa "skal lære sentrale salmar knytte til høgtidene" (s. 16). Det er ikkje dermed sagt at dette må

leggjast til dei fyrste leveåra, og det er i tråd med forventingane mine at denne utsegna får lågast vurdering i denne spørsmålskategorien. Eg tykkjer likevel det er interessant at *nokre* respondentar (12%) meiner denne utsegna speglar det lokale babysongtiltaket "veldig" eller "over middels". Det syner at ulike babysongleiarar er ulike i arbeidsmåtane sine.

Oppsummering

Dei tre topplasserte påstandane går hand i hand, men dei omfattar litt ulike område. I den aller høgast vektlagde utsegna er det snakk om "å syngje saman". Det er vekt på songen og på fellesskapen i songen. Dei to andre påstandane er ikkje avgrensa til song, men omfattar vidtfamnande musiske aktivitetar. Dessutan er viktighetsperspektivet konkretisert i meir eksistensiell tyding, noko som gjer at dei frå eit musikkpedagogisk og musikkteologisk perspektiv får større tyngd. Respondentane har i litt større grad fokus på fellesskapsperspektivet.

Det er forvirrende at både musikken sin eigenverdi og musikken som middel til forkynning (underordna Ordet) får så høg gjennomsnittleg vurdering. Dette er på mange måtar motsetningar av kvarandre, i alle fall dersom "Ordet" blir tolka i verbal forstand. Rett nok er det fleire "veit ikkje" for den siste av desse. Det tyder på at i alle fall nokre respondentar kan ha stussa over denne.

4.4.7. Moglegheiter

Tabell 4.7 syner at respondentane er mest samde i at musikalsk og kulturell aktivitet er ei god ramme for opplæring i kristen tru (M=4,42). Utsegna om at innhaldet i babysongsamlingane gjev reiskapar til å praktisere tru heime og i kyrkja får òg høg oppslutning (M=4,12).

Minst samde er respondentane i at babysong som trusopplæring gjev born høve til å uttrykkje seg sjølv, uttrykkje tru, tvil, tilbeding, glede og/eller klage (M=3,15). Berre 35% har kryssa av for "veldig" eller "over middels" her. Om lag ti respondentar har reagert på ordlyden, som her uttrykt:

"Barna er under 1 år, og uttrykker derfor ikke tro og tvil, glede og klage med ord" (respondent 56).


Tabell 4.7 – Moglegheiter

Statistikk	Gjennomsnittlig	Varians	SA
Babysong som trusopplæring gjev born høve til å uttrykkje seg sjølve, uttrykkje tru, tvil, tilbeding, glede og/eller klage.	3.15	1.46	1.21
Innhaldet i babysongsamlingane ser ut til å gje reiskapar til å praktisere tru heime og i kyrkja.	4.12	0.63	0.79
Gjennom babysong som trusopplæring får deltakarane ein inngangsport til rett tru.	3.51	1.38	1.17
Babysong som trusopplæring gjev høve til å dele tru og liv.	3.82	0.87	0.93
Babysong som trusopplæring ser ut til å byggje religiøs identitet og tilhøyrsl.	3.80	0.83	0.91
Musikalsk og kulturell aktivitet er ei god ramme for opplæring i kristen tru.	4.42	0.57	0.75
Kyrkjerommet som kontekst gjev babysongen viktige dimensjonar.	3.98	1.49	1.22
Totalt	3.83	1.16	1.08

Figur 4.14 syner fordelinga av respondentane sine svar i spørsmålet om moglegheiter knytte til babysong som trusopplæring. Det er generelt litt færre enn det var i den føregåande spørsmålskategorien som er "veldig" samde i utsegnene som handlar om moglegheiter knytte til babysong som trusopplæring. Det er ein del som har valt "over middels" eller "middels". Det er dessutan fleire "veit ikkje" mellom desse svara enn i dei føregåande spørsmåla. Høgaste og lågaste gjennomsnitt ligg nærmare kvarandre enn i alle dei andre spørsmålskategoriane.

Mange har brukt fritekstkommentarfeltet til å peike på fleire tvetydige eller mangelfulle utsegner i denne kategorien, som til dømes denne respondenten:

"Generelt om alle påstandane i denne undersøkinga: Mange av dei er farga på ein måte som eg ikkje kjenner meg igjen i, ville ikkje sagt det akkurat slik sjølv. Det gjer at rangeringa blir vanskelig" (respondent 170).



Figur 4.14 – Moglegheiter

63% av respondentane er "veldig" eller "over middels" samde i at kyrkjerommet gjev babysongen viktige dimensjonar. Men det er òg mange som har valt den andre enden av skalaen, ikkje minst kategorien "veit ikkje". Fritekstkommentarar klargjer dette spriket: Det er ein del som av ulike grunnar har babysongsamlingane i andre lokale enn kyrkjerommet: Somme stader er kyrkjerommet for stort eller for kaldt, andre stader er det for trangt eller manglar naudsynte fasilitetar.

Det er til saman 26% som har gjeve utsegna om at babysong som trusopplæring er ein inngangsport til rett tru vurderinga "lite", "under middels" eller "veit ikkje". Likevel ligg hovudvekta på "veldig" eller "over middels" (til saman 51%).

Ein stor del av spissformuleringane har som før nemnt vore medvite frå mi side. Formuleringa om "rett tru" var formulert slik nettopp for å sjå kor mange som ville reagere på dette. Det er fire respondentar som har ytra seg særleg sterkt kritisk til formuleringa "rett tru", som her:

"Hva er 'rett tru'? Ville ikke svare på det spørsmålet" (respondent 117).

Oppsummering

Både utsegnene det er høgast gjennomsnittleg semje om talar om musikken som ei ramme eller eit verkemiddel. Respondentane har i tidlegare spørsmål vore relativt samstemde i å framheve det musiske og musikalske sin eigenverdi. Det kan no verke som om denne retninga vert justert.

Det at det blir stilt spørsmål ved om babyar kan uttrykkje tvil og tru, seier etter mitt syn noko om både menneskesyn og syn på aktiviteten babysong. Det kan verke som om somme – medvite eller ikkje – ser babyane som mottakarar som skal leiast inn på ein førehandsbestemt veg, og ikkje som aktivt samhandlande deltakarar med sine eigne, alderstypiske, non-verbale reiskapar til å uttrykkje seg med. Babysongaktiviteten blir heller ikkje tilkjent potensialet av å vera ein tilbydar av slike reiskapar.

Det at om lag éin av fire er tvilande eller kritiske til om babysong som trusopplæring er ein inngangsport til rett tru, tyder på at dette er ei moglegheit som er mindre relevant for babysongleiarane enn kva dei fleste av dei andre påstandane og utsegnene i spørjeskjemaet er. Men det er likevel om lag éin av to som meiner at babysong som trusopplæring i "veldig" eller "over middels" stor grad er ein inngangsport til rett tru.

Dette gjev assosiasjonar til indoktrinering og eit instrumentelt musikkssyn. Det er rett nok ikkje sikkert alle har vore merksame på tydinga i spissformuleringa, men ut av dette les eg at respondentane er delte i synet på om babysong som trusopplæring er ein inngangsport til rett tru: Det finst både ein skepsis til ein definisjon av kva som er "rett

tru", og samstundes tolkar eg ein reduksjon av musikken si meining frå dei respondentane som "aksepterer" utsegna.


4.4.8. Leiarrolla

Tabell 4.8 syner at dei alle fleste respondentane vurderer at dei i stor grad er opne for impulsar frå gruppa (M=4,47). Det same gjeld jamnleg refleksjon over eige opplegg og eigne prestasjonar (M=4,38) og kommunikasjon med både born og vaksne (4,36).

To utsegner skiljer seg ut med tydeleg lågare vurdering enn dei andre. Dette gjeld i kva grad respondentane har spesialkompetanse på babysongfeltet (M=3,10) og om dei jobbar med oppgåver som borna og dei vaksne kan meistre med litt hjelp (M=3,69).

Tabell 4.8 – Leiarrolla

Statistikk	Gjennomsnittlig	Varians	SA
Som leiar stiller eg store krav til meg sjølv.	4.31	0.40	0.63
Eg har kunnskap om born sine utviklingsstadium.	4.07	0.62	0.79
Som leiar greier eg å kommunisere på ein måte som verkar å passe både born og vaksne.	4.36	0.38	0.62
Eg reflekterer jamnleg over mitt eige opplegg og mine eigne prestasjonar.	4.38	0.42	0.65
Eg er open for impulsar frå gruppa.	4.47	0.37	0.61
Eg har spesialkompetanse på babysongfeltet.	3.10	1.26	1.12
Som leiar jobbar eg støtt med oppgåver som borna og dei vaksne kan meistre med litt hjelp.	3.69	0.99	0.99
Totalt	4.06	0.84	0.92



Figur 4.15 – Leiarrolla

Det er til saman høvesvis 27% og 18% som svarar "under middels", "lite" eller "veit ikkje" i dei to utsegnene som respondentane er minst samde i. For dei andre utsegnene er det mindre variasjonar, men sterk overvekt på "veldig" og "over middels".

Grafikken syner at til saman 91% av respondentane svarar at dei stiller "veldig" eller "over middels" høge krav til seg sjølve som leiarar. Like mange reflekterer jamnleg over sitt eige opplegg og sine eigne prestasjonar. 92% kommuniserer godt med både born og vaksne, og heile 95% er "veldig" eller "over middels" opne for impulsar frå gruppa. 78% er "veldig" eller "over middels" samde i at dei har kunnskap om born sine utviklingsstadium.

Oppsummering

Det er overraskande at babysongleiarane på den eine sida har høge tankar om korleis dei jobbar praktisk, men på den andre sida ikkje meiner dei har spesialkompetanse på babysongfeltet. Det kan tyde på ei nedvurdering av eit arbeid som truleg er meir kompetent enn det respondentane vågar å gje uttrykk for. Det kan òg tyde at ein tenkjer på spesialkompetanse som einstydinge med spissa, formell kompetanse.

4.5. Likskapar og ulikskapar mellom grupper med ulik musikkutdanning (PS3)

I kapittel 4.4 har eg gått data frå spørjeundersøkinga etter i saumane for å skritte opp ein veg mot eit svar på PS2 om musikken sin funksjon. I kapittel 4.5 vender eg meg mot funn knytte til PS3 og tek for meg likskapar og ulikskapar mellom grupper med ulik musikkutdanning. Eg forenklar i denne samanhengen omgrepsapparatet til "gruppe A" (N=72), som viser til dei som ikkje har noko musikkutdanning, "gruppe B" (N=106), som viser til gruppa med anna musikkutdanning, og "gruppe C" (N=31), som viser til gruppa med 5-6-års musikkutdanning.

4.5.1. Utdanning/praktisk erfaring

91% av respondentane i gruppe C har også 5-6 års pedagogisk utdanning. For gruppe A og B er talet høvesvis 45% og 40%. I gruppene A og B er det fleire med 3-4 års pedagogisk utdanning: høvesvis 39% og 46% (mot 19% i gruppe C). Nær halvparten i både gruppe A og gruppe B har kurs frå IKO, FMLB el.l. I gruppe C er det færre som har slike kurs (34%). Den pedagogiske praksiserfaringa er nokså lik i dei tre gruppene.

Gruppe C har hatt noko meir musikkopplæring i barneår (94% mot høvesvis 79% og 80% i dei andre gruppene). Gruppe C har òg litt mindre erfaring frå friviljug musikalsk arbeid og meir erfaring frå løna arbeid med musikk.

25% av respondentane i gruppe A har 5-6 års utdanning innan teologi/kristendom/religionsvitenskap el.l. Dette er ein om lag dobbelt så stor andel som i gruppe B og gruppe C, der tala er høvesvis 11% og 13%. Samstundes er det 29% i gruppe A som ikkje har noko utdanning innan teologi/kristendom/religionsvitenskap el.l., mot 21% i gruppe B og 41% i gruppe C. Samla sett har gruppe A det høgaste gjennomsnittlege kompetansenivået på fagområdet teologi, kristendom, religionsvitenskap el.l.; gruppe C har det lågaste. I gruppe C ser det òg ut til å vera noko mindre praktisk erfaring frå arbeid i kyrkjelyd/kyrkjeleg organisasjon. Dette gjeld såvel løna som uløna arbeid.

I gruppe C har alle tiltaka ei nemning som peikar mot song eller annan musikalsk aktivitet. I både gruppe A og gruppe B har 90% av tiltaka ei slik nemning.

4.5.2. Faste innhald

Felles for alle gruppene er at kristne songar, frilynte songar og dans/rørsle til musikk går att som innhald i så godt som alle samlingar (Tabell 4.9). I tillegg er felles måltid fast samlingspunkt i dei fleste av tiltaka i dei ulike gruppene. For innhalda erfaringsutveksling og velsigning er det heller ikkje dei store skilnadene mellom gruppene. Andakt/forkynning er det på det jamne lite av, likeeins bli kjent-leikar og forteljingar frå Bibelen.

I gruppe C er det 41% som oppgjev at dei har musikk til å *syngje* til frå innspela medium på kvar samling. Dette er ein god del færre enn i både gruppe A og i gruppe B, der 61% oppgjev det same. I gruppe B er det flest som har musikk til å *lytte* til frå innspela medium; heile 62%. Tala for gruppe A og gruppe C er høvesvis 51% og 52% i dette punktet.

Det er flest leiarar i gruppe B (71%) og i gruppe C (75%) som nyttar eige instrumentalspel på samlingane. Spel på instrument ved deltakarane blir nytta fast av 59% i gruppe B og 75% i gruppe C. Gruppe A ligg lågare med 51% svar som stadfestar instrumentalspel. Dette gjeld både om leiar spelar sjølv eller om det er deltakarane som spelar på instrument.

Samtale om tru er mindre brukt av respondentane i gruppe C (6%) enn i dei andre gruppene (både 11%). Bøn er minst brukt av gruppe A (20%) og mest brukt av gruppe C (31%). For ljostenning er det omvendt; 43% i gruppe A og 34% i gruppe C.

Tabell 4.9 – Samanlikning av faste innhald i gruppe A, B og C

Nummer / Prosent (%-kolonne)	Gruppe A	Gruppe B	Gruppe C
Kristne songar	99 % 71	100 % 106	100 % 31
Frilynte songar	92 % 66	91 % 96	91 % 28
Dans/rørsle til musikk	90 % 65	95 % 101	100 % 31
Musikk til å lytte til frå innspela medium	51 % 37	62 % 66	50 % 15
Musikk til å syngje til frå innspela medium	60 % 43	61 % 65	41 % 13
Spel på instrument v/meg som leiar	51 % 37	71 % 75	75 % 24
Spel på instrument v/deltakarane (born og/eller vaksne)	50 % 36	59 % 63	75 % 23
Forteljingar frå Bibelen	11 % 8	8 % 9	22 % 6
Fri leik	26 % 19	28 % 30	22 % 7
Felles måltid	88 % 63	93 % 99	91 % 28
Samtale om tru	11 % 8	11 % 12	6 % 2
Erfaringsutveksling (vedr. mating, barnesjukdomar, soving etc.)	63 % 45	51 % 54	63 % 20
Bli kjent-leikar	6 % 4	6 % 6	13 % 4
Andakt/forkynning	6 % 4	4 % 4	3 % 1
Velsigning	60 % 43	59 % 63	59 % 19
Bøn	18 % 13	28 % 30	31 % 9
Ljostenning	42 % 30	48 % 51	34 % 10
Andre (utdjup under)	6 % 4	16 % 17	19 % 6
Respondentar i kvar av gruppene:	100% N=72	100% N=106	100% N=31

4.5.3. Vektlegging av song og musikk

Når det gjeld vektlegging av song og musikk i forhold til andre innhald, er det gjennomsnittleg stor semje om dette (Tabell 4.10). I alle gruppene er det særst få som

har svara "under middels" eller "svakt" på nokon av spørsmåla om dette. På to spørsmål er det ein del som har svara "veit ikkje". Dette gjeld i fyrste rekkje spørsmålet om vektlegging av song og musikk i evalueringa av tiltaket. Her har 11% frå gruppe A, 14% frå gruppe B og 6% frå gruppe C svara "veit ikkje".

Tabell 4.10 – Samanlikning av vektlegging av song og musikk i gruppe A, B og C

Benchmarking (Genomsnitt)	Gruppe A	Gruppe B	Gruppe C
- i informasjonen om tiltaket?	4.25	4.31	4.29
- i gjennomføringa av tiltaket?	4.51	4.61	4.74
- i evalueringa av tiltaket?	4.09	4.14	4.21
- i vidareutviklinga av tiltaket?	4.20	4.29	4.60
Totalt	4.27	4.34	4.46

Tabell 4.11, Tabell 4.12, Tabell 4.13 og Tabell 4.14 syner at fordelinga av svaralternativ følgjer eit mønster innanfor kvart einskilde spørsmål: Det er forholdsvis litt fleire i gruppe C som har svara "sterkt" på alle spørsmåla, medan det er tilsvarande fleire i gruppe A som har svara "over middels". Gruppe B følgjer i hovudsak gruppe A. Respondentane i gruppe C meiner altså at dei i gjennomsnitt vektlegg song og musikk sterkare enn respondentane i gruppe A og B.

Det er minst gjennomsnittleg skilnad når det gjeld vektlegging av informasjonen om tiltaka. Dernest kjem evalueringa av tiltaka. I svara som gjeld gjennomføringa av tiltaka og vidareutviklinga av tiltaka, er det noko større skilnader mellom dei tre gruppene.

Tabell 4.11 – Vektlegging av song og musikk i informasjonen om tiltaket (samanlikning)

Nummer / Prosent	Sterkt (= 5)	Over middels (= 4)	Middels (= 3)	Under middels (= 2)	Svakt (= 1)	Veit ikkje	Totalt
Gruppe A	46 % 33	39 % 28	11 % 8	3 % 2	1 % 1	0 % 0	100 % 72
Gruppe B	49 % 52	31 % 33	16 % 17	0 % 0	1 % 1	3 % 3	100 % 106
Gruppe C	55 % 17	26 % 8	16 % 5	0 % 0	3 % 1	0 % 0	100 % 31

Tabell 4.12 – Vektlegging av song og musikk i gjennomføringa av tiltaket (samanlikning)

Nummer /	Sterkt	Over middels	Middels	Under	Svakt	Veit	Totalt
----------	--------	--------------	---------	-------	-------	------	--------

Prosent	middels					ikkje	
	(= 5)	(= 4)	(= 3)	(= 2)	(= 1)		
Gruppe A	58 %	36 %	4 %	1 %	0 %	0 %	100 %
	42	26	3	1	0	0	72
Gruppe B	62 %	33 %	3 %	0 %	0 %	2 %	100 %
	66	35	3	0	0	2	106
Gruppe C	81 %	13 %	6 %	0 %	0 %	0 %	100 %
	25	4	2	0	0	0	31

Tabell 4.13 – Vektlegging av song og musikk i evalueringa av tiltaket (samanlikning)

Nummer / Prosent	Sterkt	Over middels	Middels	Under middels	Svakt	Veit ikkje	Totalt
	(= 5)	(= 4)	(= 3)	(= 2)	(= 1)		
Gruppe A	33 %	32 %	22 %	1 %	0 %	11 %	100 %
	24	23	16	1	0	8	72
Gruppe B	33 %	35 %	16 %	1 %	1 %	14 %	100 %
	35	37	17	1	1	15	106
Gruppe C	52 %	16 %	23 %	0 %	3 %	6 %	100 %
	16	5	7	0	1	2	31

Tabell 4.14 – Vektlegging av song og musikk i vidareutviklinga av tiltaket (samanlikning)

Nummer / Prosent	Sterkt	Over middels	Middels	Under middels	Svakt	Veit ikkje	Totalt
	(= 5)	(= 4)	(= 3)	(= 2)	(= 1)		
Gruppe A	42 %	35 %	19 %	1 %	0 %	3 %	100 %
	30	25	14	1	0	2	72
Gruppe B	42 %	38 %	10 %	1 %	1 %	8 %	100 %
	44	40	11	1	1	9	106
Gruppe C	68 %	19 %	10 %	0 %	0 %	3 %	100 %
	21	6	3	0	0	1	31

I siste del av kapittel 4.5.3 vil eg ta for meg eit utval av svara på spørsmål 23-31 og sjå på korleis dei tre gruppene har svara på desse. Utvalet baserer på mi vurdering av kva som er mest relevant for PS3.

Det relativt brei semje mellom gruppene om at babysong i Dnk skal skapa trivsel og formidle kristen tru i praksis. Respondentane i gruppe A er likevel litt meir opptekne av både trivselsaspektet (M=5,53) og formidling av kristen tru i praksis (M=5,46). Gruppe C er mindre oppteken av trivselsaspektet (M=4,81).

I gruppe C er det fleire respondentar som gjev påstanden om at babysong i trusopplæringa i Dnk skal formidle kyrkja sin kultur og tradisjon noko meir tyngd (M=3,25) enn i dei andre gruppene. For gruppe A er M=2,88, og for gruppe B er M=2,96. Gruppe C verdset også påstanden om at babysonggruppa i Dnk skal vera ein arena for

estetiske opplevingar høgare enn dei andre (M=3,71). Skilnaden er relativt stor til både gruppe B (M=2,46) og gruppe A (M=2,00).

Respondentane i gruppe C er meir opptekne av at leiaren bør ha formell utdanning (M=2,90) enn respondentane i gruppe A (M=1,56) og gruppe B (M=1,93). Gruppe C meiner òg i størst grad at det musikkpedagogiske opplegget bør vera av topp kvalitet (M=4,28). Det er eit stort sprang frå gruppe C til både gruppe A (M=2,16) og gruppe B (M=2,58) i dette spørsmålet.

Det er små skilnader mellom gruppene når det gjeld rangering av sosiale fokusområde.

I spørsmålet om musikken sin eigenverdi er gjennomsnittet i gruppene berre i liten grad forskjellige. I spørsmålet om song og musikk er eit middel til forkynning (underordna Ordet) er det heller ikkje dei store skilnadene.

Gruppe C er mest samd i at babysong som trusopplæring formidlar sentrale salmar knytte til høgtidene. Gruppe C skiljer seg dessutan mykje frå dei andre ved at fleire meiner at topp musikalsk kvalitet er viktig i babysong som trusopplæring (M=3,94). Dei andre gruppene ligg på høvesvis M=2,83 og M=2,98.

I alle gruppene er det brei semje om at musikalsk og kulturell aktivitet er ei god ramme for opplæring i kristen tru, samt om at innhaldet i babysongsamlingane ser ut til å gje reiskapar til å praktisere tru heime og i kyrkja.

Gruppe C er meir samd enn dei andre gruppene i at babysong som trusopplæring gjev born høve til å uttrykkje seg sjølv, uttrykkje tru, tvil, tilbeding, glede og/eller klage (M=3,73 mot høvesvis M=3,02 og M=3,06).

Gruppe C har litt høgare vurdering av samtlege av påstandane om leiarrolla (M=4,33) samanlikna med gruppe A (M=3,98) og gruppe B (M=4,05). Respondentane i gruppe C vurderer i størst grad at dei jamnleg reflekterer over eigne prestasjonar, stiller store krav til seg sjølv og er opne for impulsar frå gruppa. Gruppe A og gruppe B svarar òg stadfestande på dette, men er litt meir tilbakehaldne enn gruppe C.

I spørsmålet om spesialkompetanse på babysongfeltet, kjenner gruppe C seg klart best att (M=3,57). Gruppe B vurderer ikkje sin eigen spesialkompetanse veldig mykje svakare (M=3,21), men til gruppe A er det eit større sprang (M=2,76).

Oppsummering

Eg har funne både likskapar og ulikskapar i vektlegginga av musikalske/ikkje-musikalske mål og innhald mellom dei som har mest musikkutdanning (gruppe C), dei som ikkje har noko musikkutdanning (gruppe A) og dei som har meir enn ingenting men mindre enn 5-6 års høgare musikkutdanning (gruppe B).

Det er ein liten tendens til at gruppe C ytrar eit noko sterkare medvit om musikalske innhald og om musikken sin eigenverdi samanlikna med dei utan eller med mindre musikkutdanning. Særleg er eigenvurderinga deira om vektlegginga av slike innhald sterkare enn dei andre respondentgruppene sine eigenvurderingar. Men tendensen er likevel mindre enn eg hadde venta.

Alle gruppene har som venta høg førekomst av musisering i tiltaka (ulike songar, dans og rørsle til musikk). Gruppe B utfordrar i størst grad deltakarane til aktiv musisering og aktiv lytting.

5. Diskusjon

I kapittel fem vil eg drøfte dei tre problemstillingane mine på bakgrunn av empiriske data og det teoretiske rammeverket eg har stilt opp. Eg har dermed fokus på resultatane frå spørjeundersøkinga, på musikkteologi og på religions sosiologi når eg drøftar

PS1: Kva slags utdanningsbakgrunn (musikalsk eller annan) har dei som driv med babysong i trusopplæringa i Den norske kyrkja?

PS2: Kva funksjon har musikken i babysongtiltak i trusopplæringa i Dnk?

PS3: Korleis blir musikalske/ikkje-musikalske mål og innhald vektlagde mellom dei med høgast formell musikkutdanning samanlikna med dei som ikkje har noko formell musikkutdanning?

Aller fyrst vil eg likevel for overblikket si skuld sjå på nokre allmennsosiologiske variablar.

5.1. Generelt om populasjonen

Kjønn

Ein kan spekulere over kvifor det er så mange kvinner i høve til menn som driv med babysong. Kan det ha med at det tradisjonelt er ei lågstatusoppgåve å jobbe med små born, eller at kvinner kanskje i større grad enn menn føler behov for å ha nokon å møte på dagtid når dei er heime med små born? Eller kan det ha å gjera med at kvinnelege babysongleiarar trekkjer fleire i målgruppa, som trass alt oftast er mødrer (sjølv om heimeverande fedrar også er velkomne til å koma med borna sine)? Grunnane til kvinneovertalet kan vera mange, men det er uansett ingen tvil om at det er vesentleg fleire kvinner enn menn som driv med babysong i trusopplæringa i Dnk.

Alder

Alder er relativt. Eg vil påstå at eit fleirtal på mellom 31-45 år er relativt ungt i kyrkjeleg samanheng. Mine egne erfaringar tilseier at gjennomsnittleg alder i ein stab i Den norske kyrkja fort kan liggje på godt over 50 år. Det kan sjå ut som om babysong rekrutterer ein del middelaldrande (eller i vår samanheng "yngre") kvinner til arbeid i

Den norske kyrkja. Grunnane til dette kan vera dei same som antyda vedrørande kjønn. Det kan òg vera grunnar som ikkje er knytte spesifikt til babysong; kanskje trusopplæringsreforma generelt trekkjer kvinner i denne aldersgruppa? Det har ikkje den føreliggjande undersøkinga grunnlag for å seie noko om, men det er mogleg å tenkje seg at feltet er attraktivt for denne delen av befolkinga.

Tilsetjingsforhold

Når ein andel på 91% er løna medarbeidarar, seier det klart at det å ha ansvar for babysong i Dnk i liten grad er friviljug arbeid. Om oppgåva tradisjonelt kan ha hatt låg status, slik eg antyda i avsnittet om den høge kvinneandelen, er løn likevel eit uttrykk for verdsetting av arbeidet. Det er også eit ganske anna bilete enn det Årsvoll (2002) teikna av babysongtilbodet til Frelsesarmeen, der nesten ingen var løna medarbeidarar for eit tiårs tid sidan. Dette kan vera eit resultat av satsing på feltet, konkret av trusopplæringsreforma og tildeling av trusopplæringsmidlar til kyrkjelydane i seinare tid. Det kan òg vera ei følgje av at babysong har blitt verdsett nettopp som eit vellukka trusopplæringstiltak gjennom forsøksperioden.

I undersøkinga si fann Årsvoll (2002) at "lederne [...] som gjør dette som lønnet arbeid [...] sliter hardt for synliggjøring og forståelse av dette som et viktig yrke" (Årsvoll 2002, s. 136). Uansett om dette har endra seg eller framleis gjeld for babysongleiarar innanfor Frelsesarmeen (eller i vår samanheng Dnk) eller ikkje i dag, peikar konstateringa på ein problematikk omkring forventningar og omkring rettferdiggingering av faglegheit. Denne problematikken vil eg tru ein kan møte både som løna og uløna medarbeidar og både med og utan formell kompetanse.

Det at 54% av respondentane rapporterer om at det ikkje er nokon uløna medarbeidarar i tiltaka, forsterkar inntrykket av at babysong ikkje er basert på friviljug arbeid. Erfaring tilseier at Dnk sine aktivitetar både tradisjonelt og framleis i stor grad er drivne av uløna medarbeidarar. Ein kan spørja seg om overvekta av løna medarbeidarar er eit resultat av forventningar om at trusopplæringsmidlar skal resultere i aktivitetar drivne av tilsette trusopplærarar. Eller kan hende gjeld fråveret av friviljuge krefter berre babysong, som ofte er ein føremiddagsaktivitet?

Det kan forresten vera verdt å fundere over kva som skjer med samspelet mellom stab og friviljuge når færre uløna er engasjerte i aktivitetane. Den norske kyrkja er ein

mangeledda organisasjon, ofte med ulike råd og utval innanfor til dels vekslende soknegrenser, og med mange engasjerte og positive menneske i både løna og uløna verv. Ein artikkel om skulekorpsdirigentar sine arbeidstilhøve (Odland 2013) tek for seg potensielle utfordringar med friviljuge som arbeidsgjevarar til musikarar. Artikkelen kan lesast som ein parallell til forholda i Dnk. Artikkelen tilseier at gode samarbeidstilhøve på tvers av råd, utval, fagfelt og arbeidsgjevarliner er naudsynt for å få den lokale verksemda til å fungere.

5.2. Utdanningsbakgrunn (PS1)

Den gjennomsnittlege babysongleiar har høgare pedagogisk utdanning og rikeleg med pedagogisk praksiserfaring. Han har som ein hovudregel noko musikkutdanning (høgare eller lågare) og godt med musikalsk praksiserfaring, og som ein hovudregel noko utdanning innan teologi/kristendom/religionsvitskap el.l. og godt med erfaring frå praktisk arbeid i kyrkjelyd/kyrkjeleg organisasjon el.l. Om lag éin av to har kurs i regi av IKO, FMLB el.l.

Når det er 91% løna medarbeidarar, og når 90% av tiltaka har ei nemning som inviterer til musikalsk aktivitet, er det overraskande at så mange som 35% av respondentane ikkje har noko musikkutdanning i det heile, korkje høgare eller lågare. Frå ein musikkpedagogisk ståstad ser det ut til at det pedagogiske er vel ivareteke, men at det musikkfaglege i mange babysongtiltak ikkje står så sterkt. For det teologiske/kristendomsfaglege/religionsvitskaplege utdanningsnivået er stoda om lag som for det musikkfaglege.

Utfyllande til Christensen (2013) og Apeland (2004) sine betraktningar om kyrkjemusikaren sine mangslungne arbeidsoppgåver, vil eg tilføye at det heile verkar å ha gyldigheit også om ein snur det på hovudet: Det er jammen mangslungne utdanningsvegar som kan føre fram til løna musikalsk arbeid innanfor Den norske kyrkja. Dette kan slå både positivt og negativt ut: På den eine sida veit vi at kyrkjemusikkutdanninga per i dag ikkje greier å utdanne kyrkjemusikarar med ein kompetanse som dekkjer heile det mangfaldige praksisfeltet som ei kyrkjemusikarstilling gjerne famnar om. På den andre sida får ein mindre kvalitetssikring når det ikkje blir stilt klare krav om kvalifikasjonar hjå søkjarar til kyrkjemusikarstillingar.

Foreningen Musikk fra livets begynnelse (FMLB) har sidan oppstarten i 1990 markert ei haldning til at musikkfagleg kompetanse er viktig hjå leiarar av foreldre-barn-grupper. Frå forskning på området har vi sett at både musikalsk og pedagogisk kompetanse er viktig, men at personleg eignaheit trengs like fullt (Westgård 2010). Årsvoll (2002) peikar òg på at det kan vera andre eigenskapar og andre kompetansar enn musikalsk utdanning det kan vera vel så viktig å fokusere på.

Sjølv meiner eg at om ein skal drive med noko som inkluderer omgang med menneske, skal det noko til for å gjera ein god jobb dersom ein ikkje er personleg eigna. Dette har mindre med leiareigenskapar for babysong enn med allmenne pedagogiske leiareigenskapar å gjera. Med den pedagogikkfaglege tyngda som respondentane oppviser både på utdannings- og erfaringsnivå, burde ikkje personleg eignaheit vera det som er vanskelegast å sikre i babysongtiltaka i Dnk.

Stuksrud (2010) tek til orde for kompetanseheving utover eigen yrkesbakgrunn uansett utgangspunkt:

"Vi har et ansvar for at vi hele tiden utvikler oss og blir bedre, og ved å gå kurs, vil alle kunne få nye, gode ideer og tips til aktiviteter vi kan formidle"
(Stuksrud 2010, s. 29).

Eg er meir enn samd i at vidareutvikling plar vera til det betre, spørsmålet blir berre kva kompetanse det for det fyrste mangel på og for det andre kva det er behov for med tanke på formåla med verksemda. Derifrå kan ein vurdere i kva retning ein bør vidareutvikle seg.

Konklusjon

Teorien framhevar personleg eignaheit som ein viktig kompetanse for feltet. Dei som leier babysong i Den norske kyrkja, står "midt i livet" og har dessutan mykje pedagogisk praksiserfaring. Etter mi meining er dette eit godt utgangspunkt for å kunne fungere som babysongleiar på grunnlag av "personleg eignaheit". Om lag to av tre har dessutan høgare musikkutdanning, medan om lag éin av tre ikkje har noko musikkutdanning. For utdanning innan teologi/kristendom/religionsvitskap el.l. er nivået litt høgare enn for musikkutdanning. På båe desse områda er det potensiale for kompetanseheving.

5.3. Musikken sin funksjon i babysongtiltak i Den norske kyrkja (PS2)

Som sett i kapittel 2.1.2 og 2.1.3, kan ein skilje mellom musikken sin funksjon som middel til noko utanommusikalsk versus som mål i seg sjølv. Dette gjeld for all musikk og dermed også for kyrkjemusikk (jfr. Sundberg 2002).

Empirien syner mange døme på at både desse funksjonane er til stades i babysong i trusopplæringa i Dnk. Respondentane i undersøkinga verkar å ha oppfatningar av musikken sin funksjon både som (forkynnande) meining i seg sjølv og som middel til særleg ulike fasettar av trivsel eller opplæring i kristen tru. Eg vil no drøfte denne empirien i ljøs av musikkteologisk og religionssosiologisk teori.

Den føreliggjande undersøkinga syner at babysong i Dnk er eit døme på ein estetisert religiøs praksis slik Repstad & Trysnes (red. 2013) syner er typisk for fleire trussamfunn i samtida. Skaparverket står i sentrum, alle sansar blir tekne i bruk, og musisk aktivitet dominerer. Det musiske – inkludert det musikalske – kan i ein estetisert praksis både nyttast til å illustrere forkynninga (middel) og til å frigjera seg frå det verbale. I yttarste linje kan estetisering "innebære en mer omfattende bruk av mangetydige symboler, og dermed en deprecisering av religionens kognitive påstandsinhold, dens lære" (Repstad & Trysnes red. 2013, s. 29). I så fall kan musikken få ei særskild sterk stilling som meiningsberande non-verbalt element. Vi har sett at respondentane legg liten vekt på samtale om tru, og dette underbyggjer inntrykket av at det musikalske og det musiske har ei sterkare stilling enn det verbale i babysongtiltaka.

Både skaparverket og kunstuttrykka er non-verbale storleikar som kan appellere både til vaksne og born. Ser ein desse som Guds gode gåver til menneska, slik mange respondentar har sagt at dei gjer, er dette ei massiv styrking av musikken og kunsten sin eigenverdi. Litteraturgjennomgangen har synt at det innanfor naturleg teologi er dekning for å sjå mennesket sitt skaparverk, kunsten og kulturen, som ein del av Guds skaparverk (jfr. Varkøy 2003, s. 203). Dessutan er det nærliggjande å dra ein parallell til det at ein baby i seg sjølv kan sjåast som eit levande døme på nettopp skaparverket og ei gåve frå Gud. I babysongen møtast dermed fleire perspektiv på det same.

I spørsmål 27 om musikalske fokusområde seier respondentane i klartekst at musikken i babysongtiltaka har ein eigenverdi og er eit mål i seg sjølv. Men samstundes seier dei

med nesten like stor tyngd at song og musikk er eit middel til forkynning (underordna Ordet). Det er verdt å dvele litt ved moglege forklaringar på dette:

Utsegna om at song og musikk er eit middel til forkynning (underordna Ordet) har nok blitt tolka nokså ulikt, truleg av di "Ordet" er skrive med stor forbokstav. Utsegna utfordrar forståinga av både forkynning, mål-/middeltenking og Ordet/ordet. Somme har i fritekstkommentarar gjeve uttrykk for korleis dei har oppfatta dette:

"Jeg vet ikke om det var en konflikt i å mene at musikken er et mål i seg selv samtidig som jeg sier at sang og musikk er et middel til forkynning. Jeg mener det går an å ha to tanker i hodet samtidig og at musikk uansett er fra Gud" (respondent 184).

Desse tankane reflekterer mykje av det utsegna i spørjeskjemaet løyner og som vi såg tematisert i kapittel 2.1.5 ved Sundberg (2002) sine betraktningar. Den siterte respondenten ser forbi dei reine orda i skjemaet og utvidar perspektivet med sine eigne tankar.

Det er ikkje fleire enn seks som har teke seg tid til å kommentere dette i fritekstfeltet, men det er i tillegg fleire enn for dei fleste andre utsegnene som har sagt seg "under middels" eller "lite" samde i utsegna. Det er òg nokre som har svara "veit ikkje". Alt dette får meg til å tru at det kan vera fleire som sit med liknande refleksjonar, som desse.

"Jeg mener at sang og musikk er et middel til forkynnelse, men ikke underordnet ordet" (respondent 202).

"Sang og musikk er absolutt et middel til forkynning. Og burde ofte få en mer sentral plass i forhold til ordet" (respondent 35).

Desse respondentane skriv "ordet" med liten forbokstav, endå spørjeskjemaet opererer med stor forbokstav i "Ordet". Dette, samt innhaldet i kommentarane deira, tyder på at dei tolkar teksten til å handle om det talte ordet, verbalspråket. Omgangen deira med ordet "forkynning" tyder på at dei tenkjer både vidt og smalt om dette. Dei er med på å stille song og musikk opp mot forkynning, men verdset likevel song og musikk høgare enn det talte ordet.

Det er ei positiv vurdering av songen og musikken sin funksjon når denne blir teken til inntekt for non-verbal forkynning i vid forstand. Det minner dessutan om Kjerschow (2004) si førspråklege tilnærming til både det non-verbale og det verbale. Det som er løynd, kan ikkje forklarast verbalt. Når songen og musikken blir tiltenkt ein meir sentral plass, samt eksplisitt ikkje blir underordna verbalspråket, er det eit uttrykk for at songen og musikken har stor eigenverdi.

Det er mange måtar å sjå forholdet mellom orda, Ordet og tonane på (jfr. Sundberg 2002). Då er det ikkje til å undre seg over at ikkje alle respondentane tolkar spørsmålet eller forkynningsomgrepet like vidt eller har sams refleksjon omkring forkynning:

"På babysangtilbudet jeg leder kommer det mange foreldre som forteller at de ikke har noe forhold til kirken, eller tenker på seg selv som kristne. Jeg tror at det viktig at disse foreldrene føler seg velkomne, og ikke opplever at babysang har en 'skjult agenda' (forkynnelse). [...] Jeg tenker på babysang-tilbudet som en døråpner til kirken, men selve trosopplæringsaspektet under sangsekvensen er tonet ned" (respondent 5).

Denne respondenten tolkar forkynningsaspektet (eller kanskje trusopplæringsaspektet?) i spørsmålet smalare enn dei førre siterte respondentane, men tenkjer likevel i nokonlunde same banar om kva han førestiller seg som ynskt praksis. Resultatet blir ein meir spissa assosiasjon til ein type verbalspråkleg dogmatikk når det gjeld fenomenet forkynning, og dessutan ei meir negativ haldning til ordet. Bruken av omgrepet "skjult agenda" tydeleggjer dette.

Med til dels tvetydige, provokante og påstått irrelevante spørsmålsformuleringar kan eg sjølv bli halde for å ha hatt ein løynd agenda med spørjeundersøkinga mi. Og om ikkje agendaen min har vore kalkulert løynd, har eg sjølv sagt vore på jakt etter syn på babysong i trusopplæringa som anten framhevar musikken si meining eller reduserer denne.

Når eg har spurt om musikalsk og kulturell aktivitet er ei god ramme for opplæring i kristen tru, har eg forstått "opplæring i kristen tru" som ein type "tradisjonell" opplæring basert på overføring av kunnskap, tradisjonar, skikkar m.m. Når respondentane då svarar stadfestande på dette, får aktiviteten gjennom tolkinga mi

karakter av å ha ein "løynd agenda"; eit siktemål som ikkje er aktiviteten i seg sjølv, tilsvarande ein dogmatisk innhaldsetetikk (jfr. Varkøy 2003). Musikken misser eigenverdi og blir eit middel til noko utanommusikalsk i staden.

Svara på spørsmål 23 om overordna fokus syner ein gjennomgåande tendens til å setja det estetiske og kulturelle i bakerste rekkje: Trivsel er det viktigaste med babysong i Dnk. Påstanden om babysong som ein arena for estetiske opplevingar eller om å formidle kyrkja sin kultur og tradisjon, får færrest høge prioriteringar. Sosiale målsetjingar som å byggje nettverk og å motivere til trusopplæring i heimen kjem nokså høgt opp. Det å formidle kristen tru i praksis, kjem òg høgt opp, men denne påstanden kan tolkast til å peike på så mange ulike visjonar at eg ikkje vil ta han til inntekt for korkje det eine eller det andre synet på musikken sin funksjon.

På den andre sida finn ein òg døme på at musikken og det estetiske blir tillagt mykje vekt og løyndomsfull meining: Babysong som trusopplæring formidlar åndeleg nærvere, born og vaksne blir hylla inn i godleik og herlegdom, og syngjeaktivitet, fellesskap i leik, dans til (djuptgripande) musikk etc. kan gje born erfaringa av å vera ein dyrebar skatt og eit meisterverk frå Skaparen si hand. Dette synleggjer ei haldning tilsvarande den Repstad (2013) skisserer som ein fjerde kategori for haldningar til musikk, der musikk kan vera verdifullt i seg sjølv, som eit uttrykk for Guds gode skaparvilje. Dette samsvarar også med Varkøy (2004) sine referansar til naturleg teologi.

Formuleringa om at born og unge skal få høve til å uttrykkje seg sjølve, uttrykkje tru, tvil, tilbeding, glede og klage gjennom salmar, lovsong, musikk og andre kulturuttrykk er ikkje tilfeldig. Denne er henta direkte frå *Plan for trusopplæring* (Kyrkjerådet 2010), som legg opp til at born og unge *skal* få høve til dette gjennom trusopplæringa i Dnk. Det er ikkje nemnt om dei må uttrykkje seg verbalt, og heller ikkje på kva alderstrinn dette skal skje.

Spørjeskjemaet tek høgde for at ikkje alle uttrykka treng å vera til stades samstundes ("og/eller") og seier ingenting om uttrykksmåte. Det er difor interessant at så mange respondentar ikkje er samde i denne utsegna. Spebarnsforskning kan dessutan underbyggje at utsegna ikkje er så på avvege som somme vil ha det til: Stern (2003) syner at behovet for å uttrykkje seg er til stades frå fødselen av. Babyen skrik når han

ikkje får oppfylt primærbehova sine, og dette blir særst tidleg nyansert til å uttrykkje sosiale behov m.m.

Kanskje er ikkje respondentane klare over desse differensieringsmoglegheitene som både musikken og dei minste ber i seg? Slik eg ser det, ligg her eit potensiale som i større grad kunne vore medvitgjort til gagn for ei meir heilskapleg tenking om babysong.

Eit spørsmål som melder seg, er om det er skilnad på kristne og andre kunstuttrykk. Formidlar eksempelvis også dei frilynte songane kristen tru i praksis? Løvland et. al (2013) synleggjer med mange døme at sjangerkonvensjonar ikkje lenger er absolutte, og at kyrkjeutypisk musikk som dansebandmusikk, hip hop og heavyrock stadig pregar religiøse arenaer. Som ein konsekvens av dette kan ein hevde at frilynt babysongrepertoar også formidlar kristen tru i praksis, og dei færraste vil vel sjå på det som problematisk å bruke slikt repertoar i babysongaktivitet i Dnk.

Utsegna om topp musikalsk kvalitet kan vera skræmmande å svara på for somme, av di ho kanskje kan kjennast avslørande for dei som ikkje har så mykje musikkutdanning eller musikerfaring. Ein kan nok òg bli usikker på korleis spørsmålet skal forståast, slik ein respondent kommenterer:

”Det skal være kvalitet i det vi formidler. Men måten stoffet formidles på, engasjement og oppriktig interesse er viktigere enn musikalsk presisjonsnivå. Stoffet som velges, skal holde god kvalitet både musikalsk, språklig og innholdsmessig” (respondent 133).

Sjølv om denne respondenten brukar andre ord, tolkar eg han til å vera heilt på linje med både Haram (2004 o.p.) og Tobin (1996): Det må vera harmoni, og harmonien må korrelere med treeinigheita. Musikkformidlinga må heve seg over det virtuose for det virtuose si skuld; den indre kvaliteten og heilskapen er det som kan berøre.

Kvalitet er uansett eit spennande omgrep, og det blir særleg interessant når ein ser det i samanheng med vurderingane av dei andre utsegnene om musikalske fokusområde. Det er nemleg brei semje om at det er veldig eller over middels viktig å syngje saman på babysongsamlingane, samt om at babysong er ein musisk aktivitet. Men ifølgje litteratur om musikalsk spebarnsforsking (t.d. Seeliger 2003) er det mindre viktig for barnet si oppleving om mora er flink til å syngje eller ikkje; kontakten mellom dei blir uansett

forsterka, og mora si røyst vil vera det vakraste eit barn kan få høyre. Dette er også Blindheim (red. 2010) tydeleg på. Ein respondent kommenterer kontakten mellom mor og barn på eige initiativ:

”Det viktigste for oss er at når barnet får se inn i mors øyne, får høre ordene ’Du er så fin! Jeg elsker deg!’ så tror vi at de ser et glimt av Gud”
(respondent 106).

God formidling er etter mi meining eit vesentleg kjenneteikn på musikalsk kvalitet. Omgrepet ”musikalsk” er dessutan etter mitt syn blitt eit almenmenneskeleg omgrep, nett som vi såg Tobin (1996) skreiv om harmoniomgrepet i kapittel 2.1.3. Det er dermed ingen automatisk motsetnad mellom formidlingskvalitet og musikalsk kvalitet, men heller ingen automatikk for samsvar.

Oppfattinga mi om kvalitet er nok farga av at eg gjennom ei årrekkje med høgare musikkpedagogisk utdanning har fått rikeleg høve til å reflektere over slike tema. Eg kan ikkje gå ut ifrå at alle andre tenkjer på same måten. Kanskje er også ”topp musikalsk kvalitet” ei for vid formulering, slik at det er nærliggjande å tolke altfor store moglegheiter inn i henne? Eller kanskje er formuleringa for smal, idet ho ikkje berre krevjer musikalsk kvalitet, men *topp* musikalsk kvalitet? Uansett: Fire respondentar kommenterer at det er heilskapen som utgjer kvaliteten, t.d. som det underliggjande vert uttrykt i denne fritekstkommentaren:

”Vi forkynner i musikken, i teksten i songane, i måten vi er på osv.
Totalformidling tenkjer eg” (respondent 161).

Viss det er totalformidling som er idealet, saknar eg meir liturgisk medvit hjå respondentane. Dei verkar å vera søkjande på dette området. Påstandane om at samvera høvesvis bør ha ein fast ”liturgi” versus vera fleksible og ha rom for improvisasjon får om lag same oppslutning. Her er nok heller ikkje motsetningsforholda dei største. Men det som er overraskande, er at liturgiaspektet her trass alt kjem så høgt opp (og det i tillegg med mange fyrsteplassar), tatt i betraktning at det er under middels oppslutning om ”kontrollspørsmålet” på annan plass i skjemaet om at babysongsamlingane kan sjåast som ei gudsteneste for born.

Kanskje skiljer respondentane mellom liturgi og "liturgi"; mellom tradisjonell gudstenesteliturgi og liturgi i overført tyding? Og kanskje skiljer dei *ikkje* så skarpt mellom prinsippa for liturgi og prinsippa for improvisasjon og fleksibilitet?

Det kan verke som om respondentane har lettare for å kople babysong til liturgi i overført tyding enn til gudstenesteaspektet ved liturgi omgrepet. Kanskje oppfattar dei også babysong som ein mindre formell aktivitet, slik også Westgård (2010) antydar er tilfellet for babysonggrupper i regi av religiøse organisasjonar? Det er innlysande nok mindre nærliggjande å tenkje gudsteneste (som klart må kunne seiast å vera ei formell ramme) om babysong dersom ein ser dette som uformell aktivitet.

Sjølv oppfattar eg absolutt ikkje babysong i Dnk som uformell aktivitet: Det er snakk om treffpunkt i regi av ein institusjon, der tidsrammer, lokalisasjon, innhald m.m. er planlagde. Tiltaka er kanskje i mindre grad enn i MFLB-grupper (t.d. i kulturskuleregi) læreplanbundne, men dette er etter mi meining ikkje eit sterkt nok argument for å konkludere med at babysong i Dnk er ein uformell aktivitet.

Eg vil også her trekkje inn synspunkta til Haram (2004, o.p.) og Varkøy (2004), som seier at heile livet er liturgisk. Det treng dermed ikkje vera nokon motsetnad mellom tradisjonell liturgi og liturgi i overført tyding. Det at "liturgi" står i hermeteikn i spørjeskjemaet kan likevel ha vore med på å skapa eit inntrykk av at der er ein skilnad eller motsetnad.

Kva skal så forkynnast? Sjølv om det er til saman 26% som har gjeve utsegna om babysong som inngangsport til rett tru vurderinga "lite", "under middels" eller "veit ikkje", ligg likevel hovudvekta på "veldig" eller "over middels" (til saman 51%). Dette tykkjer eg er mykje, og det får meg til å undrast: Kva legg den gjengse babysongleiar i 2013 i "rett tru"?

Tradisjonelt er eit dogmatisk trussyn jamngodt med den "rette trua". Repstad (2013) finn at det i vår tid er fleire som ser subjektivt på detaljane i eiga tru. Løvland et al. (2013) forsterkar dette. Det subjektivt sanslege kjem i forgrunnen, og det dogmatiske kjem i bakgrunnen.

Eg er sjølv ingen dogmatikar, og eg meiner det er høgst vågalt å gjera seg til dommar over kva som universelt sett er rett og kva som – utan å vera universelt gyldig – likevel

kan ha subjektiv validitet for den som trur. Eg meiner like fullt det er sunt å ha eit reflektert forhold til desse spørsmåla. Eg har gjennom både oppvekst og vaksenliv møtt haldningar som signaliserer ei normativ truslinje innanfor kyrkjelege krinsar.

Og slik eg i spørjeskjemaet har formulert utsegna om rett tru, har eg lagt opp til at denne nettopp kan tolkast normativt. Eg vel å tolke resultatet til at om lag ein av to meiner det trass all subjektiv kroppsleggjing finst noko slikt som rett tru.

Eg må likefram innrømme at det skræmer meg litt, men for å unngå utsvevande vitnesbyrd om tru og tvil, freistar eg å dreie tanken inn på det musikkestetiske feltet i staden. Parallellar er likevel absolutt nærliggjande til det føregåande.

Som eg siterte Varkøy (2004) på i kapittel 2.1.2, kan – og bør – ein skilje mellom "enkel" musikk og "banal" musikk. Når Trysnes (2013) skildrar utviklinga av ein kyrkjeleg barnesongkultur i retning av det underhaldande, med pop-stemming og propellbodskap, får eg mistankar om at kyrkja med den nye barnesongkulturen beveger seg bort frå det enkle og i retning av det banale. Dette meiner eg òg er tenleg å ta med seg inn i ein diskusjon omkring repertoarval og ikkje minst framføring av musikk i rammene av babysong i Dnk.

Er det forresten lenger nokon skilnad på kristen og frilynt musikk, eller på kristne og frilynte barnesongar? Empirien syner at både kristne og frilynte songar gjennomsyrrer så godt som alle babysongtiltak i undersøkinga. Kristent innhald forstår eg her som *eksplisitt* kristent innhald; tekstar som knapt kan tolkast annleis enn som kristen forkynning, oftast i verbal språkdrakt.

Det hadde vore interessant å vita meir om kva for nokre kristne og kva for nokre frilynte songar som er i bruk i babysongtiltaka, og ikkje minst i kva slags bruk dei er. Det finst barnesongar, salmar, viser osb. av ymse kaliber, og mi erfaring er at det kan vera krevjande å finne repertoar som held mål på mange plan: musikalsk (melodisk/rytmisk), ideologisk (religiøst), tekstleg (poetisk), visuelt/kinestetisk (t.d. med rørsler til), karaktermessig osb.

Babysongrepertoaret vil somtid ha eit "program", dvs. peike mot noko utanfor seg sjølv. Døme på babysongrepertoar med eit "program" kan vera *Havet* (Blindheim red. 2010, s. 77), der songen sin karakter speglar havet sine ulike rørsler og modi, eller "Den fyrste

song" (Blindheim red. 2010, s. 75), der 6/8-takta gjev eit sullande og voggande preg til melodien.

Desse er enkle uttrykk: *Den fyrste song* går i dur og har funksjonell harmonisering og jamn harmonisk puls. *Havet* har vekslende takt for kvar av songen sine tre delar, pentatonisk melodi og tydeleg tonalt sentrum. Likevel er dei etter mi meining ikkje banale: Dei understrekar på den eine sida teksten, men også utan verbal tekst blir melodiane ståande som meningsfulle storleikar.

Babysongrepertoaret vil andre gongar kunne vera mindre bunde til ytre innhald, som t.d. ein fri djembeimprovisasjon der samspelet mellom born og vaksne driv improvisasjonen framover. Musikken som oppstår kan tolkast i ein kristen kontekst like mykje som noko anna, men det er ikkje eksplisitt, av di det ikkje er like sjølvsgatt at det *må* tolkast slik. Det at babysongrepertoaret stundom peiker ut over seg sjølv og stundom ikkje gjer det, gjer at repertoaret kan definerast inn i ein delvis innhaldsestetikk (jfr. Varkøy 2003, s. 28).

Den svenske komponisten Alice Tegnér har ord på seg for å ha skriva ei rekkje solide barnesongar, m.a. den ikkje ukjente *Bæ, bæ, lille lam*. Tegnér sine viser har fått fotfeste og stor utbreiing nettopp pga. låg grad av banalitet trass høg grad av enkelheit. Med Haram (2004, o.p.) sitt syn på *kjærleiken* som blir erfarbar gjennom musikk som berører, får eg meir sans for velskrivne frilynte barnesongar framførde med hjarte og øyra for detaljar og musikalsk uttrykk enn for kristenpopsjangeren sin gladkristne hektikk som "erkjenningsveg". Det krevjer noko anna av dei musikalske leiarane, men eg er overtydd om at gevinsten³ blir rikare på sikt.

Eg meiner at Sundberg (2002) sitt spørsmål om kva slags musikk som høyrer heime i kyrkja sitt liturgiske liv dermed også blir relativt: Det blir mogleg både å ha ei liturgisk-estetisk haldning til det kyrkjemusikalske, men ein kan samstundes vera open for at musikk som i utgangspunktet ikkje var tiltenkt ein kyrkjeleg kontekst kan inngå i ein liturgisk kontekst, gitt medvit om enkle versus banale uttrykksmåtar.

Musikk – både kristen og frilynt – kan provosere enormt, utan at det er eit tema eg vil gå inn på her. Babysongen i Den norske kyrkja skal ikkje blottast for det særeige religiøse

³ "Gevinsten" i denne samanhengen er sjølvsgatt ikkje kvantitativt målbar...

som skiljer han frå Musikk fra livets begynnelse-grupper. Og eg må verkeleg ta meg saman for ikkje å riste oppgitt på hovudet over berettingar som denne:

"Jeg har opplevd at man må 'trø forsiktig' når det gjelder mengden med kristent innhold på babysangsamlingene. Da jeg overtok ansvaret sist høst, ble det lest et stykke fra barnebibel under samlingene, men noen reagerte ganske negativt på det, så vi følte vi måtte kutte det ut" (respondent 185).

Det er mildt sagt merkeleg å reagere på kristne innhald når ein oppsøker ei kyrkje. Likevel: Eg trur at musikkteologisk grunnlagstenking som verdset musikken sin eigenverdi kan gje eit positivt bidrag i situasjonar der mindre kyrkjevande brukarar kjenner seg overrumpla av eksplisitte kristne innhald. Ved å styrkje den musikalske meininga, trur eg at ein kan provosere på eit djupare plan og dermed berøre sterkare enn med eksplisitte kristne innhald.

Dette er ikkje noko det er naudsynt å rope høgt om i t.d. invitasjonar og andre informasjonsmedium. Blir signala for vidløftige, kan dei nok i verste fall skræme somme frå å oppsøkje kyrkjelege tilbod. Skulle ein t.d. i informasjon om tiltak byrje å titulere babysongsamlingar "gudstenester for born" og tone ned det sosiale samveret, er det tvilsamt om det ville ha kome fleire strøymande til.

Men form og innhald er ikkje skarpt skilde frå kvarandre (jfr. Haram 2004 o.p., s. 180). Og det at det ikkje er noko skarpt skilje, gjer det heller ikkje naudsynt å promotere babysongsamlingar eksplisitt som gudstenester for born. Det er etter mitt syn nok å ha tankar om det i førebuinga og i gjennomføringa av samlingane. Med harmonisk formidling – i tobinsk tyding med heilskap i kunst og ånd – vil gudstenesteaspektet truleg kunne inntreffe nærmast gudegitt.

I mange av respondentane sine svar kan eg lesa ei positiv haldning til musikken som fullverdig trusopplæring; ein universell døropnar til eit åndeleg nærvere som musikken sjølv er ein del av. Når somme respondentar interpreterer "rett tru" som noko negativt eller uklart, ser eg også dette som uttrykk for ei mindre dogmatisk linje. I neste omgang kan dette forsterke eit positivt syn på musikken sin eigenverdi og minske tendensar til å sjå musikken som underordna orda.

Det er altså ein del som er kritiske til mange av utsegnene i spørsmål 28, som m.a. inneheld formuleringa "rett tru". Men det er òg nokon som uttrykkjer full semje :

"Alle disse påstandene er mål for arbeidet vårt. Vi jobber for at barna og foreldre skal få en levende bærende tro. Så skåringen på "Veldig" på alle disse er gitt i forhold til hva vi jobber for" (respondent 91).

Det er interessant at ulike respondentar kjenner seg så grunnleggjande ulikt att i dei same påstandane, evt. at dei tolkar dei så ulikt. Og det er jo heller ikkje gitt at "rett tru" og "levende bærende tro" er uttrykk for det same, sjølv om resten av sitatet kan tyde på samsvar. Alt dette seier noko om mangfaldet av både meiningar og arbeidsmåtar innanfor babysongområdet i trusopplæringa i Dnk.

Som slått fast i kapittel 5.2, er respondentane i mykje større grad pedagogisk enn musikalsk utdanna. Det er då interessant at topp musikalsk kvalitet får over middels oppslutning, medan topp musikkpedagogisk kvalitet får godt under middels oppslutning. Musikken er med andre ord ikkje likegyldig, sjølv om eigenverdien kjem noko til kort.

Konklusjon

Musikken sin funksjon i babysongtiltak i trusopplæringa i Dnk blir av babysongleiarane i varierende grad sett på som meningsberande i seg sjølv og som middel til oppnåing av utanommusikalske mål som t.d. trivsel eller opplæring i kristen tru i praksis. Det verkar å vera ein noko sterkare tendens til å sjå musikken som eit middel, særleg som trivselsfaktor, medan det er mindre refleksjon kring musikken sin ibuande verdi.

Eg har freista å syne at det er mogleg å styrkje musikken sin eigenverdi i babysongtiltaka utan at dette går på bekostning av trusopplæringsplanen sine målsetjingar. Tvert imot trur eg ein sterkare musikalsk profil vil kunne tilføre babysongen i Dnk meir åndelegheit utan at det treng å bli "for mykje" forkynning for eventuelle kyrkjeframande "fyrstegongsbrukarar" av kyrkja sine tilbod.

Høgare musikkutdanning kan erfaringsmessig fungere som eit forum for refleksjon kring musikkfilosofiske spørsmål. Det er *ikkje* dermed sagt at musikkutdanna er betre eigna enn ikkje-musikarar til å drive med babysong; berre at ein gjennom høgare utdanning *kan* få innspel til å tenkje nytt om kva som er (eller kan vera) meininga eller

funksjonen til musikken. Dette vil i sin tur kunne påverke utforminga av det konkrete lokale tiltaket i den eine eller den andre retninga.

Med Sundberg sin definisjon av gudsteneste som møte mellom *sacramentum* og *sacrificium* blir det etter mi meining fullt mogleg og ikkje minst verdt å streve etter å sjå babysongsamlingar som gudstenester. Med Westgård (2010) si musikkpedagogiske målsetjing om å sjå både målgruppene innanfor babysonggruppa, blir idealet likevel ei utviding av det som er antyda i tittelen på denne avhandlinga: gudstenester som evnar å røre *både* born og vaksne.

5.4. Likskapar og ulikskapar mellom grupper med ulik musikkutdanning (PS3)

Som vi såg i kapittel 4.5.2, vektlegg alle respondentane – uavhengig av musikkutdanning – både trivselsfremjande og musikalske innhald sterkt. Det er nokre skilnader mellom gruppene i synet på påstandar og utsegner, men desse er med få unntak mindre enn venta.

Ein grunn til at skilnadene ikkje har synt seg å vera større, kan vera at formuleringane i spørjeskjemaet på ulike måtar har vore upresise. T.d. hadde det vore meir tenleg å blande musikalske, trivselsfremjande og eksplisitt kristne påstandar i rangeringsoppgåvene. Og ein del av utsegnene som respondentane skulle vurdere, var så komplekse at det har vore vanskeleg å til eikvar tid vita kva respondentane har tolka ut av dei.

Eg vil i det følgjande problematisere nokre av funna eg i kapittel 4.5.3 har lista opp. Dette gjer eg ved å stille opp nokre stereotype førestillingar om gruppene – som til dels har støtte i empirien – for så å sjå kva moglegheiter som opnar seg i ei vidareføring av ei slik "overfortolking" av data.

5.4.1. Gruppe A – trivsel fyrst?

Målsetjinga om å skapa trivsel er i grunnen langt framme i alle gruppene. Gruppe A legg likevel minst og gruppe C mest vekt på trivsel og trivselsfremjande faktorar.

Trivselsaspektet er då heller ikkje uvesentleg frå oppdragsgjevar Dnk si side: Babysong i trusopplæringa inviterer nybakte foreldre til å bli kjent med den lokale kyrkja gjennom eit lågterskeltilbod som skal kunne passe for så godt som alle. Delmåla som handlar om

å etablere eit godt samarbeid mellom heim og kyrkjelyd, dominerer også i Blindheim (red. 2010) sitt forslag til studieplan for babysong.

Trivsel er ein naudsynt faktor for læring i vid forstand, og det er eit godt utgangspunkt for trusopplæring å syte for at folk trivast i kyrkja sine tiltak. Med støtte i det teoretiske rammeverket eg har lagt til grunn i denne avhandlinga, kan eg hevde at dette er ein typisk religionssosiologisk trend i samtida med fokus på fornying.

Med eit ope blikk mot Den norske kyrkja sine røter, vil eg samstundes ynskje meg meir av dei slitesterke musikalske *elementa* som tradisjonen byd på inn i babysongen: Det treng ikkje tyde at ein må syngje liturgisk messemusikk eller gravalvorlege salmar på babysongsamlingane. Det er ikkje det eg tolkar det liturgisk-estetiske perspektivet til å handle om. Men ved å gjera seg medvite om kva som *kjenneteiknar* dei slitesterke uttrykka, kan ein leite etter tilsvarande kvalitetar i babysongrepertoaret av i dag og framheve desse kvalitetane i ein forseggjort kroppsleggjort kontekst.

5.4.2. Gruppe B – forkynning gjennom lytteaktivitet?

Lytteperspektivet er middels vektlagt i alle gruppene, men litt sterkare i gruppe B. Lytting krevjer fagleg tilrettelegging og medvit m.a. om musikkutval, men det er likevel eit meir tilgjengeleg musikalsk element enn t.d. spel på instrument, som jo krevjer mykje øving for at det skal låte bra.

Vi sett at det å lytte til musikk i seg sjølv kan gje grensesprengjande erfaringar, gitt at visse kvalitative rammer er på plass. Her legg t.d. Kjerschow (2004) vekt på musikken si ibuande meining, det løynde og det førspråklege: I stilla mellom tonane finst det løynde som ikkje kan forklarast.

Med Kjerschow sine utleggingar om kva som kan openberre seg i togn og stilla i musikken, vil eg slå eit slag for å betone den aktive lyttinga sterkare. Og openheita for det førspråklege høver nettopp godt med tanke på at babyar utviklingspsykologisk sett har heilt andre persepsjons- og ekspresjonsapparat enn verbalt kommuniserande vaksne. Gjennom å ta pausar og lytte meir, er eg dessutan overttydd om at foreldra i tiltaka òg kan lære noko om å uttrykkje tru, tvil, glede, tilbeding og klage – av borna sine.

Ikkje minst er det også fristande å tilby lytting som ein motpol til propellstemninga som Trysnes (2013) konstaterer har fått fotfeste i religiøse samfunn i samtida vår. Som vi har sett, kan høgt tempo og fengjande låtar vera ein måte å trekkje fleire til kyrkja.

Eg meiner slett ikkje at foreldre og born som ein reaksjon på dette skal måtte setja seg ende ned og meditere i lange strekk om gongen. Det kan i babysongsamanheng ganske enkelt – men ikkje banalt – handle om dei effektfulle pausane der babysongleiaren t.d. held spenninga etter at siste tone er døydd ut. Periodiske glimt av ro i dramaturgien – som musikalsk heilskap – samt tid til å kjenne på denne er kanskje "sakral lytting" god som nokon?

Sundberg (2002) åtvarar også mot kortsiktig rekrutteringstenking med musikalske verkemiddel. Islett av lytteaktivitet i babysong vil slik eg ser det kunne vera ein takksam måte å ikkje berre inkludere, men å føye saman både kyrkjevande og kyrkjeframande menneske på. For ikkje å snakke om både bibeltru dogmatikarar og tilhengjarar av ei meir subjektiv trusforståing, som ifølgje Repstad (2013) får ein stadig meir naturleg plass i fleire kyrkjesamfunn. Ikkje at desse sosiale føremåla skal vera det sentrale med lyttinga; det ville vera ein hån mot det løynde som kan *trå fram frå stilla* (jfr. Kjerschow 2004). Men det ville kunne vera ein bieffekt som for somme kanskje kunne få stor tyding både i eit kortare og lengre perspektiv.

5.4.3. Gruppe C – estetikken i høgsetet?

Alle gruppene har høg førekomst av musisering i tiltaka, men gruppe C reflekterer gjennomgåande litt annleis enn dei andre over eigen praksis. Det verkar som om respondentane i gruppe C er noko meir medvitne om eigne babysongtiltak som musikalsk og musikkpedagogisk verksemd. Musikken i aktiviteten får då kanskje også eit meir gjennomarbeidd fundament. Frå eit musikkteologisk perspektiv er dette ikkje å forakte.

Eg har meir eller mindre medvite gått ut ifrå at musikkutdanning gjev reiskapar til refleksjon omkring musikalsk aktivitet. Overraskande er det då at ikkje dei med mest musikkutdanning i større grad har valt dei svaralternativa som eg meiner underbyggjer musikken sin eigenverdi mest. Riktignok ligg gruppe C langt over dei andre to gruppene i dei to spørsmåla som handlar om høvesvis topp musikalsk og topp musikkpedagogisk kvalitet. Men i andre spørsmål, som mindre direkte – og som dermed er vanskelegare å

oppdaga – tek for seg musikken som mål versus middel, er det ikkje slik at gruppe C stormar til dei musikkestetisk sett mest tungtvegande svaralternativa. Musikkutdanning ser dermed ut til å ha *noko* å seie for refleksjon over eigen praksis, men ikkje revolusjonerande mykje.

5.4.4. Sluttord

Mange av dei musikkteologiske bidragsytarane til denne avhandlinga framhevar liturgien sitt vesen (Tobin 1996), livet som liturgi (Varkøy 2004), det liturgisk-estetiske (Sundberg 2002) osv. Innanfor alle tre respondentgruppene mine (A, B og C) har påstanden om at babysongsamlingane kan sjåast som ei gudsteneste for born, fått mange låge plasseringar. Påstanden har riktignok fått større oppslutning mellom respondentane med høgast musikkutdanning, men oppslutninga er også her relativt sett låg. Det tyder på at musikkutdanning ikkje er ein utslagsgjevande variabel i dette spørsmålet. Det kan skuldast at dei færraste musikkutdanningar, kanskje ikkje eingong kyrkjemusikkutdanninga, har musikkteologi som obligatorisk fag.

Eg meiner ikkje at musikkteologi bør inngå i eikvar musikkutdanning. Men mange musikalsk aktive løna medarbeidarar i trusopplæringa – uavhengig av utdanningsbakgrunn – kunne kanskje hatt nytte av ei eller anna form for etterutdanning med tanke på å auke medvitnet om musikkteologiske potensiale.

Babysong er ei musikkpedagogisk verksemd som ved fyrste augnekast ikkje krevjer så mykje musikalsk kunnskap. Men for å få fram potensialet som ligg i aktiviteten, der trusopplæring og sosial og musikalsk aktivitet med dei minste møtast, meiner eg det er på sin plass med meir kunnskap og eit større perspektiv på verksemda.

Det er likevel for enkelt å hevde at høgare musikkutdanning åleine kan ivareta dette.

5.5. Vidare forskning

Så kva kan heve det musikkteologiske medvitnet, som eg meiner har så mykje ved seg, mellom babysongleiarar? Eg tenkjer det er mykje å vinne ved å sjå moglegheiter som allereie finst i organisasjonen Den norske kyrkja. Eg har jo snakka mykje om liturgisk medvit og det å sjå babysongsamlingane som gudstenester, og er det noko Dnk har spisskompetanse på, så er det nettopp gudstenestefeiring. Dersom prestar, kantorar og

trusopplærarar kunne samarbeidd om å utvikle konsept som tek høgd for integrert sosialpedagogisk og musikkteologisk forkynning, trur eg vi kunne fått ei spennande utvikling av babysongen som trusopplæring.

Den føreliggjande undersøkinga tek for seg korleis babysongleiarar med ulik musikkutdanning *tenkjer* om musikk, forkynning, sosiale område, innhald i babysongtiltaka osv. Ho presenterer derimot ingen data om kva slags musikkutval som finst i babysongtiltak i Den norske kyrkja.

Årsvoll (2002) fann i si tid at repertoaret i religiøse og ikkje-religiøse foreldre-barn-grupper i stor grad var overlappende. Meir interessant enn å sjå om dette også er tilfellet for Dnk over ti år etter, tenkjer eg det hadde vore å analysere innhald med tanke på om dei er av typen "enkle" eller "banale" (jfr. Varkøy 2004). Deretter kunne ein sjå musikken sin funksjon i ljøs av dei faktiske innhald og drøfte konsekvensar av å gjera store eller små endringar i repertoarvalet.

Eg er overraska over at respondentane ikkje vurderer sin eigen kompetanse som "spesialkompetanse" i større grad. Det er ein tendens som kanskje mest seier noko om forståinga av "spesialkompetanse". Ein respondent samanfattar den mistanken eg sit med:

"Eg har ikkje formell spesialkompetanse på babysongfeltet, men med 4 eigne born og 4 års praksis i babysong så har eg eit mykje bedre grunnlag enn vår mannlege organist som ikkje er glad i barn" (respondent 39).

Etter å ha svara på diverse spørsmål om musikalske, kristne og sosiale fokusområde, er respondentane kanskje blitt overfokuserte på formelle og kvantitative aspekt ved kompetansen sin. Men dei kvalitetane ved leiarrolla dei visseleg har svara positivt på, er jo nettopp grunnsteinar i det ein må kunne kalle spesialkompetanse på babysongfeltet. Med så mange respondentar med lang erfaring og høg realkompetanse vil eg tru at mange fleire kan tilkjenne seg sjølv spesialkompetanse på babysongfeltet enn dei som har oppgjeve det i spørjeskjemaet.

Skulle eg ha gjort undersøkinga om att, ville eg hatt færre spørsmål i spørjeskjemaet og fleire gjennomslitige spissformuleringar i staden for "løynde agendaer" eller komplekse tolkingmoglegheiter.

Eg hadde som sagt venta å finne større skilnader mellom respondentane med høgast musikkutdanning og dei utan noko musikkutdanning. Dette baserer seg nok på fordommar, og det er spennande at desse har blitt gjort til skamme: Ein får ikkje "automatisk" *veldig mykje* høgare tankar om musikken sin eigenverdi av å studere til ein mastergrad i musikk eller tilsvarande. Men *litt* – på godt og vondt...

Referansar

- Alvesson, M. og Sköldberg, K. (2008): *Tolkning och reflektion* (Lund, Studentlitteratur)
- Apeland, S. (2004): *Kyrkjemusikkdiskursen. Musikklivet i Den norske kyrkja som diskursiv praksis* (Bergen, Det historisk-filosofiske fakultet)
- Blindheim, J. (red. 2010): *Gynge lite grann. Babysang som trosopplæring* (Oslo, IKO-forlaget)
- Blindheim, J. (2010a): "Babysang i ny plan for kirkens trosopplæring" I: Blindheim (red.): *Gynge lite grann. Babysang som trosopplæring* (Oslo, IKO-forlaget)
- Blindheim, J. (2010b): "Innledning" I: Blindheim (red.): *Gynge lite grann. Babysang som trosopplæring* (Oslo, IKO-forlaget)
- Christensen, S. (2013): *Kirkemusiker – kall og profesjon. Om nyutdannede kirkemusikeres profesjonelle livsbetingelser* (Oslo, Norges musikkhøgskole)
- Didriksen, L. (2000): *Tidlig musikkopplæring. Hvilke syn på barns musikalske utvikling kan vi finne i "Musikk fra livets begynnelse" hos foreningen sentralt, kursleder lokalt og foreldrene som deltar? En kasusstudie av foreningen "Musikk fra livets begynnelse"* (Høgskolen i Tromsø/Norges Musikkhøgskole)
- Garvik, H. (2005): *Lederens handlingsrom: en diskursanalyse av to veiledninger i musikk fra livets begynnelse* (Stavanger/Bergen, Høgskolen i Stavanger/Bergen)
- Hanken, I. & Johansen, G. (1998): *Musikkundervisningens didaktikk* (Oslo, Cappelen Akademisk Forlag)
- Haram, pater A. A. (2004, o.p.): "Sursum Corda. Om musikkens liturgiske karakter" I: Varkøy&Guldbrandsen (red.): *Musikk og mysterium. Fjorten essay om grensesprengende erfaring* (Oslo, Cappelen Akademisk Forlag)
- Holdø, C. (2010a): "Babysang som bro mellom hjem og menighet" I: Blindheim (red.): *Gynge lite grann. Babysang som trosopplæring* (Oslo, IKO-forlaget)
- Holdø, C. (2010b): "Gode verktøy for trosopplæringen" I: Blindheim (red.): *Gynge lite grann. Babysang som trosopplæring* (Oslo, IKO-forlaget)
- Isaksen, S. (2009): *Med et nyfødt barn i våre hender* (Oslo, IKO-forlaget)
- Isaksen, S. (2010a): "Dåpssamtalen som utgangspunkt og mulighet" I: Blindheim (red.): *Gynge lite grann. Babysang som trosopplæring* (Oslo, IKO-forlaget)
- Isaksen, S. (2010b): "Teologien i babysang" I: Blindheim (red.): *Gynge lite grann. Babysang som trosopplæring* (Oslo, IKO-forlaget)
- Kirkerådet/Norske kirkeakademier (2005): *Kunsten å være kirke. Om kirke, kunst og kultur* (Oslo, Verbum)

- Kjerschow, P. Chr. (2004): "Lyttingen, stillheten og forvissningen om enhet" I: Varkøy&Guldbrandsen (red. 2004): *Musikk og mysterium. Fjorten essay om grensesprengende erfaring* (Oslo, Cappelen Akademisk Forlag)
- Kyrkjerådet (2010): *Gud gir – vi deler. Plan for trosopplæring i Den norske kyrkja* (Kyrkjerådet, Den norske kyrkja)
- Leganger-Krogstad, H. (2007): "Babysangen i pedagogisk lys" I: Johnsen, E.T. (red.): *Barneteologi og kirkens ritualer. Perspektiver på trosopplæring, barn og konfirmanter* (Oslo, Det praktisk-teologiske seminars skriftserie)
- Løvland, A., Repstad, P. & Tønnessen, E. S. (red. 2013): *Sanselig religion* (Oslo, Verbum)
- Martin, D. (2002): *Christian Language and Its Mutations* (Aldershot, Ashgate)
- Morvik, E. (2013): "Forord" I: Blindheim (red. 2010): *Gynge lite grann. Babysang som trosopplæring* (Oslo, IKO-forlaget)
- Mordal, T. L. (1989): *Som man spør, får man svar. Arbeid med survey-opplegg* (Oslo, Tano)
- Odland, A. M. (2013): "Flertallet av dirigentene i korps og skoleorkestre har en mamma eller pappa til sjef. Problemfritt er det ikke" I: *musikkultur 7/2013* (Oslo, Musikkultur AS)
- Patel, R. og Davidson, B. (1995): *Forskningsmetodikkens grunnlag. Å planlegge, gjennomføre og rapportere en undersøkelse* (Universitetsforlaget, Oslo)
- Rebhahn, M. (red. 2005): *Das Musikschiff 2. Kreative Beiträge für Menschen von 0 bis 100* (Regensburg, ConBrio Fachbuch)
- Repstad, P. & Trysnes, I. (red. 2013): *Fra forsakelse til feel-good. Musikk, sang og dans i religiøst liv* (Oslo, Cappelen Damm Akademisk)
- Seeliger, M. (2003): *Das Musikschiff. Kinder und Eltern erleben Musik. Von der pränatalen Zeit bis ins vierte Lebensjahr* (Regensburg, ConBrio Verlagsgesellschaft)
- Stehouwer, G. (1998): *Musikk mellom liten og stor: musikkaktiviteter for barn 0-6 år og foreldre: hvorfor og hvordan? Lærerveiledning* (Oslo, Norsk musikkforlag)
- Stern, D. (2003): *Spebarnets interpersonlige verden* (Oslo, Gyldendahl akademisk)
- Stuksrud, Y. W. (2010): "Etablering av babysang" I: Blindheim (red. 2010): *Gynge lite grann. Babysang som trosopplæring* (Oslo, IKO-forlaget)
- Sundberg, O. K. (2002): *Musikk og liturgi* (Stavanger, Cantando Musikkforlag)
- Varkøy, Ø. (2003): *Musikk – strategi og lykke. Bidrag til musikkpedagogisk grunnlagstenkning* (Oslo, Cappelen Forlag)
- Varkøy, Ø. (2004): "En stille susen. Tre musikalske erfaringer i en kristen kontekst" I: Varkøy&Guldbrandsen (red.): *Musikk og mysterium. Fjorten essay om grensesprengende erfaring* (Oslo, Cappelen Akademisk Forlag)

Westgård, A. (2010): *Forutsetninger for lederskap av "Musikk fra livets begynnelse"-grupper. Master i kultur- og språkfagenes didaktikk* (Høgskolen i Hedmark)

Årsvoll, G. (2002): *Syng og lek – snakk samme språk. Tilrettelagte musikkgrupper for foreldre og barn 0-3 år, et musikktilbud med utvidet innhold* (Oslo, Universitetet i Oslo)

Lydmedia:

Frelsesarmeens Baby- og Småbarnssang (2002): *Bom Chicka Bom* (Frelsesarmeen)

Frelsesarmeens Baby- og Småbarnssang (2007): *Dirridam* (Frelsesarmeen)

Frelsesarmeens Baby- og Småbarnssang (2010): *Boom Chicka Boom – Amazing and Embracing* (Frelsesarmeen)

Skatrud, A.K. (2009): *Gynge lite grann: babysang og småbarnstrall* (Oslo, IKO-forlaget)

Nettreferansar:

Den norske kirke: <http://www.kirken.no/index.cfm?event=doLink&famId=232>
(14.11.13)

Det Teologiske Menighetsfakultet (a): <http://www.mf.no/index.cfm?id=177812>
(6.11.13)

Det Teologiske Menighetsfakultet (b): <http://www.mf.no/index.cfm?id=177808>
(6.11.13)

Diakonhjemmet Høgskole:

<http://www.diakonhjemmet.no/DHS/content/view/full/10706> (6.11.13)

Musikk fra livets begynnelse (a): <http://www.musikkfralivetsbegynnelse.no/kurs/>
(26.11.13)

Musikk fra livets begynnelse (b)

<http://www.musikkfralivetsbegynnelse.no/medlemmer/informasjo/medlemsfordeler2/> (26.11.13)

Nettbibelen:

<http://www.bibel.no/Nettbibelen?query=JSK6x8syuEKxdo1RTixwmUjleCOOrm3jObIDouxzywDirycq6K22BA==> (2.11.13)

Statistisk sentralbyrå: http://www.ssb.no/kultur-og-fritid/statistikker/kirke_kostraaar/2013-06-19 (14.11.13)

Store norske leksikon: http://snl.no/Guds_rike (14.11.13)

Offentlege dokument:

Kirkemøtet (2004): *Kvalifikasjonskrav og tjenesteordning for kantorer*

Norges Musikkhøgskole (2013): *Studieplan 2013/2014. KAKM Kandidatstudiet i kirkemusikk*

Figurliste

FIGUR 3.1 – GEOGRAFISK FORDELING AV RESPONDENTAR	42
FIGUR 3.2 – LØNA MEDARBEIDARAR I TILTAKA.....	43
FIGUR 3.3 – ULØNA MEDARBEIDARAR I TILTAKA	43
FIGUR 3.4 – OPPSTART AV BABYSONGGRUPPER FORDELT OVER TI ÅR.....	44
FIGUR 3.5 – TAL PÅ BORN PER SAMLING.....	45
FIGUR 3.6 – BABYSONGLEIARAR FORDELT PÅ ALDERSGRUPPER.....	46
FIGUR 4.1 – PEDAGOGISK UTDANNING	54
FIGUR 4.2 – PEDAGOGISK PRAKSIS	55
FIGUR 4.3 – MUSIKKUTDANNING	56
FIGUR 4.4 – MUSIKALSK PRAKSIS.....	57
FIGUR 4.5 – UTDANNING INNAN KRISTENDOM, TEOLOGI, RELIGIONSVITSKAP EL.L.....	58
FIGUR 4.6 – ERFARING FRÅ PRAKTISK ARBEID I KYRKJELYD/KYRKJELEG ORGANISASJON EL.L.....	59
FIGUR 4.7 – FASTE INNHOLD PÅ ALLE SAMLINGAR.....	60
FIGUR 4.8 – VEKTLEGGING AV SONG OG MUSIKK.....	61
FIGUR 4.9 – OPPSTART AV BABYSONGGRUPPER SISTE TI ÅR.....	61
FIGUR 4.10 – KONTINUITET BABYSONGLEIARAR	62
FIGUR 4.11 – GRUPPESTORLEIK.....	62

FIGUR 4.12 – SOSIALE FOKUSOMRÅDE.....	71
FIGUR 4.13 – MUSIKALSKE FOKUSOMRÅDE.....	73
FIGUR 4.14 – MOGLEGHEITER.....	76
FIGUR 4.15 – LEIARROLLA	79

Tabelliste

TABELL 4.1 – OVERORDNA FOKUS.....	63
TABELL 4.2 – KRISTNE FOKUSOMRÅDE.....	66
TABELL 4.3 – KRISTNE INNHOLD	68
TABELL 4.4 – RAMMER.....	69
TABELL 4.5 – SOSIALE FOKUSOMRÅDE.....	70
TABELL 4.6 – MUSIKALSKE FOKUSOMRÅDE.....	73
TABELL 4.7 – MOGLEGHEITER.....	75
TABELL 4.8 – LEIARROLLA	78
TABELL 4.9 – SAMANLIKNING AV FASTE INNHOLD I GRUPPE A, B OG C.....	82
TABELL 4.10 – SAMANLIKNING AV VEKTLEGGING AV SONG OG MUSIKK I GRUPPE A, B OG C.....	83
TABELL 4.11 – VEKTLEGGING AV SONG OG MUSIKK I INFORMASJONEN OM TILTAKET (SAMANLIKNING)	83
TABELL 4.12 – VEKTLEGGING AV SONG OG MUSIKK I GJENNOMFØRINGA AV TILTAKET (SAMANLIKNING)	83
TABELL 4.13 – VEKTLEGGING AV SONG OG MUSIKK I EVALUERINGA AV TILTAKET (SAMANLIKNING)...	84
TABELL 4.14 – VEKTLEGGING AV SONG OG MUSIKK I VIDAREUTVIKLINGA AV TILTAKET (SAMANLIKNING)	84

Vedlegg 1

Informasjonsskriv til alle bispedømmekontora i Noreg (sendt per e-mail 25.10.12)

Til alle bispedømmekontora i Noreg.

Eg er tilsett i ei lita trusopplæringsstilling i Vestfold og held samstundes på med eit mastergradsprosjekt om babysong i trusopplæringa i Den norske kyrkja. I samband med dette ynskjer eg å sende ut eit spørjeskjema til alle som driv med babysong i trusopplæringa i Dnk. Eg har kome til at det enklaste nok er å sende dette via kyrkjevevjene.

Er det mogleg for dykk på bispedømmekontora å sende meg mailadressene til alle kyrkjevevjene i dykkar eige bispedøme? Det ville letta arbeidet mitt mykje, og eg vonar dessutan at resultatata frå prosjektet mitt i sin tur kan koma trusopplæringa til gode.

Med venleg helsing og von om positiv tilbakemelding,

Marie Relling
Øvre Langgate 34
N-3110 Tønsberg

Tlf.: +47 336 11 292
Mob.: +47 900 55 917

Vedlegg 2

Informasjonsskriv til alle kyrkjeverjer (og tilsvarande) i Den norske kyrkja (sendt per e-mail 19.11.12)

Til alle kyrkjeverjer (og tilsvarande) i Den norske kyrkja

Eg er tilsett i ei lita trusopplæringsstilling i Vestfold og held samstundes på med eit mastergradsprosjekt om babysong i trusopplæringa i Den norske kyrkja. I samband med dette ynskjer eg å sende ut eit spørjeskjema til alle som driv med babysong i trusopplæringa i Dnk.

Kan de kyrkjeverjer hjelpe meg ved å sende meg mailadressene til alle som driv med babysong i trusopplæringa i fellesrådsområdet dykkar? Det ville vore eit viktig bidrag til prosjektet, som eg sjølv sagt vonar kan koma trusopplæringa til gode.

Med venleg helsing og von om positiv tilbakemelding,

Marie Relling, student ved Norges Musikkhøgskole

Evt. spørsmål kan rettast til meg (33611292/90055917) eller til rettleiaren min, prof. Øivind Varkøy: 23367276, oivind.varkoy@nmh.no

Vedlegg 3

Spørjeskjema om babysong i Den norske kyrkja (publisert via Enalyzer 21.2.-1.5.2013)

Velkomen til spørjeundersøking om babysong i Den norske kyrkja (Dnk). Alle som driv med babysong eller tilsvarande i trusopplæringa i Dnk blir oppmoda til å ta del i undersøkinga. Resultata frå undersøkinga vil kunne bidra til auka kunnskap om praksisfeltet for babysong i Dnk og i neste omgang koma trusopplæringa til gode.

Etter nokre innleiande spørsmål vil du få spørsmål om rammene for det lokale babysongtilbodet. Deretter følgjer nokre spørsmål om bakgrunnen din. Til slutt blir du beden om å ta stilling til nokre påstandar om mål, innhald, rammer, roller m.m. i forhold til babysong i trusopplæringa og i forhold til Den norske kyrkja som institusjon.

Det tek om lag 20 minutt å svara på undersøkinga. Takk for at du vil bidra til å auke kunnskapen om babysongfeltet i trusopplæringa i Den norske kyrkja!

1. Kor gammal er du?

(Oppgi kun ett svar)

- Under 18 år
- 18-30 år
- 31-45 år
- 46-67 år
- Over 67 år

2. Er du kvinne eller mann?

(Oppgi kun ett svar)

- Kvinne

Mann

3. Driv du eitt eller fleire tiltak av typen babysong/Trill&Trall/Knøttetreff eller tilsvarande innanfor trusopplæringa i Dnk?

(Oppgi kun ett svar)

- Ja.
- Delvis, eg har administrativt ansvar.
- Delvis, eg har ansvar for det musikalske.
- Nei, tiltaket/tiltaka eg driv rettar seg i hovudsak mot eldre born. - Gå til 34
- Nei, tiltaket/tiltaka eg driv er ikkje i regi av Dnk. - Gå til 34
- Nei, kyrkjelyden eg er med i/jobbar i har ikkje trusopplæringsmidlar. - Gå til 34
- Nei, men eg har gjort det tidlegare (meir enn 12 månader sidan). - Gå til 34
- Nei, men eg har gjort det tidlegare (mindre enn 12 månader sidan) og relaterer dei vidare spørsmåla til tidlegare aktivitet.
- Nei, men eg ynskjer å starte med det. - Gå til 34
- Nei, denne mailen må ha kome feil. - Gå til 34

4. Kor mange grupper har du ansvaret for?

(Oppgi kun ett svar)

- 1
- 2
- 3

- 4
- 5
- 6
- 7
- 8
- 9
- 10 eller fleire

5. Kva nemning har tiltaket/tiltaka du har ansvar for?

(Oppgi kun ett svar)

- Babysong
- Trill&Trall
- Knøttetreff

Anna (utdjup under)

Ordbrukssavklaring

I resten av undersøkinga vil nemninga "babysong" og eintalsforma "tiltak" bli brukt. Dersom du har ansvar for fleire grupper, relaterer du dei neste spørsmåla til den største gruppa. Utover i spørjeundersøkinga blir heilskapstenkinga viktigare.

6. Kva fylke ligg babysongtiltaket du driv i?

(Oppgi kun ett svar)

- Akershus
- Aust-Agder
- Buskerud
- Finnmark
- Hedmark
- Hordaland
- Møre og Romsdal
- Nordland
- Nord-Trøndelag
- Oppland
- Oslo
- Rogaland
- Sogn og Fjordane
- Sør-Trøndelag
- Telemark
- Troms
- Vest-Agder
- Vestfold
- Østfold

7. Kor lenge har dette tilbodet fanst?

(Oppgi kun ett svar)

- Under 1 år
- 1 inntil 2 år
- 2 inntil 3 år
- 3 inntil 4 år
- 4 inntil 5 år
- 5 inntil 6 år
- 6 inntil 7 år
- 7 inntil 8 år
- 8 inntil 9 år
- 9 inntil 10 år
- Meir enn 10 år
- Veit ikkje

8. Kor lenge har du hatt ansvaret for dette tilbodet?

(Oppgi kun ett svar)

- Under 1 år
- 1 inntil 2 år
- 2 inntil 3 år
- 3 inntil 4 år

- 4 inntil 5 år
- 5 inntil 6 år
- 6 inntil 7 år
- 7 inntil 8 år
- 8 inntil 9 år
- 9 inntil 10 år
- Meir enn 10 år
- Veit ikkje

9. Er tilbodet eit tidsavgrensa eller eit kontinuerleg tiltak?

(Oppgi kun ett svar)

- Tidsavgrensa
- Kontinuerleg

Veit ikkje (utdjup under)

10. Er du løna eller uløna medarbeidar?

(Oppgi kun ett svar)

- Løna
- Uløna

Anna/usikker (utdjup under)

11. Kor mange born har det vore pr. samling dei siste 12 månadene (evt. sidan oppstart)? Anslå eit omtrentleg gjennomsnitt.

(Oppgi kun ett svar)

- 0-1
- 2-3
- 4-5
- 6-7
- 8-9
- 10-11
- 12-13
- 14-15
- 16-17
- 18-19
- 20 eller fleire
- Veit ikkje

12. Kva for nokre av desse innhalda går att på alle babysongsamlingane du leier? Set fleire kryss om naudsynt.

(Oppgi gjerne flere svar)

- Kristne songar
- Frilynte songar
- Dans/rørsle til musikk

- Musikk til å lytte til frå innspela medium
- Musikk til å syngje til frå innspela medium
- Spel på instrument v/meg som leiar
- Spel på instrument v/deltakarane (born og/eller vaksne)
- Forteljingar frå Bibelen
- Fri leik
- Felles måltid
- Samtale om tru
- Erfaringsutveksling (vedr. mating, barnesjukdomar, soving etc.)
- Bli kjent-leikar
- Andakt/forkynning
- Velsigning
- Bøn
- Ljostenning

Andre (utdjup under)

13. Finst det babysong eller tilsvarende i geografisk tilgrensande kyrkjelydar?

(Oppgi kun ett svar)

- Ja

Nei

Veit ikkje

14. Korleis blir song og musikk vektlagt i tiltaket i forhold til andre innhald?

(Oppgi kun ett svar pr. spørsmål)

	Sterkt	Over middels	Middels	Under middels	Svakt	Veit ikkje
- i informasjonen om tiltaket?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
- i gjennomføringa av tiltaket?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
- i evalueringa av tiltaket?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
- i vidareutviklinga av tiltaket?	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Ynskjer du å kommentere dette, kan du gjera det her:

15. Kor mange løna medarbeidarar driv eller medverkar i tiltaket?

(Oppgi kun ett svar)

- 0
- 1
- 2
- 3
- 4
- 5 eller fleire
- Veit ikkje

16. Kor mange uløna medarbeidarar driv eller medverkar i tiltaket?

(Oppgi kun ett svar)

- 0
- 1
- 2
- 3
- 4
- 5 eller fleire
- Veit ikkje

Du blir no beden om å krysse av for kva slags kvalifikasjonar du og andre medarbeidarar som driv tiltaket lokalt, har. Det er den samla kompetansen som blir etterspurt, så det er mogleg både å velja fleire svaralternativ pr. spørsmål og å kommentere etter kvar spørsmålsdel.

17. Pedagogisk utdanning:

(Oppgi gjerne flere svar)

- Folkehøgskule
- Kurs i regi av IKO, FMLB el.l.
- 1-2 års høgre utdanning
- 3-4 års høgre utdanning
- 5-6 års høgre utdanning
- Ingen

Andre (utdjup under)

18. Erfaring frå pedagogisk praksis:

(Oppgi gjerne flere svar)

- Oppseding av egne born
- Erfaring frå friviljug arbeid
- Praksis frå betalt arbeid
- Ingen
- Veit ikkje

Andre (utdjup under)

19. Musikkutdanning:

(Oppgi gjerne flere svar)

- Vgs. musikklinje
- Folkehøgskule
- 1-2 års høgre utdanning
- 3-4 høgre års utdanning
- 5-6 års høgre utdanning
- Ingen
- Veit ikkje

Andre (utdjup under)

20. Erfaring frå musikkpraksis:

(Oppgi gjerne flere svar)

- Musikkopplæring i barneår (musikk-/kulturskule, privat, korps el.l.)
- Erfaring frå friviljug arbeid
- Erfaring frå løna arbeid
- Veit ikkje

Andre (utdjup under)

21. Utdanning innan teologi/kristendom/religionsvitskap el.l.

(Oppgi gjerne flere svar)

- Bibelskule el.l.
- 1-2 års høgre utdanning
- 3-4 års høgre utdanning
- 5-6 års høgre utdanning
- Ingen
- Veit ikkje

Andre (utdjup under)

22. Erfaring frå praktisk arbeid i kyrkjelyd/kyrkjeleg organisasjon el.l.

(Oppgi gjerne flere svar)

- Sundagsskulelærer el.l.
- Lekpredikant el.l.
- Tilsett i løna kyrkjeleg stilling
- Veit ikkje
- Ingen

Andre (utdjup under)

Du vil no få presentert nokre påstandar. I nokre tilfelle blir du beden om å rangere påstandane ut ifrå kva du meiner er viktigast. I andre tilfelle skal du ta stilling til einskildpåstandar og seie kor samd du er i desse. Bruk gjerne feltet for egne kommentarar der slikt felt finst.

****23. Dei fyrste påstandane handlar om overordna fokus. Klikk fyrst på kvar påstand, bruk deretter pilsymbola til høgre for å gjera endringar i rekkjefølgja. Sorter påstandane i synkande rekkjefølgje, slik at det som er viktigast for deg, kjem øvst.**

(Foreta en prioritering med tallene fra 1-7, hvor 1 er best)

Babysong i Dnk skal skapa trivsel. _____

Babysonggruppa i Dnk skal vera ein arena for estetiske opplevingar. _____

Babysong i Dnk skal formidle kristen tru i praksis. _____

Det er viktig å motivere til trusopplæring i heimen. _____

Det er viktig å byggje nettverk. _____

Babysong i Dnk skal formidle kyrkja sin kultur og tradisjon. _____

Babysong i Dnk er rekruttering for å få fleire til å gå i kyrkja. _____

****24. Dei neste påstandane handlar om kristne fokusområde. Klikk fyrst på kvar påstand, bruk deretter pilsymbola til høgre for å gjera endringar i rekkjefølgja. Sorter påstandane i synkande rekkjefølgje, slik at det du er mest samd i, blir ståande øvst.**

(Foreta en prioritering med tallene fra 1-7, hvor 1 er best)

Å be saman er viktig på
babysongsamlingane.

Babysong som trusopplæring formidlar
ånedeleg nærvere.

I babysonggruppa får born og vaksne høve
til å møte den treeinige Gud.

Babysong som trusopplæring heng nært
saman med dåp.

På babysongsamlingane blir born og vaksne
hylla inn i godleik og heilagdom.

Babysongsamlingane kan sjåast som ei
gudsteneste for born.

Babysong i trusopplæringa anerkjenner
ulike åndelege identitetar.

****25. Dei neste påstandane handlar om kristne innhald. Klikk fyrst på kvar påstand, bruk deretter pilsymbola til høgre for å gjera endringar i rekkjefølgja. Sorter påstandane i synkande rekkjefølgje, slik at det du er mest samd i, kjem øvst.**

(Foreta en prioritering med tallene fra 1-7, hvor 1 er best)

Fader Vår og truedkjeninga er sentrale
element i babysongsamlingane.

Det doble kjærleiksbodet (Matt 22,37-40)

blir formidla gjennom babysongsamlingane.

Den lokale trusopplæringsplanen er utgangspunkt for val av innhald.

I babysonggruppa får borna kjennskap til den treeinige Gud.

Skaparverket står i sentrum på babysongsamlingane.

Sjølve kunstuttrykka som skaparverket inneheld (dans, song, musikk, bildande kunst etc.), blir gjennom babysong som trusopplæring feira som Guds gode gåver til menneska.

Verbal formidling er viktig på babysongsamlingane.

26. Dei neste påstandane handlar om meir generelle aspekt samt sosiale fokusområde. I kva grad meiner du desse stemmer for ditt lokale babysongtilbod?

(Oppgi kun ett svar pr. spørsmål)

	Veldig	Over middels	Middels	Under middels	Lite	Veit ikkje
Å leike saman er viktig på babysongsamlingane.	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Babysong som	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

trusopplæring står i sammenheng med lokale planar for t.d.

kyrkjemusikk, diakoni, gudstenesteliv el.a.

På

babysongsamlingane ligg fokuset på barnet sitt beste.

Borna får full merksemd frå foreldre/føresette når dei er på babysongsamling.

Nettverksbygging i nærmiljøet står sentralt.

Kontakt og samspel med andre born og

vaksne står
sentralt.

Babysong
som
trusopplæri
ng fyller
kravet om
tilpassing
til alle,
uansett
funksjonsni
vå.

<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------

Ynskjer du å kommentere påstandane el.a. med eigne ord, kan du gjera det her:

27. Du får no presentert nokre påstandar om musikalske fokusområde. I kva grad tykkjer du desse speglar det lokale babysongtilbodet?

(Oppgi kun ett svar pr. spørsmål)

	Veldig	Over middels	Middels	Under middels	Lite	Veit ikkje
Babysong som trusopplæri ng formidlar sentrale salmar knytte til høgtidene.	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Topp musikalsk	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

kvalitet er
viktig i
babysong
som
trusopplæri
ng.

Syngjeakti
vitet,
fellesskap i
leik, dans
til
(djuptgripa
nde)
musikk etc.

kan gje
born
erfaringa
av å vera
ein dyrebar
skatt og eit
meisterver
k frå
Skaparen
si hand.



Å syngje
saman er
viktig på
babysongs
amlingane.



Musikken
som
nyttast på
babysongs
amlingane,
har ein



eigenverdi
og er
dermed eit
mål i seg
sjølv.

Babysong
som
trusopplæri
ng er ein
musisk
aktivitet
(med vekt
på
barnet/me
nnesket,
leik, song,
dans, det
opphavlege
etc.).

Song og
musikk er
eit middel
til
forkynning
(underordn
a Ordet).

Ynskjer du å kommentere påstandane el.a. med eigne ord, kan du gjera det her:

28. Her kjem nokre påstandar om moglegheiter knytte til babysong som trusopplæring. I kva grad meiner du at påstandane stemmer i forhold til det lokale babysongtilbodet du har ansvar for?

(Oppgi kun ett svar pr. spørsmål)

	Veldig	Over middels	Middels	Under middels	Lite	Veit ikkje
Babysong som trusopplæri ng gjev born høve til å uttrykkje seg sjølv, uttrykkje tru, tvil, tilbeding, glede og/eller klage.	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Innhaldet i babysongs amlingane ser ut til å gje reiskapar til å praktisere tru heime og i kyrkja.	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Gjennom babysong som trusopplæri ng får deltakaran e ein	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

inngangspo
rt til rett
tru.

Babysong

som

trusopplæri

ng gjev

høve til å

dele tru og

liv.

Babysong

som

trusopplæri

ng ser ut til

å byggje

religiøs

identitet og

tilhøyrsl.

Musikalsk

og kulturell

aktivitet er

ei god

ramme for

opplæring i

kristen tru.

Kyrkjerom

met som

kontekst

gjev

babysonge

n viktige

dimensjona

r.

Ynskjer du å kommentere påstandane el.a. med egne ord, kan du gjera det her:

****29. Dei neste påstandane handlar i hovudsak om rammer. Klikk på kvar påstand, og bruk pilsymbola for å byte om på rekkjefølgja. Sorter påstandane i synkande rekkjefølgje, slik at det som er viktigast for deg å vektleggje i arbeidet ditt, kjem øvst.**

(Foreta en prioritering med tallene fra 1-8, hvor 1 er best)

Læring bør skje i fellesskap. _____

Samvera bør ha ein fast "liturgi". _____

Ein bør ta i bruk alle sansar i læringsprosessen. _____

Leiaren bør vera personleg eigna. _____

Leiaren bør ha formell utdanning. _____

Babysongsamlingane bør vera fleksible og ha rom for improvisasjon. _____

Det musikkpedagogiske opplegget bør vera av topp kvalitet. _____

Kyrkjemusikaren bør vera sentral ibabysong som trusopplæring. _____

30. Du vil no få presentert nokre påstandar om leiarrolla. I kva grad passar desse til deg som leiar av babysong i trusopplæringa i Dnk?

(Oppgi kun ett svar pr. spørsmål)

Veldig	Over middels	Middels	Under middels	Lite	Veit ikkje
--------	-----------------	---------	------------------	------	------------

Som leiar
stiller eg
store krav
til meg
sjølv.

<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------

Eg har
kunnskap
om born
sine
utviklingsst
adium.

<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------

Som leiar
greier eg å
kommunise
re på ein
måte som
verkar å
passe både
born og
vaksne.

<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------

Eg
reflekterer
jæmnleg
over mitt
eige
opplegg og
mine egne
prestasjon
ar.

<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------

Eg er open
for
impulsar
frå gruppa.

<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------

Eg har spesialkompetanse på babysongfestivaler.

<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------

Som leiar jobbar eg støtt med oppgåver som borna og dei vaksne kan meistre med litt hjelp.

<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------

Ynskjer du å kommentere påstandane el.a. med eigne ord, kan du gjera det her:

31. Til slutt nokre påstandar om overordna strukturar. I kva grad stemmer desse utsegnene overeins med di oppfatting av i Den norske kyrkja i dag?

(Oppgi kun ett svar pr. spørsmål)

	Veldig	Over middels	Middels	Under middels	Lite	Veit ikkje
Medlemmene i Den norske kyrkja i dag har stor makt over institusjone	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

n.

Medlemma
ne i Den
norske
kyrkja i
dag har
stor
innflyting
på
babysongo
mrådet i
trusoplæri
nga.

<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------

Organisasj
onsstruktur
har lite å
seie for
babysong i
trusoplæri
nga i Den
norske
kyrkja i
dag.

<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------

Verbalsprå
ket som
nyttast i
Den norske
kyrkja, kan
verke
framandgje
rande på
mange i
dag.

<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------

Musikken

<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------	--------------------------

som
nyttast i
Den norske
kyrkja, kan
verke
framandgje
rande på
mange i
dag.

Den norske
kyrkja i
dag har
stor makt
over
medlemma
ne.

Den norske
kyrkja som
institusjon
har stor
innflyting
på
babysongo
mrådet i
trusopplæri
nga.

Ynskjer du å kommentere påstandane el.a. med egne ord, kan du gjera det her:

32. Er det noko du ynskjer å leggje til anten om babysong generelt eller om det lokalet tilbodet spesielt?

33. Er det noko ved denne undersøkinga du ynskjer å kommentere (t.d. temaet/innhaldet/forma/språket/lengda)?

Hjarteleg takk for at du tok deg tid til å fylle ut skjemaet! Bruk piltasten for å sende inn svara dine.